

Naar det gjeld minre fraa okkupasjons-aara, so maa dette nødvendigvis verta ei delvis lis-soga for den som skriv, og vil soleis verta eit oppdrag som dei fleste vil vera takksame for, om dei vil vera heilt ut ærlege.

Og den veiledning med emmelista som er utsendt tykkjест meg og god. Men i tillegg til det som der er nemdt, vil det for min del vera høvelegt med litt oplysning om forspelet til 9 april.

-Ettersom eg er fødd den 12 nov. 1910 kann eg hugsa eindel fraa dei politiske motsetnader me hadde her i landet i 1920 Og 1930 aara. Me hadde nokk daa den største arbeidsløtsa me nokon-gong har havt her i landet. For ein ungdom var det radt uraad aa tenkja paa aa faa arbeid i det heile, om du daa ikkje var so heldig aa haa "bispen til morbror" som det heitte. Dei faa arbeidsplasserne som fannst maatte gaa til familieforsøgarar. Baade dei private og det offentlige meinte dei var pengelause. Og dei politiske motsetnaderne var store. Fyrst i 30 aara kom Hitler til makta i Tyskland, og tok om ikkje lenge til med ei storstilt opprustning. Her i Norge fekk me omtrent samtidigt regjeringa Nygaardsvold utgaatt fraa Arbeiderpartiet. Dei hadde vilje og forsøkte aa retta paa det verste her hjaa oss. Til kystkommunane vart det gjeve ekstra løyvingar paa ymse områader. Millom anna fekk me ei ordning der dei som stod ~~xxx~~ i fiskarmantalet kunde faa 90% laan og 10% direkte tilskot til nye baatar gjennem fiskarbanken. Og i mange kystkommunar var det mange som nyttar seg av dette. Og la grunnen for seinare utvikling like til vaare dagars ringnotrederier. Men i gamle Fjelberg som daa var eigen kommune vart denne ordninga direkte sabotert. Plakatar og søknadsskjemaer vart liggjande i ei utgamal kista like til 1943. So ingen fekk vita om at denne ordninga ogsaa ~~gjekk~~ gjaldt for oss. So ingen her fekk godt av denne ordninga. Eg kjenner heller ikkje til at nokon i daaverande Kvinnherad fekk seg baatar etter denne ordninga. Om dei styrande der ordna seg paa same maaten som i Fjelberg kjenner eg ikkje til? So tilhøva for ungdom i kyststroka var lite oppløftande.

Sume ordna seg til med litt fiskeredskapar, so som teiner for aal og hummar, garn og ruser oa. Men det var sers "mange om beinet" og lite aa faa. Paa det meste var det over 130 tus. som stod i fiskarmantalet. Underteikna var ein av dei.

-Før krigen var det og lite med veier og mest ikkje ferjer. Representantane for dei største firmaer i byarne hadde derfor baatar som dei reiste rundt og besøkte kundarne sine med. Dei sokalla handelsreisande. Handelsmann Johs. Silseth her i Toftevaag var so framsynt at han bygde om ein kutter han hadde til slikt bruk. Den var 56 fot lang, og soleis ein av dei største i denne "bransjen". I 1933 var eg so storheldig at eg vart tilbydt jobben som skipper paa denne baaten. Det var ein sokalla "avundsjobb" som eg sjølsagt tok mot med takk. Me hadde fast jobb for Mustad & sön, og trafikerte kysten fraa Stavanger og langt nordover. Det var ein interessant jobb. Me gjekk seinare over til manufaktur som gav betre lønsomhet.

-Paa grunn av dette vart eg godt kjendt med firma Jonas Øglend i Sandnes. Og eg oppnådde aa faa skriftleg avtale med han at dersom eg kunde skaffa meg ein ny handelsreisande-baat, skulde eg faa fast jobb hjaa Øglend heile aaret, og faa 10% høgare betaling enn det som var vanlegt paa den tid. ~~xxx~~

Etter mest endelaust "trøbbel" med gamle Fjelberg kommune og Eid Sokn sparebank, heilt utan resultat, greiddet eg aa fått meg private laan, slik at eg fekk kjøpt ein ny 50 fots handelsreisande-baat, og tok til i fart for Jonas Øglend i Sandnes.

Dette var ein intresannt fart. Me heldt oss mest i Sunnhordland og Hardanger. Og eg tykte eg gjorde det godt økonomisk. Om kveldarne laag me stødt med kai hjaa ein eller annan handelsmann. Og me vart godt kjende med folk mest alle stader. Det møtte fram paa kaiarne mange bygdefolk. Dei var svert interesserte i utviklinga ute i Europa. Men og det som laga seg til her heime. Rett mange var lite blide paa paa dei som gjekk i tog i Oslo med det "avbukne Gevær" som samlingsmerke. Baade forsvarminister Monsen og vaar seinare "landsfader" Einar Gerhardsen hadde vore med paa dette. Og Nygaards & Co. vart kraftigt kritisert av mange og stempla som ~~utemotokkspolitisk~~ utenrikspolitiske analfabetar.

Personlegt vart eg meir og meir betenkta over utviklinga, etterkvart eg fekk høyra om forhandlingane millom Hitler og Chamberlain.

-Men ettersom eg las i avisene at dei store samlingane av Tanks som Hitler viste fram ved sine store "manøvrar" dei var for det meste av papp, so tok eg det litt rolegare. Men var ikkje overtydd. Eg viste og at om det vart krig vilde eg mista den gode jobben eg hadde, paa grunn av varemangel.

Fyrste vika i april ~~xxx~~ 1940 var me paa "tokt" rundt i Sunnhordland. Eg kann godt hugsa at serlegt ein kveld me laag i Etne var det mange folk paa kaien som paa det grovaste kritiserte vaar daaveraande regjering Nygaardsvold for at dei i aarevis hadde sabotert vaart norske forsvar, og marsjert under det "avbukne Gevær". Og for at dei endaa fyrste veka i april 1940 ikkje tyktest skjøna alvoret i det som var paa gang like rundt strenderne vaare. Ikkje eingong hendingane i Jøssing-fjord tyktest kunna opna augo deira. Sverige hadde forlegt mobilisert og sett i krigsberedskap betydelige styrkar.

-Om kvelden den 8 april laag me med kaien til handelsmann Helge Helvik i Herøysund her i ~~xx~~ Kvinnherad. Helvik var ein gammal sjømann og var kjendt for aa vera "frisk" i kjeften. Baade han og kona Konstanse var paa ettermiddagen ombord i baaten vaar og gjorde innkjøp, - meir enn vanleg paa grunn av krigsfaaren som Helge hadde stor frykt for. -Han gav samtidig Regjeringa "det glatte lag". I denne tida hadde me radioen staa-ande paa heile tida. Og i halvsju-tida(?) fekk me høyra at det utanfor Kristiansand var berga opp tyske soldatar i full uniform, --- som hadde forklart at dei var paa vei til Norge, - for aa hjelpe oss med forsvaret mot Engelskmennene som vilde hersetja Norge. Baade Helvik og kona og oss andre som høyrde denne meldinga var heilt overtydde om at me etter nyhetene vilde faa opplese melding om almindelig mobilisering i Heile Norge. Og me vilde ikkje trur oss sjølve, og var heilt oppgide naar slik melding ikkje kom. For det gjorde ho altsaa ikkje, - hverken den kvelden eller seinare. Me sat oppe lenge den kvelden og hadde rad. En paa heile tida. Men ingen mobilisering. Komentarane er ikkje eigna for offentliggjering. Men det var einighet om at Utemrikspolitiske annalfabetar var ein rett betegnelse paa dei som hadde makta i landet.

Det vart seine kvelden for me "køya" oss den kvelden. Og daa me slo paa radicen om morgonen fekk me høyra at mest heile sør-Norge var hertekne. Me høyrde og duren av fly borte ved Seløya. Det skulde vera eitpar norske torpedobaatar der burte. Men noko serlege krigshandling høyde me daa ikkje noko om derfraa.

At stemningen var "laber" ombord i "M.S. Toftøy" som baaten min heitte er sjølv sagt altfor mildt sagt. Den var heilt paa botnen hjaa oss alle tre, og me var i "villrede" om kva me skulde gjera. Tønnesen som agenten vaar heitte, fekk omsider telefonera til firmaet, og fekk daa beskjed om aa koma heim til Sandnes intil so lenge.

Me gjekk daa med "Toftøy" heim her til Toftevaag. Alle prøverne me hadde i hyller ombordi baaten vart pakka ned i ll sylinder koffertar me altid hadde paa dekket. Dei vart avlaaste og sette opp paa sjøhuset vaart her ved Toftevaag. Agenten kom seg paa eit eller anna vis heim til Stavanger der han budde.

-Og for min part var eg noksaa "utslaatt" som det heiter. Eg viste lite kva eg skulde taka med til med. Det vart ikkje stort anna enn aa sitja heime aa høyra etter nyheter i radio. Men og rykter tok smart til fløyma over landet. Fyrst og fremst det at engelsmennene om ikkje lenge vilde koma aa jaga tyskerane fraa landet. Men so fekk meg høyra korleis det bar til der som engelsmenn alt var komne. Og franskmennene. Og korleis det utvikla seg der ~~xxxgjxxgjxxgjxx~~ det vart gjort motstand. Det heile høyrdest vonlaust ut, - og det var det faktisk.

Serlegt meldingane om kor lett Bergen vart teken gjorde oss skremde. Det kom nokre tyske krigsskip sakte utenfor Kvarven der det skulde verte topedobatteri som lett kunde sekkja kva skip som helst. Og etter avtale vart det skote med kanoner fraa Hella paa nordsida av byen. Men svaret fraa Kvarven kom aldri, ---- og det paa grunn av at viktidelar til avfyringsmakanismen var lagra paa Marineholmen i Solheimsviken. So falt Bergen so aa segja "utan sverdsdag". Men det falt nokre mann paa Hella, etter at dei hadde skote mot tyskerane.

Litt meir oppløftande var det at Blucher vart søkt ved Drøbak, og at dei tyskerane som skulde ta seg av Nygaardsvold regjeringa drukna der, slik at regjeringa fekktid til aa koma seg unda.

Seinare har det "kome for ein dag" at det var N.S. mannen Birger Eriksen som gjorde dette, paa eige initiativ. (Han har dverre endaa ikkje faatt sitt minnesmerke, men det kjem nokk, naar alle "Riddaran av det brukne gevær" er komne under torva). Dette var nokk utan samanlikning den største "bragd" som var gjort under heile krigen. Me høyrdet og sjølv sagt meldingaren om utviklinga fraa heile landet, daa serlegt sørnorge, og ikkje mindst fraa Ulvik som vart mykje øydelagt. Om eg ikkje hugsar feil var 9 april paa ein Tirsdag, og det gjekk ikkje betre en at me ved slutten av veka skjøna vidare motstand var nyttaus, tyskerane hadde so aa segja herredøme over heile Sørnorge. Personleg fekk eg etter nokre dagar melding fraa eit eller anna innrulleringskontor at eg berre skulde avventa "nerma ordre". Den har ikkje kome til denne dag. Eg var og noko urolig for kor eg skulde faa pengar fraa til aa betala avdrag paa den gjelda eg hadde paa baaten min, og som no laag ved kai, - utan inntekt. Men det synter seg aa vera uro utan grunn. Det hadde nemlig vorte til at mest all sjøveis trafikk var innstilt, slik at Halsøy var heilt isolert. Og smaabrukarn og bønder fekk ikkje selt sine produkter.

Fleire av handelsmennene, med Andr. Tofte i spissen leide meg til aa gaa til Fjæra, med ein god del, for det meste landbruksvarer som slaktar Melkeraaen fraa Odda skulde koma dertil aa henta.

Me tok vararne ombord i Toftevaag og tok paa vei mot Fjæra. Fleire Halsøybuar var med, og sjølv sagt Andr. Tofte som hadde ordna med dette. ~~xxxxxx~~ Dette var fyrste søndagen etter 9 april, og det var innover fjorden. Etter ca. 4 timer la me til kai i Fjæra.

Det synter seg daa at det var stasjonert norske soldatar i Fjæra. Dei hadde plassert ein kraftig dyramittladning i kaien der, som skuld brukast til taka mot eventuelle tyske soldatar ned, og det som verre var, --- dei hadde faatt telefonisk melding om at var ein kutter full tyskerar paa vei inn fjorden, og ---- dei hadde stade med firgeren paa utløysaren for ladningen, som skulde gaa av so snart dei saag den fyrste tyskaren. Det var nokk berre eit "lukketreff" at me ikkje alle "strauk med" den gongen. Ladningen var so kraftig at me hadde faatt heile den steinkaien som staar der enno, ombord i baaten, og det hadde nokk knapt rekogn overlevd.

Det var ein vaktpost som var plasert noko lenger ute i Fjorden som hadde sendt melding om oss til Fjæra. (Vistnokk ved Kyrping) Men me bærga ~~xxx~~ altso sovidt livet, og Melkeraaen kom med lastebil frå Odda og tok seg av alle varene som dei var taksame for der inne. Han betalte kontant altsaman. Eg har hverken før eller seinare sett nokon haft so tjukk setlabok. Han bar henné heilt inne paa bringa, noko eg fann svært so rimelegt. Melkeraaen var og interessert i meir levering frå Halsnøy, og me vaiderfor ogsåsaa veka etter ein liknande tur til Fjæra med mykje varer ti Oddabuen. ~~xxx~~ Paa denne turen var burte paa Sunde. Der laag "Hordaland" med ca. 1600 kassar apelsiner ombord, som var bærga frå ein nedbomba baat ved krigshandlingane i Ulvik. Me fekk ombord i vaab baat eindel av den fangsten, og etter ordre frå Kaptein Kvamme paa Hordaland gjekk me opp paa alle stader me fann brykande kai og la opp ein kasse appelsi til fri avhenting. Dei vart nokk mottekne med takk.

Eg fekk bra betaling for slike turar, som eg fekk mykje meir av enn eg kunde rekna med. Eg var soleis til Halhjem og henta varer til dei handlande paa Halsnøy. Daa sjølvsagt med bil frå Bergen. Eg kann hugsa at me var litt spente paa kosleis tyskerane rundt byen vilde taka mot oss. Men det vart ingen vanskar. Men paa ei bru ved Vestun stod den mindste mann eg har sett i uniform, men eit "sabla" maskir- gevær hadde han. Elles saag han noksa uskjyldig ut.

Det vart altso nokk aa gjera for meg med beaten, so økonomiske vanske fekk eg ikkje. Eg gjorde soleis to turar til Fjæra etter oppdrag frå daaveraende lensman J. Johnsen. Eg henta heim dei som hadde vore vore med i krigen forsjellige stader, og leverte dei paa heimstaderne sine. Paa eine turen hadde eg millom andre ogsåsaa med daaveraende stortingsmann Knut Markhus som var kome seg over fjellet til Fjæra. Han stod i styrehuset med meg heile turen paa fire timer til Halsnøy. Eg trur eg kann segja at me daa hadde ein heller alvorleg samtal omstyr og stell her i lardet. Og me var heilt ut einige om at Partiet sin "avbruke gevær" politikk hadde vore den fulkomne "fiasko". Ved ein anna Fjæratur fekk eg og med utover fjorden daavera Stortingsmann Haldor Haldorsen. Ettersom han var min personlege ven frå dei aara eg var skipper paa Silseth sin handelsreisande-baat og gjekk for Wallendahl i Bergen, so gjekk eg heilt til Rubbestadneset med han, og var oppe med han og aat kveldsmat der. Han var ein hard kar, og var mykje arg, og ikkje berre paa tyskerane.

Den før nemde Andr. Tofte som var ein av dei handlarde i Toftevæg, var ein av dei som var førebudd paa at det kunde verta krigshandling ogsåsaa i Norge. Han hadde derfor kjøpt inn eit heller stort varelager. Og daa serlegt mykje mjølvarer ettersom han og dreiv bakeri.

Men dette hadde dei andre bakarar og handlarde paa Halsnøy ikkje ryg seg med. Og so utvikla det seg slik at ein dag ikkje lenge etter 9 april, kom for-mannen i Fjelberg Forsyningsnemd saman med dei andre nemda, til Andr. Tofte for aa beslagleggja varelageret hans. Og daa sjølvsagt med den baktanke at ogsåsaa dei andre handlande paa Halsnøy skulde ha gagn av Andr. Tofte sitt framsyn. Det er lett skjønelegt at Andr. Tofte sette seg kraftigt i mot dette. Og det utvikla seg til noksaa stygt sokalla "Kjeftbruk". Serlegt Wils H. Sjo merkte seg ut i somaate. Men noko slags "haandgripeligheter" var det likevel ikkje utsikt til, daa burset frå at ein av sambygdingane mine, sa til meg som var tilstades, -- "ta og skamslaa den fyren". Men slikt kom daa likevel ikkje paa tale. Og noko beslag vart det ikkje av dette besøket. Men Andr. Tofte hjelpte mange ~~xxx~~ med brødvarer i tida som kom. -Serlegt landhandlaren paa Øyro i Aakra var mykje taksam for dette. Det laga seg og slik at det ~~Halsnøy~~ til Halsnøy kom ein kutter og delte ut Dansk rokkefaar-ost, paa same

maaten som me hadde delt ut appelsiner. Eg kann hugsa at me hadde eitpar store ostar i Kjellaren i lang tid. So appelsiner og rokkefaar-ost var inga mangelvara paa lang tid. -Me dreiv og eindel med "hamstring" av forskjellige ting som me meinte det vilde verta mangel paa. Sukker og kveitemjøl og kaffi var me "glo" etter. For 10 kr. aaret fek eg laana eit ca. 800 rtm. jordstykke av bror til far min. Paa dette avla eg nokk poteter og grønsaker til familiemin like til krigen var slutt. Eg hadde og nokre berbuskar der, Og serlegt ein aar fekk me my tomater paa friland der, - helst ein god avling. Me hadde og rikelegt med fisk og sild under heile krigen. Dette skaffa me oss sjølve. So noko svolt kann me ikkje kalla det slik me hadde det. Men noko einsformigt var det nokk. Men sjølv kjøt hadde me nokk av, som eg seirare skal koma tilbaketil.

- Men mijølk det sakna me. Det var det varskelegt aa faa noko av i det heile. Ho vart nokk mest muligtil smør, som gjekk paa "svarte børsen". Men smør paa "svartebørsen" det kjøpte me aldri underheile krigen, - det var altfor dyrt. Me klara oss med det fekk kjøpt paa lovleg maate, og so brukte me eindel fiskelever, det var baade god sunn kost. - Det kann her høva aa nemna at handelsmann Silseth her i Toftevaag, millom anna ogsaa hadde ein 70-80 utegangsauer i den sokalla Toftemarka her paa Halsnøy. Om virtrane gav han dei mat i ei utløe han hadde i den sokalla Gjerdesvik. Det var sildeavfall fraa sardinfabrikken her i Toftevaag med mykje melasse attaatt, - og so høy. Men det var lite glæda han fekk av dette, ettersom det ved fredsutbrotet ikkje fannst ein einaste att i skogen, endaa han sjøl berre hadde teke heim nokre faa stk. Men det var fleire ~~xx~~ som fekk mange saueskinn med hovudet paa, i brislingrøterre om sorrane.

--Den uroa som dei fleste hadde i den fyrste okkupasjonstida, om mangel paa arbeid den gav seg heller snart. Og det kom rykter om at tyskerane tok inn arbeidarar i hundre og tusenvis, og sette dei i gang med festningsanlegg rundt i heile Norge. Soleis paa Stord, Titelnes, paa Sletta, paa neset millom Etne og Ølen. Paa Osterneset og Korsneset osv. Paa Herdla var det ca. 2000 bergensarar som bygde ein stor flyplass. Og tyskerarne hadde ingen vanskar med aa faa folk dei vilde. Det vart heller ingen vanskar med aa faa fram sand og andre ting til anlegga deira. Me høyrde snart at baade hir og de var reist paa tyske anlegg. Og alle handelsreisande- baatarne tok jobb med aa føra folka att og fram til anlagga. Det gjekk ofte paaskift, so det vart mykje transport av folk, - att og framm. Det vart ikkje spart paa noko. - Det var snart berre min baat som ~~xxxxxx~~ ikkje var i tysk fart.

- Søndagsskulelærar Georg Landa her, hadde ei stor svenske-skjøyte. han var den fyrste som tok til med aa transporterar sand til dei tyske anlegga paa Osterneset og Korsneset. Hemry Eide eigde saman med brørne sine ein heller stor fraktebaat som heitte "Diamant". Den kom snart i tysk fart. Torbjørn Fjelland som var skipper paa baaten har fortalt meg at dei ofte hadde med seg, baade kanoner og ammusjon, - og alt mulig anna til den tyske "verremakt". Dei heldt seg mykje i nærleiken av Stadt. Elles vart so aa segja alle av dei smaa fraktebaatarne paa kysten i tysk teneste. Og det var nokk ogsaa dei større.

Etterkvart som samferdsela og rutebaatarne kom i fart, vart det slut med dei turarne eg hadde med min baat. Men det passa noksaa godt, for den 9 mai fekk eg ordre fraa Øglend i Sandnes at eg skulde taka vare-prøverne ombordi baaten min, og koma til Sandnes for aa henta Agent Tønresen, og so skulde me fortseja virksomheten, for firmaet hadde mykje varer paa lager.

Søndag (?) den 10 mai gjekk me so fraa Toftevaag paa vei til Sandnes. Magne bror min var med som kokk, og Bjarne Tofte, - ein nabo her fylgte med til Haugesund der me sette han opp paa indre kai. (B.Tofte) Det var finnt og stille ver med lett solskin so me fortsette sørvegen i Karmsundet. Farten var ca. 8 mil. Daa me ~~xxx~~ rearma oss Sælen paa Austsida av Koparvik ropte Magne inn styrehusdøra at "det haglar med kuler bak oss". Eg saag bakover, - og hagla kuler gjorde, so vassprute stod. Eg stoppa baaten so snart det let seg gje ra og gjekk ut paa dekket og saag opp pa land kven det kurde vera som skautta paa oss. Men der var heilt ubebygt og ikkje liv aa sjaa av noko slag. Eg gav daa paarytt full fart mot Sandnes, - men daa kom kuleregnet, so eg stoppa øyeblikk paanytt, og kulerne gjorde det same. Eg vende daa baaten mot Koparvik og let han gaa sakte den veien. Det daa ingen fleire kuler, so eg auka farten, om ei tid opp til full fa og daa me nerma oss Koparvik skjøna me at det var derfraa dei hadde skote paa oss, for Kaien var full av tyskerar, og det stoat to mitralia paa ytste enden av kaien. Me gjekk intil kaien, og endaa før baaten var skikkelegt stoppa, hoppa det fullt av tyskerar ombord i baaten. Dei batt han til kaien med fleire tog. Eg vart øyeblikkelig koma opp paa kaien, og ført opp paa eit kontor dei hadde dør. Eg fekk forklart at eg var engelsk spion som skulde for standrett strakst paa timen, for seinare "avretting" i kveldinga same dagen. Dette var jo ikkje so bra utsikter. Men eg tok det heller rolegt for eg rekna med at fullt so gale kunde det vel ikkje verta. Det vart rø sprokvansk, so det laut skaffast ein god tolk. Dette tok ein times tid. Det stod heile tida to soldatar med maskinpistol og held vakt paa meg. Eg vart likevel bydt sigarettar, som eg takka nei til, ettersom eg aldri har lært meg paa slikt. Dette hadde dei lita trø, og vart noko "Brýske", at ein "kaptein" ikkje brukte sigarettar det skjøna dei ikkje.

-Naar tolken kom so vart det "iltelefon" til baade lennsmannen i gamle Fjelberg, og til Joras Øglend i Sandnes, og til eit eller anna tysk kontor, vistnokk i Stavanger. Dette førte noksaa snart til at maskinpistolarne forsvant. Men ein times "kryssforhør" vart det. Dei var nemlig svert misstenksomme over dei li store koffertane me hadde paa dekket, og som eg ikkje kunde opna, ettersom lyklarne var hjaa Tønnesen i Stavanger. Dei lyte og ~~xx~~ rista paa dei uavlada og to som var ekstra tunge trudde eg sikkert dei hadde slege sundt. Det vart daa merkjelegt nokk noko av, og det enda med at me etter 4-5 timer fekk sokalla "Chjein", so me kunde fara vidare. Men det vart seine kvelden før me kom til kai i Sandnes.

-At me ikkje vart trufne av dei tyske kulerne den dagen, kom truleg av at dei hadde berekna avstanden fraa Kaien i Koparvik og over til andre sida av fjorden feil. Det var lengre en dei trudde, slik at kulerne slo ned bak baaten, istaden for i baaten, eller kansk fram-for baugen?

Neste dag vart me liggjande i Sandnes. Me tok vareprøverne or kufferne og la dei i hyllerne der dei før hadde vore. Det var meiningsaa gaa rundt i Ryfylkefjordane og driva litt salg der. Men paa ettermiddagen kom Sigurd Øglend ombord i baaten og fortalte at Landhandlar Skirrhueres i Brandasund hadde ringt og forklart at alle høsa i Brandasund kom snart til aa svelta i-hell paa grunn av for-mangel. Det var ikkje kome slikt til denne staden etter 9 april. Det var altsaa spørsmål om me kunde taka ombord 50 sekker maiskorn og levera til Skirrhueres i Brandasund. Og det kurde me. Det var sti og finnt ver og me plaserte ~~xxx~~ 25 hundrekilo-sekker mais, paa kvar sida av ~~xxx~~ dekket. Og gjekk so neste dag direkte til Skirrhueres i Brandasund. Me la til kai i kveldinga. Her var me venta med spenning, og dei vart storlade for mais me hadde. Dei viste ikkje det beste dei vilde gje ra for oss. Me fekk rikelegt med egg -gratis.

Ettersom me no var komne vekk fraa Ryfylkefjordane vart det til at me gjekk rundt i Sunnhordland og Hardanger i nokre veker, fram til okkiring 12 juli, daa ferien brukte aa taka til. Me var den einaste handelsreisande -baaten som var ute paa "tokt" etter 9 april. Dette kom for ein del av at det skulde sparast paa olja. Særleg feitolja, men dette var ikkje so svert aktuelt for vaar paart, ettersom eg, og serlegt bror min ~~Fjært~~ Gjert, som hadde ei lita frakteskjøye hadde "Hamstra" eit større parti med baade soafrrolje og feitolje strakst før 9 april. Broder Gjert hadde soleis lo tohumdreliter fat feitolje, -som viste seg aa vera rikelegt ~~xxxfraaumtbraaetxxxx~~ like til fredsutbrotet.

Desse siste vekerne med handelsreisande tok me det svert med ro. Det vart mykje snakk med folk paa alle kaiar. Det vart diskutert alle slags rykter, og spaadomar. Serlegt kor lenge krigen kom til aa dra ut, og kven som kom til aa vinna tilslutt. Sume trudde nokre maanår, - andre trudde paa nokre aar. Men ein ting var felles fore mes alle, --Den "avbrukne geværs regjering" var ikkje mykje verdt.

Tyskerane hadde no faat i gang arbeid paa mange forsvars-anlegg rundt i heile landet. So no var faktisk A partiet sitt maal om arbeid til alle oppfyllt. Det var ingen arbeidsledige lenger. Tyskerane hadde heller ingen vanskar med aa faa dei folk dei vilde ha.

Vistnokk omkring midten av juli fekk me ordre om aa koma til Sandnes med baaten. Me tok der paa land alle vareprøverne og alt som høyrde Øglend til. Det var nermast ein/sorgens dag for min part. For eg hadde paa "følelsen" at eg aldri meir kom til aa gaa med handelsreisande, og det stemde. Eg hadde mist ein av dei beste jobbar vanlege folk kunde gjera seg vondt. Som avskjed vart eg teke med rundt paa Øglend sine anlegg i Sandnes. Det var ~~xxxmæi~~ intressant omvisning.

Agent Tønnesen betrudde meg paa slutten at Øglend var so dygtig at han alt hadde sett i gang produksjon av granathylser, kva han no skulde bruka dei til? Men denne produksjonen fekk eg ikkje sjaa. Ved det endelige oppgjøret fekk eg kr. 300,- som avskjedsgaava. Det var betaling for 300 arbeidstimar paa den tid. ~~Fjært~~

300 arbeidstimar i dag vert betalt med mindst 15 tus. kr.

Etter dette laag "M.S. Toftøy" ved kai her i Toftevaag. Og eg var nokso mykje i "villrede" med kva eg skulle gjera.

~~Markhus~~ Men om ikkje lenge fekk eg høyra rykter om at tyskerane hadde kravt at det skulde stjåst i gang arbeid med den lange planlagde veien millom Fjæra og Kyrping. Eg tok strakst "Toftøy" og for inn til Kyrping der driftskontoret skulde vera. Eg fann strakst fram til ingeniør Brend som var sjefen, og spurde om det var bruk for ein slik baat som min paa anlegget. Han kom strakst ned og saag paa baaten og forklarte at det var ein ynskjebaat til deira bruk. -Det skulde nemlig tilsetjast omkring 1000 mann for aa laga veien i ein fart, og dei skulde innkvarterast rundt hjaa dei fastbuande i heile fjorden. Baaten min skulde transportera dei fraa bustaderne og fram til dei einskilde akkortar. Og det skulde arbeidast skift ~~xxxmæykje~~ ~~xxxmæpent~~ so det vart mykje transport. Eg fekk jobben og betalinga var brukbar. Annlegget skulde og skaffa nødvendig drivstoff.

Det var alt komne eindel arbeidarar, og fleire kom etterkvart. Paa det meste var det vistnokk omkring 1100. Paa den tid var det ~~xxxmæ~~ ingen maskinar, so folk sleit tungt. Det var minebaar for haand, spett og ~~xxxmæ~~ steinbukk, - snudd meg handemakt. Traller paa skinner og trillebor. Og so massevis med dynamitt. Ingen andre hjelpeidler. Der veien skulde gaa var det svert bratt og uløndt. Det var mange farlige akkortar, og større og mindre ueheld skedde ofte, serleg om vinteren naa det var islagte bergbakkar. Akkurat ~~xxxmæ~~ dødsulukker var det ikkje so mange av, men andre noksaa stygge ueheld. Me var rett som det var til Skaanevik til Dr. Molland med skadde folk. Var det alvølegt sende han dei vidare til Haugesund. - Ved "Glomjo" strakst innafor Markhus fall ein mann isjøen fraa 70 -80 m. høgd. Han var det ikkje meir liv i daa han vart oppteken. Eg hugsar og to andre som ~~xxxmæ~~

strauk med som det heiter. Me var to mann paa båten og hadde det helst travelt. Det hende motoren var i gang døgåret rundt. Me hadde optil hundre mann ombord paa det meste. Med helgarne gjekk me utover i Sunnhordland med dei arbeidaramne som høyrd heime her. Soleis paa Tysnes, Kvinnherad, Fjelborg osv. Og i kveldinga um södagarne bar det innover att. Dette hadde eg ekstra betaling for og det var god forretning. Men H.S.D tykte ille om slikt, og dei sende fleire gonger lensmann Hjelmervik paa meg for at eg dreiv ulovlegt passasjerfart. Men dæt ~~xxx~~ førte likevel ikkje til noko og eg heldt fram til vegen var ferdig. Dette veibygging var eit stort og vansklig arbeid, som nokk ikkje hadde kome i gang paa lange tider om ikkje tyskerane hadde kravt det paa den tid. Og dei som utførte det, - baade arbeidaramne og leidaramne burde faatt sine minnesmerker ein godt synleg stad ved veien. (men det kann vel vanlege folk ikkje venta seg utan at dei ~~skote vekk ein vei?~~)

Eg vil paasta at dei aller fleste av arbeidaramne var truverdige og gjorde ein god ~~jobb~~ jobb. Rett nokk høyrd eg av og til sume som diskuterte seg i millom om dei skulle slutta aa reisa paa tyske "forsvarsanlegg" paa grunn av at det der noko høgare løner. Og det var det nokk sume som gjorde. Men mesteparten arbeidde til veien var ferdig. Me hadde det helst fredelegt i fjorden i dei to aara arbeidet varte. Tyskerar saag me lite eller ikkje til. Og i matveien hadde me det bra. Handelsmann Ketil markhus var flink til aa skaffa varer av mange slag. Eg kann ikkje tru at alt han skaffa kom fram paa sokalla "lovleg vis". Lammeeskottar kunde me kjøpa paa "svartebørseren" i Aakra, og kalvar hjaa bønderne rundt i fjorden. - Feitetysdag, - den 19 febr. 1941 hadde mange av arbeidslaga fest, - rjomegraut og dram var "menyen". Det kunde sikkert (og burde) vore skreve ei heil bok om det som foregjekk under dette arbeidet. Det vert vel ikkje men nokre hendingar skal eg ta med. Det gjekk med mykje sement til eindel av akkortarne. Og me leverte denne paa den staden der det passa best. Ein dag hadde me noksaa mykje sement som vart teken opp paa Markhus. Eit arbeidslag paa fem mann ~~xxx~~ tok sementen paa dekket av baaten og bar han opp ein liten bakke og plaserte han i eit skur der. Dei tok ein sekk kvar, som daa vog 56 og eit tredjedels kg. Det skulde tilsvara 1 tunna, med tre sekker. Ein heller liten kar hadde ord for aa vera sers sterke. Han heitte Braaskot, og var sikkert fraa denne staden. Ein Severin Skaalnes som var med paa laget, maste paa "Braaskotten" om at dei gjerne vilde sjaa kor marge sekker han kunde klara i ei bør. Etter ei heil tid tok "Braaskotten" eit tog og la det opp paa eit flojefat som stod paa dekket, og opp paa dette toget la han fem sekker sement, la toget rundt og strama til og fekk det paa ryggen, og gjekk paa land og plaserte ~~xx~~ sekkerne der dei skulle liggja. Eg skulde klara ein til "sahan" - og slik sagg det ut. Det er der sterkeste mann eg har truffe.

-Me maatte elles ogsaa utføra eindel jobbar som eigentlig var oss uvedkommande. Soleis var me to gonger nattes-tider aa henta jordmor. Me førde og bryllups-jester til kyrkja. Og daapsborn. Me stod paa god for med alle folk i Fjorden. "Toftøy" vart ein kjend baat millom folket. - Sjølsagt fylgde me med ialt det som folk snakka om. Merkelige krigsrykter var det mykje av, ogsaa utrulege slike. Kor lenge det var att til freden var ~~xxx~~ noko ein mest støtt kunde høyra. Og meinigarme var som før noksaa forsjellige. Sume trudde paa Engelskmennene, - andre paa tyskerane. For min part trudde eg at om ikkje Amerika kom med i krigen vart det aldriig slutt. Slik utsagn likte ingen av partane. Ein dag "vedda" eg tusen kr, paa at krigen kom til aa vara i mindst fem aar fraa 9 april. Ein veiformann fraa Tysnes "vedda" imot, - men eg har til dessar ikkje faatt pengarne. Han heitte Trøkedal, seinare neivaktar i Elne

## Okkupasjons-aara.

9.

Eg kann og hugsa at det var eitpar ungdomar som for rame alvor snakka om at dei vilde meldt seg frivillige til austfronten. Sovidt eg skjøna var hovedgrunnen den, att dei daa vilde faa mykje større sjangsar med jenterne, en dei ~~ga~~ hadde som "veisluskar". Eg veit ikkje om dei gjorde alvor av dette.

Nokre gonger vart det laga til dansefestar, sjølv om dette vistnokk var av dei ting som var forbudt. Det gjekk altid stille og fredelegt for seg. Etterkavrt som det komme meir og meir folk i arbeid vart det bruk for fleire baatar. Johs. Brekke fraa Kyrping var i jobb med ei ca, 44 fots skjøyte, Og bror hans Gustav Brekke med ei liknande. Vidare Gjert Skaten fraa Tysnes med ei litt større svenskeskjøyte. Og endelag Jens Eldøy fraa Stord som badde ein heller liten skjyssbaat. Eg og han vart svært gode vene, og arbeidde godt ~~innig~~ ilag.

Han vart seinare nestkommanderande i heimefronten paa Stord. Til denne tid hadde eg altid hatt eit haglegevær ombordi baaten.

Men no var det slikt strenge krav om innlevering at eg vaaga ikkje ha byrsa lenger. Istadon for aa levera inn, selde eg byrsa til ein Tysnesing. Det same gjorde eg med ein gammal "folkemottakar" eg hadde stukke vekk. Eg ~~gikk~~ fann det var for risikabelt aa vera eigar av slike ting lenger.

Arbeidet med veien gjekk utrulegt bra, og fram mot nyaaret i 1942 var det so lite att av arbeidet at det var ikkje stort bruk for baat lenger. So eg maatte slutta til jul 1941. Men eg hadde daa tent sopass at eg var skuldfri, so dette tok eg ikkje so tungt. Det var daa rett ~~mye~~ mange kjenningar som var i tysk teneste baade paa land og sjø. Soleis var alle handelsreisande-baatar av same typen som min i tysk teneste. Mange var stasjonert i Bergen og ved Herdla flyplass. Dei hadde nokk takka ogsaa for min baat, men det hadde eg førebils ikkje noko hug til. So baaten laag ned kai i Toftevaag. Men høyrde eg jo rykter om kor store pengar dei andre baateigarane fraa Halsnøy tente paa sin fart for "Vermekakta".

Eg tok det altsaa med ro utover vinteren, ordna med ved, og fiska til eige bruk. Men midt burt i febr. 1942 fekk me høyra om eit svært godt sildefiske ved Bømlo og Karmøy. Eg fekk daa med meg Bror min Magne og to andre mann. Me vilde "pitla sild" som det vart kalla. Ein la seg daa med robaat i nærleiken av dei som trekte fulle garn, og so tok ein med haav det som datt av garni. Det syntes seg aa vera god forretning. I finnt ver kunde me klara optil 90 hl/ paa ein dag.

Silda vart levert til føringsbaatar som det var høgk av. Me gjorde det økonomisk godt. Endel notlag fraa Halsnøy hadde eitpar bra sildelaas i nærleiken av Bømmelhamn. Naar ganfiske tok slutt, gjekk me til Bømlo og kjøpte full baaten med fin notsild. So gjekk me innover i fjorden og selde hussild til alle som vilde kjøpa, og det vilde mest alle. Særlig i aakerfjorden som kjende baade meg og baaten, kjøpte dei mykje sild. Me maatte gjera fleire turar, og alle fekk den sild dei hadde bruk for. Me gjørde gode turar, sjølv om me selde rimelegt.

Tilslutt fekk eg tak i 120 nye sildetønner som eg fylte med grovsalta sild. Denne selde eg seinare til Odda forsyningssnemd, som baade takka og betalte. Alt dette var sjølvsagt strengt forbudt, og strafbart. Men det syntes seg ~~at~~ at baade tyskerane, som sjølvsagt saa gaff saman, og det norske rasjonerings-politi oversaag heile greida.

Eg høyrde aldri noko fraa nokon. Men at dette var eit kjærkome tilskot til kostholdet i dei bygdar me besøkte, kann det ikkje vera tvil om. Det er faktisk ikkje so mange år sidan at eldre folk takka meg for den jobben me utførte i denne matknappe tida. Men den "avbrukne geværs" regjering tykte, som me seinare skal høyra, ille om dette. I Norge skulde alt vera so ringt som mulig.

## 10.

Paa grunn av mangel paa baade olja og skikkelegt blekk til sardinproduksjon, kom brislinfisket og sardinfabrikkarne seint i gang vaaren 1942. Brislingen vart derfor staaande ifjordarne lenegr enn me var van med. Dette gjorde at det samla seg radt mykje stor sei rundt øya var.

Og ~~blæsom~~ saag seg tid til det var ute og drog opp sei baade til eige bruk og for salg. Det var nemlig slik at Valen sjukehus ved forvalter Ramstad kjøpte allden sei dei kunde faa. Anders Øvrevik her pa Halsnøy tok imot for sjukehuset, og betalte kontant, og prisen var svert so god. Me fekk heile 1 kr. for kvar kilo rund vekt.

vaar ein daa veit at betalinga for vanlege arbeidsfolk ogsaa var 1 kr. for timen, -- så kann ein gjera seg opp ei meining om kor god betaling dette eigentligt var. Fekk ein ei timebetaling for ein kg. fisk i dag, vilde me faa kr 100,- for ein tokilos torsk!!

Etter at sildefisket vår slutt var eg derfor eindel med paa dette godt betalte seifisket. Og det var mange som gjorde.

--Men M.S."Toftøy" maatte no liggja med kai. Eg brukte han berre til private, og nokre faa betalte turar for andre. Eg hadde endaa rikelegt med olja innkjøpt før 9 april. Dette gjekk bra ei tid. Men omkring maanadsskiftet juni -juli, Fekk brev fraa tyskerane i Bergen, at ettersom eg hadde liggjande ein god baat som ikkje var i bruk, vilde dei leiga han, og eg vart beden om aa møta fram ved havrekontoret i Bergen med det fyrste. Ettersom det ikkje var sett noko bestemt dato for frammoete, og paa grunn av min opplevelse ved Koparvik i mai 1940, tok eg ikkje ~~noko~~ hensyn til dette. Eg let baaten liggja. Men om ikkje so lenge fekk eg beskjed fjenneom lensmannen at eg skulde møta med baaten ein nøyare bestemt dag. Daa var det ikkje anna aa gjera enn aa møta fram. Eg fekk med meg Selmer Rygh herfraa som mannskap, og me møtte fram med baaten i Bergen som beskjeden var.

Fyskerarne kom strakst ned aa saag over baaten, og alt andre dagen vart me sette i fart til Herdla flyplass med proviant baade til dei ca, 1000 bergensarane som arbeidde paa flyplassen der, og til tyskerane sjølve. Det var spesielt mykje gode brød til dei tyske. Dessa vart stuva inn i eit ~~ende~~ rom me hadde paa Toftøy paa sida av nedgangen. Kvar gong me hadde slik brødlast gjorde eg meg altid eit erend inn i rommet og slepte nokre av dei gode brøda ned bak ein tanke me hadde der ( vanntank). Vaar tyskerane hadde teke det dei fann, laag altid desse brøda att. Me fiska dei opp med ein tynn jernkrok, og hadde soleis altid rikelegt med gode brød. Kvar dag hadde me ogsaa med oss 8-9 fulle mjølkesspann til Herdla. Desse vart sette ombordi baaten om kvelden, ettersom me gjekk fraa byen kl. 7 kvar morgen. Vaar spanna hadde staatt slik over natta, var me altid tidleg oppe og tok loket av fleire spann op tømde fløyter som var komen opp, over i vaart eige spann. Det var god "mjølk" for oss. Slikt heitte aa "organisera" ting, millom dei som hadde vore lenge hos tyskerane. Vaar me kom til Herdla laag det der mange av dei sokalla "reisandebaatar" som eg kjende fraa før krigen. Kan millom anna nemda kaptein Utne fraa Odaaag med sin store baat "Alex". Av og til vart me liggjande paa Herdla om natta.

Ein fin stjerneklaar kvild gjekk det plutselig flyalarm. Dei sette daa igang med ei utruleg skjyting. Det var sagt at det var 12 sokalla "flakbatteri" med fleire store kanoner paa kvar, forutan ei mengd mindre skjyts. Alle skaut av all makt. Det var eit utrulegt skuespel, og paa eindel av skjytsa var "sporlys" for kavrt 10 ande skot, slik at ein kunde sjaa kulebanen. Og det var slik brak at det var uraad aa snakka med kvarandre. I staden for aa springa under dekk slik det var ordre om, vart me staande paa dekket aa sjaa paa dette skuespelet i nokre minutt til det tok slutt. Det vart inga bombing, og det ~~maatte~~ maatte vist ogsaa vera uraad, - slik dei vart mottekne.

## Okkupasjons-aara.

11.

Tidleg paa morgonen dagen etter kom det to engelske fly innover flyplassen. Dei for so laagt over plassen som det var raad, tok mest ned i mastrene paa båtarne som laag der. Truleg var det foto dei sikra seg. Det gjekk strakst fleire tyske fly "paavengjerne" som det heitte, men me høyrde ikkje at kom til noko kamp, men ein tysket "strauk med" daa han i farten kom burt ~~xxxxxxxxxxxxxx~~ i propellen paa flyet sitt.

Hovedhuset til Bjørnstad som eigde garden der flyplaasen var laga laag ikkje so langt fraa kaien der me laag med baaten vaar.

Same morgonen som dette hende stod eg paa baaten og saag at eit kvinnfolk, - svært lett paakledd, - kraup ut eit glas, ned paa eit halvtak, - og kraup inn eit anna glas eit stykke lengre burte i same huset. - Fjorden paa insida av Askøy inntil Bergen skulde vera mykje minelagd, - slik at me fekk oppgitt visse kursar som me skulde halda oss til for aa undgaa minerne. - Og me heldt oss sjølvsagt etter desse kursane. Men eg har endaa sterk miss-tanke om dette var "bløff", - eg trur ikkje der ~~miner~~ i det heile.

- Ein dag me vart liggjande paa Herdla fylgde eg med ein lastebil opp til kyrkja der dei heldt paa med eindel arbeid. Det-te var sjøvsaqt strengt for-budt, - men det gjekk finnt for dei trudde eg høyrde med til laste bilen som leverte eindel redskaper der. - Eg fekk daa sjaa at dei hadde reeve kyrkja ned so langt at det var berre sjølve kyrkjeskjipet som stod att, taket og taarmet var heilt burte, og dei heilt akkurat paa aa laga "kamuflasje" for som tydeligvis skulde faa staa att.

- Det vart likevel berre ein heller kort tur eg fekk paa Herdla. For ein dag me laag i Bergen og lasta ombord forskjelligt, kom det ein liten tysk sokalla "smøllbaat" og skulde til kai i nærleiken av oss. Men han skulde liggja med baugen ut, og skulde derfor snu baaten. Men ettersom han ikkje kunde manøvrera ein baat, rende han i sida paa min baat. Dette gjorde ikkje stort paa sjølve baaten, men han klistra att røyra for avkjølinga fraa motoren som var i gang, - slik att kjølevatnet ikkje fekk avløp, - og derfor sprengde ei stor sprekka i lyd-demparen paa motoren, slik at alt kjølevatnet rann inn i baaten. - Me var altsaa ferdige for lang tid. - Dette kund~~a~~ trulegt ha vorte lappa, men det kom ned to tyske ingeniørar og ga seg til aa banka paa lyd-demparen for aa sjaa kor alvorleg skaden var. - Derved datt heile den skadde delen av, - og det vart slep til Norsk Motor paa Laksevaag. Der vart baaten liggjande i ca. 2 maanader, for det maatte bestillast ny lyddempar fraa støyperiet. Eg reiste heim og kom aldri meir ombord i baaten, og den kom heller aldri meir til Toftevaag.

- Grunnen var at eg heilt uventa og utan det mindste varsel paa fyrehand, fekk melding fraa Hordaland Fylke om at eg var oppnemd til ordførar i Gamle Fjelberg. Dette var noko eg ikkje var det mindste førebudd paa. Det vart ogsaa kungjort i radio, - for dei som fylgde med der. Eg var ogsaa klaar over at eg var heilt "ukompetent" til dette arbeidet. Hadde aldri delteke i noko slags "styr og stell" som det heiter. So eg foretok meg ingenting med dette førebils. Men eg hyrde Thorvald Kristensen som skipper paa "Toftøy" som laag i Bergen for reparasjon, og som hans som maskinist. Elles ga eg meg til heime, og dreiv litt med "matauk".

- Eg forsøkte aa finna ut kven som stod bak dette, men det var vanskelegt. Seinare har eg funne at det var Olav Sølvberg fraa Etne, i samraad med Knub Tungevik fraa Aakraf, og truleg ogsaa med Johs. Silseth i Toftevaag.

- Men personlegt hadde eg aldri teke sikt paa noko slikt, sjølv om det var ein offentlig Kjenngjerning at eg var sterkt "paa kannt" med det stokk konserervative styre me hadde i gamle Fjelberg.

Det var daa, og er det endaa, mi fulle overtyding at desse folk hadde som si viktigaste oppgaava, - aa segja nei til alt.

Direktør Konrad Lunde ved Valen sjukehus var den einaste som hadde litt framsyn, - men han dverre ogsaa berre ei røyst.

Men ettersom tida gjekk stoppa alt kommunalt arbeid opp, ettersom gamleordføraren hadde faatt avskjed. Og om eitpar veker ringde han og gav beskjed om at eg maatte koma aa henta det som høyrde ordførarjobben til. Det hadde ogsaa vore mange som gav uttrykk for at dei saag med von og interesa paa kva det nye styret i Fjelberg vilde føra til. So ein dag tok eg ein liten baat eg hadde òg for til Eidsvik til Eirik Eide for aa henta ordførar-sakerne. Ordførar Eide verka svert blid. Han gratulerte meg med jobben, og ynskte meg lukka til. Eg fekk utlevert ei utgamal kista full av papirer. Vidare nokre sokalla dokument som eg maatte kvittera for.

- Det undra meg litt kva som var grunnen til ordføraren s gode humør. Men nær eg opna den utgamle kista gjekk det ~~xx~~ ~~xx~~ ~~xx~~ ~~xx~~ ~~xxxxxx~~ tydelegt fram kva som var grunnen til det gode humøret.

--- Alt som var i kista var samanrota paalag som det skulde ha gaatt gjennem ein gamaldags treske maskin!!! - Det saag heilt vonlaust ut. So det var ein daarleg start. Men nær eg fekk tenkt meg om, bestilte eg strakst 200 stk. Mapper av kartong høvelege til A 4 ark. Og so gjekk eg sjølv i gang og laga 4 store og djupe treskuffer, høvelege til desse mapperne. Gjekk so igang aa ordna opp i dette fullkomne kaoset. Det tok fem-seks veker aa faa alt so nokolunde der det høyrde heime, og aa faa namn paa kvar mappe, - slik at ein kunde finna fram til det ein skulde paa rimeleg tid. Korleis dei klara dette før er meg aldeles ubegripelegt. - Det synte seg at mange gjerne vilde ha kontakt med den nye ordføraren, serleg mange av dei yngre opsøkte meg og held fram sine synspunkter paa ymse områader. Og eg merka ingen sorg over den gamle ordføraren. Serleg ikkje etter at den gamle kista fann plakatar og søknadsskjemaer om stønadsordningar fraa Nygaardsvold regjeringa som gamleordføraren rett og slatt hadde sabotert, med det som resultat attingen i gamle Fjelberg fekk nytt seg av dette tilbodet om nye fiskebaatar.

Men det hadde no samla seg div. saker som maatte avgjerast, og eg kalla inn til heradstyremøte i det gamle kommunehuset paa Sæbøvik. - Me hadde framleides det gamle heradstyret, - so eg var noksaa spent paa korleis dei vilde taka mot den nye ordføraren. - Men det gjekk aldeles utrulegt "smerte fritt". - Alle møtte fram og alle bar seg som alt var som det skulde vera. Det var ingen sure miner, men tvertimot saklegt snakk. Det var no komen ein ny ordning som var slik at ordføraren munde bestemma kva som skulde gjerast eller ikkje gjerast, og dei som var ueinig kunde faa dette inført i protokollen, - med begrunnelse om dei vilde. Det viste seg at dette var det ingen som vilde, so alle vedtak vart einstemmige. Det viste seg og at det i gamle heradstyre var med ein av dei mest positive menn som Halsnøy ~~xx~~ har fostra i dette hundradaaret, - ~~xx~~ lærar Lars Gjørde. Han og eg kom snart paa god bølgelengde med kvarandre. Han førte og som regel protokollen. Og dette var til stor hjelp for meg. - Baade han og eg var einige om ein av dei faa ting me kunde faa gjort no i okkupasjonstida det var aa byggja veier. Og det var rikelegt av veikrav aa ta seg av. Millom anna var det eit som heitte Toftevaag - Banda, - like fraa 1912. Millom mange, hadde Stavanger Preserving som hadde ein heller stor sardinfarikk i Toftevaag bede om aa faa denne veien, og hadde gjeve skriftlegt løyve om aa gjeva kr. 1200,- til veien. Pa spurnad fekk eg opplyst at dei framleides gjerne vilde ha denne veien, og stod ogsaa med dei 1200 kr. dei hadde lova i 1912. Pa neste heradstyremøte vart det so vedteke at denne veien skulde byggjast. Det var nok nokre ~~xx~~ av dei gamle som var imot, men sovidt eg hugsar var det ingen som kravde noko protokoltilførsel. So offisielt var det "einstemmig".

## Okkupasjonsaara.

13.

Bet synte seg at det var bra med pengar i høradskassen, og eg og Ears Gjerde var einige om at det beste me kunde gjera med desse var aa bruka dei til veibygging, for etter krigen rekra me med at det som etter tidlegare krigar vilde verta ein kraftig "inflasjon", slik at det var lite ein daa vilde faa for pengarme.

~~Maximilianus~~ - Me løyvde derfor pengar til Veien Toftevaag - Landa. Til Veien fraa Arnevik til Sydnes. Noko til vei til Bjøllebø. Og pengar til Vei fraa Gravdal til Sjøvangen, - slik at heile denne veien vart ferdig planert. Men grusing stod att daa freden braut laus. Eg fekk personligt mykje takk for dette serlegt fraa dei eldre i Sjøvangen. Men og fraa dei unge, som no kunde koma "til folk" paa "folkevis" som dei sa.

\*  
\*  
~~Bet synte~~ daa krigen var slutt, og freden braut laus, at me i gamle Fjelberg, paa dei tre aa-ra eg var orførar, hadde bygt meir vei en dei samanlagt hadde bygt paa lange tider tidlegare. Likevel kunde ein i dagspressa lesa at dei som styrde under krigen ogsaa hadde annsvaret for at all veibygging hadde "lege nede". ??

-Men med oss i Fjelberg gjekk det toleg bra. Det var mangt som var helst intressant aa arbeida med.

-Men med veien Toftevaag - Landa fekk eg mykje braak, paa grunn av at grunn-eigarane nekta grunn, alle med unntak av Andr. Koløy som gav fri grunn. Landhandlar Silseth gjekk i brodden og organiserte all mulig motstand. So vart det strakst lensmannskjøn. Dette anka dei til overskjøn, og sorenskrivar Haukaas paa Stord ; ~~og~~ vart av Silseth tilgode-sett med rasjonerte varer paa skjønsdagen. Dette vart kontrollert av lensmann Mellingen paa Stord, sjølve skjønsdagen. Likevel klarte dei ikkje aa forhindra at eg fekk løyve til setja arbeide tilgang før dette var ~~ekdelegt~~ av-gjort. Eg fekk tak i ein flink veibas fraa Flatraaker paa Tysnes og nokre Halnøybuar, og arbeidet tok til fraa Toftevaag. Det gjekk braak paå fram, og grunneigarane var storsinte, og daa serleg ~~Silseth~~ Silseth. - Men mest alle andre paa øya tykte vel om dette ~~veiarbeidet~~. Og ved ei pengeinsamling til betaling av veigrunn, gav mest kvar einaste mann paa øya ein liten sum, slik at det samalagt vart fleire tus. kr. Div. hugsar eg ikkje summen. Men det var 130 mann som gav fraa kr. 10 og optil kr. 50,- Stortingsmann Markhus var den siste som skrev seg paa lista. Det var 7 stk. som gav kr. 50,- Dette vart paa den tid betaling for 50 timeverk. - Og betalinga for 50 timeverk i dag er minst kr. ~~255~~ 2500,-.

Men som sagt serlegt Silseth var heilt rasande for dette arbeidet. Og han hadde forbindelser alle veier. So ein dag var sjølvaste politimeister Cappelen-Dahl fraa Bergen i telefonen og gav meg ordre om at arbeidet over Silseth maatte stoppast øyblikkeltig, om ikkje vilde eg verta arrestert. So ~~xx~~ snart denne samtale var over gjekk eg strakst paa timer burt paå veiakkorten som eg viste snart var ferdig, og sa med dei at dei maatte drive paa a-lt dei kunde, for aa komma over paa naboer der det ikkje var slikt stoppepaabod. Som svar paa politimeisterens stoppeordre sa eg blankt nei og han vart heilt rasande. Det var derfor ikkje nokon overraskelse at eitpar dagar seinare kom lensmann Ivar Svendsbø og skulde syrja for at arbeidet vart stoppa over Silseth. Men daa var arbeidslaget alt kømen over paa naboer. Planeringa over Silseth var ferdig, og ~~lensmann~~ lensmann Svendsbø kunde ingen ting gjera. Og ~~kan~~ han kunde gjort elles er uvist. Eg og Svendsbø var sars godvener, og hadde eit godt samarbeid, so eg tippar me hadde funne ein ytveg so arbeidet kunde halde fram. - Men mykje verre var det daa eg ei vekes tid seinare fekk telefon fraa tyskerane at dei arbeidareg hadde i arbeid paa denne veien, skulde strakst ~~sende~~ sendast paa eit anlegg dei hadde i nærleiken av Haugesund.

## Okkupasjons-aara.

14.

Dette førde til 3 heller lange samtalar. ~~xxxxxxxxxxxxxx~~  
 Men eg gav meg ikkje. Eg var bestemt paa at kunné eg ikkje klara  
 aa halda fram meg veibygginga i "jeiberg so kunde dei berre  
 arrestera meg. Og det sa eg i telefonen til "Verremakta", og  
 sjølvsgåt mykje anna. -Men for aa vera ærleg so hadde eg lita tru  
 paa at dei kom til aa gjera dette, ~~xxxxxx~~ noko som stemde, -  
 veiarbeidet paa samtlige anlegg heldt fram so lenge me hadde  
 pengar, ~~xxxxx~~ for det meste til "freden" braut laus. -Kva som hende  
 daa skal eg koma attende til.

Det var elles mange interessante saker som maatte ordnast i desse  
 aara. Det kunde sikkert skrivast ei heil bok aafeine om dette.

Her kann det berre verta nokre faa saker som kann takast med.

Millom dei ting ordføraren maatte syta for var at folk "hadde tak  
 over hovudet" som me segjer. Det vart etterkvart ikkje alle som  
 hadde det. So nokre husrekvisisjonar maatte eg gjera, serlegt etter  
 at me fekk rømingar frå Finnmark, etter krigshandlingane der.  
 Men folk var rimelege og skjøna alvoret, so det gjekk helst bra  
 og saa med dette. - Men eit tilfelle merkte seg ut.

Paa Borgundøy var det ei eldre dame som hadde ei dotter, ~~xxxxx~~  
~~xxxxx~~. Denne dottera hadde ~~x~~ vore uheldig, og hadde ei lita  
 gjente, utan at ho hadde mann. Desse budde paa ein sokalla naustlem,  
 Denne var iskald vintersdag, - det kunde ikkje gaa, og dei kom og  
 klaga si naud. Samtidigt fortalte dei at paa Brekke lærargard stod  
 det eit gammalt timbra hus heilt ubrukt. Men dette fylgde lærar-  
 garden som lærar Kallekleiv disponerte. Eg telefonerte daa til han  
 og ba han leiga ut huset til desse huslause. Men det var radt uraad,  
 han hadde mykje bruk for huset til gardsdrifta, -- mente han.

Ettersom eg ogsaa hadde eitpar andre erind til Borgundøy, - gjekk  
 eg optil Kallekleiv, - uanmeldt, og bad om aa faa sjaa huset, -  
 dette var han lite villig til, men ettersom eg vilde sjaa kva han  
 brukte huset til, maatte han laa opp for meg. - Det synter seg daa  
 at huset stod heilt tomt og ubrukt, med unntak av at det stod ein  
 full seg med mjøl, - trulegt formjøl der. Etter at eg hadde gaatt  
 gjennem huset, forklarte eg han at seg saag meg nøydd til aa  
 rekvisera huset til fordel for dei her nemde. Og alt same kvelden  
 postla eg rekvisisjonen, og dei nemde huslause flytte inn.

Dette var paa haustparten 1943. Paa vaarparten eller tidligst paa  
 sumaren 1944, kom det krav frå Kallekleiv paa erstatning for at  
 leigebuarane hadde trakka ned graset paa lærargarden. Eg hugsar  
 ikkje rekingssummen, men den var urimeleg høg for eit veitrakk  
 over bøen. Av denne grunn undersøkte eg kva vedk. hadde tent paa  
 gardsdrifta siste skatteaaret. ~~xxxxxxxxxxxxxx~~

Og det einstemmige ved-tak kom ~~xx~~ etter dette til lyda omrent  
 slik, - "Søknaden kunde ikkje etterkomast paa grunn av Kallekleiv  
 herre hadde kr. 1,27 i overskot paa gardsdrifta siste aaret".  
 Og ikkje mange dagar seinare kunde alle lesa dette i lokalbladet  
 "Sunnhordland". - Og kort tid etter dette fekk eg ~~xxxxxxxxxxxxxx~~  
 melding om at det paa Brekke skule var måala med store bokstavar  
 "Gud fri og bevare oss for læraren vaar". - Ikkje lenge etter dette  
 kom det oppsegjing frå Kallekleiv. - Men fekk ein like god lærar att.  
 (aarstali om dette ovanfor kann vera litt missvisande)

Av dei ting eg hadde glæda av aa ordna med i denne tida, - var å  
 skaffa eigande tomt til fleire av dei sokkalla huemenn me hadde  
 rundt her. Det var slike som alleraadigst for lange tider sidan  
 hadde faatt lov til setja seg oppet lite "krypinn" so dei kunde  
 berga livet. Men faa kjøpa tomten kunde dei paa ingen maate.

Og Nygaardsvold sin veimeinte ekspropriasjonslov vart sjølvsgåt  
 sabotert av makthavarane i dei forskjellige kommunar. Men eg brukte  
 han med godt samver i fleire tilfelle. Og skaffa meg sjølsagt  
 baade uvenner og fiender av denne grunn. Ein av dei siste var  
 C.K. Wiese frå Bergen, som maatte gjeva fråa seg ei tjent til  
 Alfred Pedersen her.

Direktør Konrad Lunde fekk eg og som fiende paa grunn av ei slik sak. Det var ein Hordeland som vilde preigna det sokalla Kleivaplassen som var fødestaden hans. Lunde var truleg uven med vedk. so han sette seg hardt imot dette, og skreiv til fylket som var den eigentlige eigaren av garden som høyrd til sjukehuset at "Kleivaplassen" laag "midt i sjukehusets hjerte" og var umissande for drifta. Waar eg daa sende inn kartet som viste at "Kleivaplassen" laag heilt i utkanten av sjukehusgarden, og heilt i utkanten av Fjelberg herad, og grensa til Sandvoll-elva som var grensa mott Skaarevik Herad, fekk eg Lunde som personleg fiende i lange tider. Og akkurat dette kosta meg 5000,- førkrigskroner,- som eg seinare skal fortelja. Men før denne sak kom opp var eg godven med Lunde. Soleis maatte eg før denne tid eingong vera med aa føra ein sinnsjuk mann over til sjukehuset. Det var seine kvælden daa me kom fram, likevel tok Lunde og viste meg heile sjukehuset, Millm annukaan eg hugsa at han forklarte meg at omlag 85% av alle som kjem hertil meg, - dei kjem av anten seksuelle eller religiose grunnar. Han sa ogsaa at han gjerne skulde vore ordførar i Fjelberg, -for-utan at han paa eit offentligt møte paa Kamillax Sjo sit pensjonat paa Sæbøvik, sa at det var grunn til aa sjaa optimistisk paa framtida for Fjelberg etter ordførarskifte. Direktør Lundex hadde alle veier saag det ikke utfør. Han var spiles den einaste her som hadde jaktløyve og for paa sjøen og skaut millon arna ender. -Waar eg saag dette so sende eg og ein søknad til politiet i Bergen om jaktløyve. Men etter ei tid kom deppa i retur med paa-teikning om at det tyske sikkerthetspoliti, - ikkje ville tillata at eg fekk jaktløyve. Men direktør Konrad Lunde hadde altsaa slik "tillatelse". Saa det var altsaa alt daa, skilnad paa "Landssvikarar" og "gode Nordmenn".

-Etter dette maa eg opplysa at eg etter at eg hadde vore ordførar ei tid, - fekk melding fraa "Nasjonal Samling" at eg som ordførar maatte vera medlem av partiet, og derfor no var notert som medlem. Dette brydde eg meg fyrebils lite om. Men naar det etter ei tid kom rykter om at slike medlemar etter krigen skulde anten skytast eller deporterast til Bjørnøya so tok eg og melde meg ut av partiet i heller skarpe ordelag, og høyrd seinare ingenting meir om dette. Deltok aldri paa møter arransjert av partiet, og gjorde aldri løyvingar til frontkjemparar eller andre liknade ting. Eg maa og taka med her, at det var noksaa mange merkjelege ting enkelte bad meg ordna for seg, og som eg ikkje hverken vilde eller kunde gjera noko med. Ei slik var ei opfordring fraa ungdomarme paa Halsnøy om aa faa bruka kommunehuset paa Sæbøvik som ungdomshus til folkeviseleik og anna. Dette gav eg løyve til, endaa det var direkte ulovlegt. Men ettersom det ikkje fanst tyskerar stasjonerte paa øya, rekna eg med at det vilde gaa bra, og det gjorde det. Tyskerane syntre seg i det heile svert sjeldan her, og svartebørs-handlarar og liknade, - arbeidde noksaa openlyst.

Det hende nokra faa gonger at ikke tyske soldatar gjekk rundt paa gardarne og vilde kjøpa forsjelligt. Om det lukkast veit eg ikkje. Sokneprest Aarseth var eg aa høyrd paa i Eidkyrkja ein einaste gong, og vart daa klaar over der kunde eg ikkje visa meg fleire gonger, for so "frisk" som han var i sine formaningar om "Ver nemakta" kunde han verta arrestert kva tid som helst, og daa vilde eg trulegt verta missterkt som anmeldar. Han greidde likevel ikkje aa verta fastsett for heilt paa slutten av krigen, so det vart det ikkje so mykje æra av likevel.

Smaaskipsbyggjing av fraktebaatar og fiskebaatar var det mykje av her rundt i Sunnhordland, ogsaa i Fjelberg Hærad. Ettersom tyskerane hadde overteke min baat, "Toftøy", rekna eg med at eg var sogodt-som utan baat naar "freden" braut laus. Eg tok derfor til aa kjøpa inn rundmatrial til ein ny baat. Det skulde vera ein 65 fots havfiskebaat, for eg rekna nemlig med at sidan det ikkje var raad aa driva havfiske under krigen, vilde det vera mykje fisk etterpaa.

Olav Sydnes paa Sydnes var tillitsmann for Hordaland Skogeigar-samband, og han ordna med det løyve eg trong i dette høve. Og det tømmer eg trong til dette fekk eg kjøpa av skogeigarane paa Halsnøy. Men for dei fleste sitt ved. paa vilkaar av at eg ikkje gav dette opp til likninga. Og det trong eg ikkje gjera. Eg berre noterte i ei bok kor mykje eg hadde betalt til kvar, - til eige bruk. Men det kann alt no høva aa fortelja at daa me etter "fredsutbrotet" fekk den sokalla pengesanringa, - møtte dei same karane opp og ba om eg vilde vera so storgild, aa gjeva dei skriftlegt bevis for kor mykje timber eg hadde kjøpt av dei, ~~paa det gjorde ingen ting jeg ikke litt~~ og det gjorde ingenting om eg tok litt godt i !! - Dei hadde nokk skaffa seg for mykje pengar under krigen. - Hjaa meg fekk dei akkurat paa øre det eg hadde betalt dei. - Dei var alle slike som lærde at du skal gjera mot andre, - det du vil dei skal gjera mot deg. Innved til baaten kjøpte eg hjaa ein skogeigar Larsen paa ~~Husnes~~ Husnes, - paa rot, - heilt oppe ved skoggrensa, for at det skulde verta god alved i baaten. Eg hadde med meg Ole J. Lygre, og Kristian og Magne klubben i fleire veker, for aa hogga aa faa dette til sjøen. Det var so uførlegt at me kunde ikkje bruka hest, det gjekk med handemakt heile veien. Men me var alle unge og sterke, og vart veldig godt trenne av denne jobben. Me budde i ei koie, og levde mykje av turrfisk og poteter, pluss nise-spekk, skoten paa ulovleg vis. Me hadde alle god matlyst, spekket vart altsaa brukt som flesk, og det gjekk godt an tykte me daa.

-Naar eg hadde skaffa til-vegar nokk matrial leigde eg skibsbyggjar Olav T. oppsanger ved Gangstø paa Sunde til aa staæ for byggjinga av baaten. Ein av eigarane ved Gravdals Skibabyggeri laga ~~teikningar~~ teikningen (Herrman Gravdal).

Olav oppsanger var ein kraftig mann, han fekk med seg 4-5 andre og dei fekk akkord paa spanting som det heitte, - og gjorde det bra, og var fornøydde. Seinare fekk dei akkord paa aa leggja huda paa baaten. Dette skulde dei ha kr. 5 tus. for, og dei klara det paa 5 veker. Det var svært godt gjort.

Eg hadde store vanskar med aa skaffa tilvegars spiker, beslag og drev og div. -men eg klara det sovidt. Pengar maate og skaffast. Men eg kom i kontakt med to nordlendingar som var villig til aa kjøpa M.S. Toftøy som tyskerane hadde i si makt. Eg fekk 17 tus. kontant for denne, som løyste pengespørsmålet. Millom anna kjøpte eg Ein brukmaskin hjaa ~~Fjelands~~ moterwerksta i Leirvik i Sogn som eg tenkte aa bruka i baaten, naar den var klar for montering. Og i mai 1945 naar "freden" braut laus, var det berre styrehuset paa nye-baaten som mangla. Den hadde endaa til faat navn. "Bunes" skulde den heita. kjem

Men det er altsaa mykje som ~~finn~~ millom baatbyggjinga for me kjem til "fredsutbrotet" i 1945.

-I febr. 1944 fekk me høyra at det var eit godt sildefiske ved ~~bunnen~~ bømlø og ved karmøy. Ettersom me hadde gjort det svært godt paa dette "pitlefiske" aaret før vilde me gjerne vera med ogsaa dette aaret. Men so hadde altsaa tyskerane teke baaten min. Og baatar var mangelvara. Men bror min Magne hadde skaffa seg ein heller liten kutter, - med ein gammal maskin i. Den kunde ikkje lasta meir enn 60-70 hl. i stille ver. Det var lite, - men betre enn ingenting.

17.

So ein godversdag gjekk eg og han ut ~~Bømlafjorden~~, me tenkte oss til Karmsundet der det skulde vera godt fiske. Men naar me kom ~~Tjernagel~~ ut mot Tjernagel tok det til aa liggja daude sildar paa sjøen. Dette undra oss, - for snart auke det paa med sild som laagflaut paa sjøen. So mykje vart det at me tok haavarne og tok til aa samla silda opp i kutteren vaar. Det stilte og heilt av med vindar slik i kveldinga, so me gjekk i den retning det var mest sild, og dette auka ~~stigd~~ paa, det vart snart sild overalt. Naar myrkret kom og me ikkje lengre kunde ~~sjaa~~ silda, gjekk me opp paa Bømla-hamn og ankra for natta. Der kunde dei fortelja at det var eit mirebelte ved Urter som hadde eksplodert, og drepe all denne silda. -So snart det ljosna av dag var ~~ute~~ med robaaten og til aa samla opp sild, som det framleides var fullt paa heile sjøen, so langt me kunde sjaa. Det kom no og snart mange andre baatar som pitla sild av all makt. Og me tykte alle dette var eit lett vindt og makela ~~aukt~~ fiske. Men ei tid før middag tok det til med noko sydvestlig vind, - som auka meir og meir paa, og det som verre var, det kom drivande ein heller stor raud gjenstand som alle var klaar over var ei mine. Og miner vilde ingen av oss ha noko med aa gjera. Her paa Halsnøy hadde me akkurat høyrt at Oskar Skraamestø som var oppvaksen her paa Halsnøy, hadde teke ei slik mine inn i baaten sin ein stad ved Herdla. Den eksploderte der, - og sjølvsagt saag ein daa aldrig meir noko ~~mer~~ til han. So me rodde alle inn paa Bømlahamn, og venta paa at mina skulde eksplodera mot bergnakkarne utanfor hamnen. Slik at me etterpaa kunde ta til ått med sildepitlinga. Men tida gjekk og det kom ingen eksplosjon. Etter ei tid gjekk eg difor opp paa ein haug paa vestsida av landet der, som eg før krigen ofte hadde stade for aa sjaa etter ~~bilde~~ syner som me sa. Eg fekk daa sjaa at "mina" hadde dreve opp i ei bergskaar eit stykke nordvest for hamnen, og der var ho gaatt i oppløysning. Det var inga mine, men ein stor raud fender fyllt med treull. Eg skunda meg daa ned til bror Magne, og me tok baaten og rodde ut, fylte den med sild paa kort tid, for no hadde vinden samla silda i store mengder langs landet. Men ingen andre rodde ut før dei saag at me kom inn lasta med sild. Men paa spurnad maatte eg daa ~~fortell~~ fortelja korleis det hang saman. So rodde alle ut, og all silda vart bærga. Men ~~me~~ fekk altsaa ei heil baatlast ekstra paa grunn av denne "mina". -Me var einige om at dette var ei godsleg mina. Me pitla slik sild i eitpar dagar, og gjorde det sers godt. Ho vart levert til guano somdet daa heitte. Det var store mengder sild som vart minesprengt, og trulegt berre ein liten part som vart bærga. Det rak sild like intil Varaldsøy i Håndanger, og paa Sandvika her paa Halsnøy vart det og kjøy-rt eindel sild opp paa bakkarne til gjødsel. Kor mykje som vart liggjande att paabotnen ved Urter, kann berre verta gjisningar.

-Medan me heldt paa med denne sildepitlinga utanfor Bømlahamn, kom det eit engelsk fly innover oss. Det fauk sers laagt og me ~~fortell~~ frykta dei kunde finna paa aa skjota paa os, for dei saag nokk det var "matauk" me baita med. Et gjorde dei no likevel ikkje, - men dei skaut eitpar salver mot ein fyr paa ein ~~holme~~ holme der. Men ~~me~~ kunde ikkje sjaa at det gjorde noko skade. Den var no likevel sløkt. - Me var berre ein kort tur, mindre enn to uker, - men me tente bra med lettente pengar paa denne minesprengjinga. - Og det var det fleire som gjorde. Dette vart det siste sildefiske eg har delteke i.

-Ikkje lenge etter at me kom heim, kom det engelskmenn og slep-te bomber over ein skule i Laksevåg. Der miste Margrete Landa fraa Halsnøy mannsin og einaste sonen. Me sette daa i gang ein innr-samling til henne her paa Halsnøy. -Den var velluka.

## Okkupasjons-aara.

18.

Etter nyaaret 1945 vart det klaart for dei fleste at krigen vilde ikkje overleva neste nyttår. Det var sers mykje rykter om mest alle ting. Noko var i allfall delvis sanning. Men mykje var det reire tullet. - Som før fortalt så vart me her i Fjelberg so aa segja sparde for tyskerane. Dei var sers lite her. Men dverre hadde me det velkjende tilfelle fra Sunde der ~~en~~ tysker vart skote. Noko som førde til fleire arrestasjonar. Men dette har andre forlegst fortalt om i bokform. Men ein av dei som laag i "dekning" etter dette, Jens Røssland, som altid var min gode ven, fortalte meg etter krigen at eingong eg paa grunn av sterke ~~restaurand~~ austavind la meg til i ei utløda paa Bjellandsøy ved Sunde, samtidig som det laag to rømlingar i ei hytta der, vart eg fylgt "paa kornet" med eit maskin gevær, baade når eg gjekk opp og når eg gjekk ned fråa løda. Dei hadde vore nøydde til skjota meg om eg hadde gaatt mot hytta, mente Røssland. Eg hadde altsaa berre robaat i det høvet. Naar det gjaldt matforsyningane i Fjelberg i desse aara, so var den brukbar. Det var ingen som leid direkte naud, sjølv om det nokk var mangel paa baade det eine og andre. Søt mjølk var nokk det det kneip mest om, for smør var jo sterkt mangelvara, og ~~skink~~ svært godt betalt paa "børsen". Men poteter, sild og fisk var det som før fortalt nokk av til alle. Ville bær kunde folk skaffa seg til eige bruk fråa skogarme. Tytebær var det stor konkuranse om, so det maatte setjast ei fast tid for plukkinga. Eg kann hugsa at heradstyre eit aar gjorde vedtak om ~~xx23xungxxaxxxdxxfxxlegxx~~ at før 23 aug. var det ulovlegt aa plukka tytebær. Fristen vart og halde, - for den eine var redd for andre.

- Den sokalla forsyningsnemda var vel den som var mest upopulær i bygda, paa grunn av at sume mente dei gjorde forskjel paa folk. Men sanninga var nokk at dei gjorde etter beste evne, sjølv om eg nokk trur at brander dei hadde der tilslutt, ikkje var det verste som kunde henda der.

- Dei hadde paa loftet i det gamle kommunehuset paa Sæbøvik eit lite lager av serlegt mjøl. Dette hadde eit lag til minna sjølv om døra mest aldri var opna. Eg kann ikkje gaa god for dei som ville ha det tilgjengel av dette mjølet tokseg ut lemglaset. Men sjølv fekk eg ein heil sekk av dette mjølet i sept. 1945. Det var daa berre brukande til dyrefor.

- Sumaren 1943 hadde eg faat ein grisunge som gaava fråa ein god ven i Aakerfjordet. Det skulde vera som takk for veien eg hadde vore med aa laga der. - Det var svært vanskelegt aa halda liv i denne for folk som ikkje hadde jord. Det vart no fisk og poteter, - det hadde me nokk av, men mjøl til grisen det vart det lite eller mest ikkje av. Men fram mot jul i 1943 var han komne sopass at me trudde han nemaseg 60 kilo i slaktevekt. Eg fekk ~~da~~ ein dag med meg bror min, og me tok livet av grisen. Me var akkurat ferdige og hadde delt han opp i høvelege stykker for salting og hermetisering. Fryseboks var det ingen som kjende paa denne tid. Da kom nabokona ~~Elisa Mikkelsen~~ Elisa Mikkelsen og syster hennar gaa-ande.

Slakttinga føregjekk altso ute, og naar ho saag kva som foregjekk, ga ho ordre om ~~xt~~ kor mykje ho vilde ha av grisen; - og fekk ho ikkje dette vilde ho omgaa-ande meldar av til baade norske og tyske myndigheter. Eg tok daa eit stykke paa burtimot 2 kilo og vilde levera henne. Men dette nekta ho aa taka imot, - dei gjekk med stor fart for aa senda melding/udaaden. Eg trur og sikkert dei gjorde det. Eg høyrde daa likevel ingenting fråa noko hald.

Ellas var det jo litt "klabb og babb" i bygda naar det gjaldt tvanglevering av forsjelligt. Men i det store og heile maa me segja det gjekk, - etter tilhøva betre enn ein kunde venta. Folk tåk det rolegt og vetugt.

## Okkupasjons-aara.

19.

Slik folk i millom var tilhøva helst gode. For eks. engelske nyheter fekk me alle høyra, - mest daglegt. Rett nokk var alle radioapparat innleverte. Men bror min Gjert som hadde ei lita frakteskjøye fekk tak i eit apparat i Bergen. Dette gjøymde han i ei kol-last. Og naar dét kom til Halsnøy vart det teke i bruk i heste-stallen til Andr. Koløy. Som hans var gift med syster mi, og me fekk fraa det hald alle dei engelske nyheter som var aa høyra, og det gjorde alle andre og.

Det me under krigen likte svert lite aa høyra, det var om dei engelske angrep paa vaare rutebaatar. Diverre var det fleire som vart angrepne og søker, med tap av mange menneskeliv. Soleis Sigurd Kinn, med ei jente, herfraa Halsnøy som kona, Margrete Jul. Ein av desse baatarne vart søker her utanfor Halhøy, -(Iklosterfjorden)

~~Baatal~~ Det Engelske angrepet paa gruverne ved Sagvaag paa Stord var og av dei hendingar som sette "støkk" i folk. Men der var det visst ingen av dei "innfødde" som strauk med.

Skremde vart me ogsaa sjølvsagt naar me fekk høyra om hendingane paa Telavaag. -Men dette har andre fortalt om i fleire bøker. Dei har ogsaa saman med mange andre, nytta høve tilaa inbillia heile det norske folk den grove løgna om at Henry Rinnan var N.S. mann. Det var han aldri. Men dette er noko som den "avbrukne Geværs" regjering desperat prøver aa halda fast paa, samtidigt som dei prøver aa "dysse" ned, at Birger Eriksen som søker "Bluscher" paa eige initiativ, ~~xarx~~ han var N.S. mann. -Det er slik desse folk gjer mot andre, det dei vil andre skal gjera mot ~~xxixxxxxxxxx~~ seg. - Har lytt aa taka med ei nokso utruleg hending. -Strakst før fredsutbrotrt fekk eg høyra at Lølands motorverkstad i Leirvik i Sogn hadde ein stor bukt motor tilsalgs. Eg tok daa Sognebaaten fraa Bergen, - og kom greidt til Leirvik. Kjøpte motoren og vilde koma meg heim. Det var vanskeleg. Men tilslutt fekk eg "haik" med ein lastebil som skulde til Hyllestad der det skulde koma ein kystrutebaat om eitpar dagar. Men lastebilen maatte overnatta paa veier. Eg fekk daa omsider hus og nattelosji hjaa ei enkja ein stad eg ikkje lenger hugsar navnet paa. Eg var trøyt og la meg helst tidlegt oppe paa loftet. Før eg var sovna kom enkja opp og sette seg paa sengekanten, og tok til aa fortelja om "laust og fast" fraa heile bygda. Fyrst fekk eg høyra om kor forferdelegt "dei norske nassistarne" bar seg aat paa alle vis. Og det var ikkje smaateri ho "vart opp med". Men det var det aa merkja at dei "nassistarne" dei hadde sjølive i bygda, - det var toleg bra folk, - men dei i frå landet elles, - det var "fæle" folk. Men no skulde dei snart alle skjytast. So fekk eg navnet paa dei "nassistarne" dei hadde i bygda, - og paa dei "stripe". Enkelte av desse skulde og "kabbast" som ho kalla det.

Deretter fekk eg navn og adressa paa bygda sin heimefronthølding, - òg navn paa ei heilrekka av hans handgangne menn, - Ja stakkars henne om alt det ho forklarte for meg hadde vore sanning. - Det var "roksekjeerring" for alle pengarne. Om morgonen gav eg henne 10 kr. og for min vei. Ho tykte det god betaling. - Ho kunde umulig ha vore i nærleiken daa dei "fann opp krutet". Eg var for henne ein framand mann. - Etter krigshandlingane i Finnmark kom det fleire familiær hertil som rømdagar. Like-eins etter den engelske bombinga i Lakse-vaag. Desse maatte ordføraren skaffa hus til, - men det gjekk noksaa "smertefritt". Familen Wallen hadde endaattil ei kyr med seg. Den fekk og baade hus og mat tett ved Sæbøvik. Dei var alle takksame for hjelpa. Bror min Gjert vart gift med ei av dei evakuerte fraa Honningsvaag.

-Me hadde under krigen to helst store sardinbarikkjar paa øya vaar. Det var mangel paa tinn, so gikk ikkelegt blekk var ikkje aa skaffa. Men dei la ned brisling i svartblekk og sildolja.

## Okkupasjons-aara.

20.

Og etter tilhøva var denne toleg god. Men noko lang lagring kunde den nokk ikkje tola. -Men ~~xxxix~~ trulegt gjekk mest muligst av dette som krigsproviant til "Veremakta". Det var bra med brisling i fjordarne so det vart produksert bra kvantum. Og paa grunn av at fisket starta opp høgst seinast paa sumaren, so vart brislingen feit og fin, som gav god vara. Det gjekk ofte rykter om at det hadde vore "svinn" paa lagret, ved begge fabrikkarne, men eg høyrd aldri at nokon var "komen i heisen" paa grunn av dette. Men truleg er det rett at enkelte dreiv litt ekstra matauk paa denne maaten. Som tidlegare nemdt hadde handelsmann ~~Silseth~~ Silseth 70-80 utgangs-sauer ~~xxvxxmedxxmatauk~~ som ogsaa strauk med som matauk. - Desse fabrikkarne vaare la ogsaa kvar vinter ned stor og vaarsild som sokalla "kippers". Dette gjorde ogsaa at bygdefolk gaa paa fabrikken og kjøpa seg steikesild når det passa dei. Dette var baade god og nærande mat, - som hjelpte godt til i matauken desse aara. Han som var kontrollør paa Bjellands-fabrikken lika lite dette salget. Serlegt nekta han eingong aa selja agnsild til nokre som dreiv litt fiske. Dette førte til at ~~xxxxxxxxxxxxx~~ eg som ordførar maatte gjeva han litt ekstra "konfirmasjon". Dette lika ~~xxxxxxxx~~ han nokk ille, men alle andre tykte det var eit bra stykke arbeid. So fekk dei agnsild som vilde ha. Ogsaa kippersn gjekk sikkert til "Veremakta" for det meste. Dei to sardinbarikarne me hadde her like sidan 1907 har vore til stort gagn for Sunnhordland, og øya vaar i serleg grad. Dei har mykje av æra for den velstand me faktisk har her paa Halsnøy. Dei var ogsaa til stor hjelp under krigen, - som ovanfor nemdt. Ein av dei ting me passa på var at me fekk fram tidlige poteter. Kona mi hadd ein blomehage Øytt utanfor huset, paa sørssida. Tidligt paa vaaren 1942 vart alle blomarne flytte vekk og so snart snøen var burte, planta me ut ca 200 poteter som me hadde ale fram i smaa papirposar bak glasruterne i stovehusset vaart. Dei var 6-7 tommar naar me sette dei ut tidlegt paa vaaren. Me var heldige, det kom ikkje frost, so me fekk nye-poteter mykje tidlegare enn alle nabobarne. Det var mykjé under kvar stilk. So ofte var det nokk med ein eireste til middag. Dei vart derfor noksa dryge. Men naar det kom burti juli maared hadde alle tidlg-poteter. Rundt denne tid kom det to høgst gamle aalefiskarar til Toftevaag, - paa ei lita gamal skjøyta. Dei fekk aal. Ein dag kom ein av desse opp paa kaien med ei bytte. Han vilde opp aa sjaa om han kunde faa kjøpt ei bytta poteter, for ells var dei sjø matlause at dei maatte reisa heim. Etter ca. 3 timer kom han att med bytta like tom, og var paa graaten. Det var ingen av gardbrukarane som kunde avsjaa ei bytta poteter. Eg tok han daa med meg til kona sitt blomsterbedd, og spadde opp nokre stylker til bytta var full som han fekk for ingenting. Eg har aldri sett nokon vore so takksame. Eg fekk i fleire aar julekørt frå vedk. Han kalla seg Dave. og var frå Karmøy. Det var elles svert lite det vart fiska etter aal og hummar under krigen. Folk fekk mykje lettare pengar ved aa arbeida paa tyske flyplasser, transpotera sand ~~dårekrigsmatrial~~, laga kanonfundament og liknande. Aal og hummar fekk difor veksa aa samle seg i seks aar. Slik at naar me tok til med fiske etter hummar og aal i 1946 fekk me store fangstar, og gjorde det storgodt, fjordarne var fulle av aal. Og hummar var det fleire under mest kvar Stein, sjølv langt inn i fjordarne. -Men no er hummaren mest utrydgja, og aaler minkar det og svert paa. -Hummar vert det nokk ikkje aa få nemnde av, før etter neste krig, om det lever ~~xxxxxxxxxx~~ nokon att daa. Eg skulde gjerne livt ei kort tid, paa den tid, for aa faa sjaa kva for uskuldige dei daa skal kasta seg over.

## Okkupasjons-aara.

21.

I gamle Fjelberg var det rett mange som dreiv fiske, og me hadde mange fiskebaatar. Likevel hadde det aldri vore halde kystskipperkurs i kommunen. Som ordførar fekk eg i stand to slike kurs, og det var ca. 20 ungdomar som skaffa seg sertifikat frå desse kursa. Som lærar fekk me kaptein Alfred Aasbø frå Stavanger. Og ein av sensorane ved eksamen var skeibsredar Risanger frå Haugesund. Det var stor fest ved begge avslutningane. Det var ingen som "strauk".

Stortingsmann Haldor Haldorsen nytta under krigen ~~xix~~ noko av si arbeidskraft til aa planleggja kraftutbygging her i Hordaland.

Han laa grunnlaget for A.S. Blaafalli, og sende ut eit rundskriv til samtlige kommunar i Sunnhordland, og bad om ordførarane sine meiningar om dette, - innan ein rimeleg tidsfrist. - For min part sende eg strakst eit posetivt svar. Eg meinte at kraftutbyggjing burde verta eit av dei ting som burde verta høgt prioritert etter krigen. - Men dette synet maa eg ha vore noksaa eirsam om, for etter ca. 3 maanader kom det eit nytt skriv fråa Haldorsen, der han ba om svar, - og la til at det vilde vore ynskjelegt om alle ordførar ~~kunne~~ i Sunnhordland hadde same synet som ordføraren i Fjelberg.

Eg og Lars Gjerde vart i høve dette skrivet frå Haldorser einig om at det vilde vera formuftigt aa setja av ein so stor summ som mulig som elektrisitets-fong, til bruk etter krigen. Og me gjorde framleg om dette for heradstyret. Og det vart so vedteke aa setja av 50 tus. førkrigs-kroner til dette føremmal. -Og desse kom nokk godt med daa me fekk utbyggjinga i slutten av 40 aara.

Det kan her passa aa nemma at daa Valen sjukehus eitpar aar før krigen, fekk ferdig det kraftverket dei enno brukar paa Valen, so tilbaud direktør Lunde Fjelberg heradstyre 200 kilovatt fordelt som ljós paa Halsnøy. Etter tilraading fraa fire av dei vitugaste dei hadde i Fjelberg formannskap paa den tid, so takka heradstyret ~~xxxx~~  
nei!, til dette. So kann einkvan svara paa kor mykje pengar folket o paa Halsnøy tapta paa dette, - berre i storre utbyggjinsg - kostnader. - Men slikt faar ein "æresløn" for paa Halsnøy.

--Fraa mi ordførartid skal eg og ta med eit eks. paa kva smaa menn i store stillingar kann finna paa aa brukta tid og penger paa, - endå til

--Hordaland fylke hadde paa den tid eit pengefond "Til praktisk opplæring for øvnerik ungdom". - Ein ungdom her, Nils T. Engelsen kom ein dag til meg og bad om orientering om dette fondet. Det fekk han,- og me sat utover kvelden og skreiv søknad om støtte for Engelsen. Men so var det det, at søknadsfristen var overskreden med mest to veker. Dette var ein fredag og eg viste at søknaderne skulde handsamast paa mandag. Brevet maatte derfor gaa snarast, og det var med ein rutebaat laurdagsmorgen kl. 5.- - Men so viste det var hverken eg eller han hadde frimerker. Dermed sette eg eit offentleg-sak frimerke paa brevet og Engelsen la det i postkassen daa han gjekk heim. - Etter vel to veker kom dette tilbake til ordføraren i Fjelberg,- fraa politimester Cappelen-Dahl, med spørsmål om kva for offentlige interesser ordføraren hadde vareteke naar han brukte offentlig-sak - frimerke paa dette brevet. - Det vart ikkje sendt svar. So gjekk det vel burtimot 3 veker, so kom det eit nytt "purrebrev" som vart opp paa det fyrste. Etter paalag to veker kom det daa eit tredje, rekondert purrebrev med knapp tidsfrist for aa avgje svar.

- Han fekk daa svar omtrent slik,-  
"Herr politimester Cappelen-Dahl,- jeg har mottatt Dere s brev av d.d.  
og jeg har mottatt deres purrebrev av d.d. - og videre ogsaa Dere s  
rekommenderte purrebrev av d.d. -- Som svar paa samtlige ovenfor  
nevnte brev, kann opplyst jeg paa mitt kontor har mange hyller,  
øverst oppi østre hjørne har jeg en hylle hvor i legges slike brev  
som ikke skal besvares. De meddeles herved at samtlige ovenfor nevnte  
brev ligger i nevnte hylle".

22.

Eg høyrde sjølv sagt aldri om dette. Men eg kann tilstaa at eg kjenner ein viss fryd innvortes, når eg i tankarne ser for meg den "store" mann, naar han las brevet. -Kann leggjea til at Engelsen fekk stipend, og vart etter krigen ein kjend elektrikkar her paa Halsnøy.

-Som før fortalt dreiv me med mest mulig veibygging til "Freden braut laus". Og eg er noksaa sikker paa at i høve til folketalet hadde me i allfall Norges-rekord paa dette området. Kann og nemma at me millom anna også kjøpte inn tomt til nytt skulehus paa Fatland i denne tida. -Dette vart kritisert ~~xxxxxx~~ i det nyvalde heradstyret etter at "freden braut laus". Men var det so uheldigt for dei kritiksjuke, at lærar Lars Gjerde baud seg til med (glæda aa overta tomta for det som var betalt for han). -Men det unte dei han sjølv sagt ikkje, so vart det "dott i bjølla". Eit bra skulehus staar no paa tomta, og er daglegt i bruk.

-- Eg kann og godt hugsa at i februar mars 1945 kom det ein dag to godt "ansedde" ~~xxx~~ bygdemenn til meg og navngav 3-4 av sine sambygdingar, som dei krov at eg skulde anmelda for svartebørsverksemder over lengre tid. - Daa dei skjøna at dette vilde eg ikke gjera, vilde dei vita grunnen. Eg forklarte dei daa, at naar alle ordførarar om ikkje so mange månader skulde skjytast eller hengjast, "so vil begge de karar vera millom dei som ropar at, -- heis han litt høgare". --Dei gjekk skuffa burt.

Dei fleste vestlendingar hugsar nokk og, at tyskarane forlangde at alle som budde i den sokalla "grensesone Vest" skulde ha Grønseboar-bevis. Det var som eit klags pass, - med stempela bilde og undeskrift. Ein fekk dette hjaa lensmannen. -Fraa eit eller anna "hold" kom det ~~xxxxxxxxx~~ daa rykter om, at det var sers prisverdig, om ein let vera aa skaffa seg dette. Og eg kjenner til at ~~xx~~ to bygdemenn som heldt seg til dette, - gjekk "paa ank" heile resten av krigen, kvar gong det kom tyskarar til øya vaar.

-Dei meinte nokk dei gjorde stor krigsinsats med dette.

Me hadde under siste del av krigen Ivar Svendsbø fraa Vikebygd som lensmann her i Fjelberg. Det var ein sers dyktig ~~xxxxxxxxxx~~ mann, velmeinande og hjelpsom, akkurat som sin fogjengar J. Johnsen. Dei ordna begge alt paa beste måte for bydefolket, - so sannt det fanst raad med det. Den siste rømde ~~ellies~~ landet etter det sokalla "Bettssoppgjøret" her. Og vart ein veikjend hoteldirektør i Sverige. Han kjenner seg nokk kraftig "sveken" av sitt tidlegare fedreland. Personligt minnest eg han med stor takksemde. Og eg veit og at det burde alle ibuararne i hans distrikt gjera. - Og dei som er ærlege gjer det nokk også, sjølv om det eigentlig ikkje er tillede i Berghardsens demokrati.

-Som fortalt bygde me sers mykje veier i Fjelberg under krigen. Og det gjekk bra ved alle anlegg. Men for Veien -Toftevaag -Landa lagde grunneigarane ~~xxxxxxxxxx~~ med Johs. Silseth i spissen, alle dei vanskar som norske juristar kunne faa til. Og dei var nokk svert baade sine og skuffa når dei likevel ikkje klara aa faa anlegget stoppa. Eg hadde personleggt eit heilt utrøegt arbeid med aa halda arbeidet gaa-ande. Og skaffa meg nokk uvenner av denne grunn. Og som nermast "dødsfiende" fekk eg Sørenskrivaren Haukaas paa Stord, som seinare dømde meg til 32 tus. i erstatning for alt det galne eg hadde gjort, og som eg betalte med førkrigs-kr. so eg skulde verta skuldfri, - trudde eg. Men aldri vart.

Når det gjeld den her omhandla vei, so bur no 6-7 stk. av grunneigarane sine born, tett ved veien, og brukar han som sin einaste tilkomstvei. Og fleire vil det sikkert verta i framtida

## Okkupasjons-aara.

- 23. -

I høve at me under krigen planerte ferdig heile veien fraa Gravdal til Sjøvangen, - under leding av ingeniør Finn Witter ved Stø<sup>o</sup> veikontor, gjorde han framlegg om at dersom grunn-eigarane vilde vera med aa dela paa omkostningane, so skulde den sokalla Gravdals-myra paa burtimot 100 dekar verta senka i forbindelse med ~~xxix~~ veibygginga. Ettersom eg var klaar over at so mykje einighet var ver det ikkje raad aa faa istand, gjekk eg til alle grunneigarane og spurde om eg kunde faa kjøpa heile myra ~~xxxix~~ personligt. Men det syntet seg daa at dette stranda paa ein av eigarane. For der var det fleire syskin som skulde gaa i gang med dyrking og bureising der, med det aller fyrste. - Derved vart dette "droppa". - Om denne myra etter det, nokon-gong vert teken i bruk kann nokk ingen svara paa, endaa i dag. Den ligg i allfall framleides som den har gjort det i mange tus. aar.

Når det gjeld det sokalla kulturlivet her paa Halsnøy, trur eg nokk det er dekning for aa halda fram at det finnst ein eigen kultur her paa øya vaar. Det kjem for ein del av at det fyrst i 1920 aara, kom ein sokalla emisær, reisande for Kina-misjonen her til Halsnøy, Peder Berge, ham skremde folk av i Hallesby-stil, slik at det vart ein stor "vekkelse" paa heile øya. Mest alle vart "gudelige", baade eldre og yngre. - Dette held fram i fleire aar, men fekk ~~xix~~ eit stygt tilbake-slag, daa ein annan ~~xxix~~ "profet", var so uehdig at han fekk ein urge med syster til kona si. Slikt var jo stor synd, sjølv om Jakob fraa Bibelen vitterlig fekk to systre, Rakel og Lea til koner, pluss to medkoner, ved Guds Hjelp. Men sjølv om "gudeligheta" tok litt skade av dette, so har den likevel halde seg eirdel like til denne dag. Og under krigen var det ingen som hadde nokonmerknad til desse folk si verksemd, det eg veit i allfall. Endaattil Sokneprest Aarseth fekk som før nemdt "Boltra seg" fraa prekestolarne i fleire kyrkjer, alt han lysta, og det var ikkje so rådt lite. Kor stor verknad dette haade på krigsganger paa slagmarkene, har vel ingen lagt merke paa. So i mitt herad fekk alle halda fram med si verksemd som før krigen, utan vanskar det eg veit.

- Ùmgdomarne hadde heller ikkje so store krav i denne tid. Som før nemdt fekk dei løyve til aa bruka det gamle kommunehuset på Sæbøvik, til folkevise-leik og liknade. Og det gjekk so fint for seg at det kom ingen klager til meg i allfall.

"Et vart ogsaa av og til skjipa til private dansar fleire stader i Høradet, utan at dette skaffa ~~xxxx~~ vanskar for ~~xxxx~~ nokon. At lærar Jon Solheim var formann i Heimefronten trur eg dei fleste vaksne paa øya kjerde til. Og trupleg hadde vel han litt forbindelse med sine "medsammenvorme" slik i alle stilhet. Men trur eg dei fleste tok alt baade rolegt og vøtugt. Eg vil næstan at i heile Fjelberg hadde alle det so bra, - eller betre, enn ein kunde vanta slik tilhøva var i mest heile verda. - Eg vil næstan for rame alvor at dei fattigaste i Gerhardssens "Harde trettiaar" leid meir, baade raud og mangel ein dei gjorde i Fjelberg under krigen.

Eg er overtydd om det var likeeins i største delen av i allfall lraadsbygda i Norge., - dersom ein vilde var ærleg, - men det ~~es~~ er jo slett ikkje lovlegt i Gerhardssens Norske "Demokrati".

- Iden utsendte rettleiding vert det paa slutten spurt om krigstiden skapte ein ny solidaritet ~~xxxx~~ mellom folk. - Svaret her er at i allfall paa føt omraade gjorde det dette. -

- Og det er nær det gjaldt aa skulda "S. medlemerne, for alt det som "den avbrukne geværs" regjering eigentlig hadde det fulle og heile ansvaret for. Altsaa for okkupasjonen, og alt det denne førde med seg.

24.

Det er og ein kjendsgjerning at ingenting av all den "ondsinna" "hets"-propaganda som kom fraa dei utenrikspolitiske -An-alfabetarne i London, - vart praktisert i gamle Fjelberg. Det ~~texx~~ raadde fine og gode tilhøve millom dei allerflest i heile heradet. - "Oko slikt som mobbing i skulen var heilt ukjendt, sjølv om me hadde hatt ein del av dette, før okkupasjonen, men daa heilt andre grunnlag enn det politiske.

Slikt som "straumsparing" var me sparde for under krigen, takka vere at det heradstyre me hadde før krigen i 1937 eller 38, sa nei til tilbodet fraa Lunde ved Valen sjukehus, om aa faa ljos over til øya yaar fraa sjukehuset sin nye kraftstasjon.

Defor vart det ikkje so mykje arbeid med blending heller, me hadde jo berre ein oljelampe i dei mestraudsynlige rom.

Den psykiske helsa var og god. Eg kann ikkje hugsa eit einaste nytt tilfelle av sindssjukdom under krigen her paa øya.

- Og skal ein tru paa den statistikken som er offertliggjort etter at freden braut laus, so vart ogsaa den fysiske helsa tydeleg betre millom nordmen, paa grunn av mindre fett og sukkerholdig kost.

Serlegt magesaar og hjarte og karsjukdomar var det mindre av.

--Naar det gjeld sabotasje so kjenner eg berre eit einaste tilfelle, og det bar til, eitpar veker etter at freden braut laus.

Ein kjend bergensar C.K. Weise kjøpte ei tid før okkupasjonen eit jordstykke her ved Nore Toftevaag. Det var vel ca. 10 dekar. Han let dyrka opp, og det var nokk meinings at han vilde byggja og bu her paa sine eldre dagar. Han var millionær, og van til aa faa alt slik det passa han. Paa dette jordstykke fylgte det ogsaa med eit sokalla husmannsplass, som det framleides budde ein familie paa.

Desse vilde den nyinflytta ha vekk. Dette fekk som resultat at eg som ordførar brukte "gaardsvold" sin sokalla oreigningslov, slik at Weisen maatte overlata denne husmannsplassen til dei som hadde huset sitt paa han. - Nolevande Alfred Pedersen. Dermed fekk eg Weisen som fiende. - Men han vart ogsaa sjølv svært so upopulær, ~~xxxxxxxxxxxxxx~~

serlegt millom ungdomarme, ogsaa paa grunn av mindre heldige utalelsar i høve oreigningssaka. Han hadde ogsaa ordna seg med ein god og stor flytekai i Nore Toftevaag. So hadde han ein sers"flott" oselvar, rigga med fint segl, og flotte messing-beslag. Og baaten elles som den fiaaeste fela, - utan overdrivelse. Ein maatte mest gaa paa sokkeleisten om ein vilde vaaga aa gaa ombord i han. Weisen budde hjaa ein mann berre vel 100 m. fra sjøen her i Toftevaag. Ein morgen han saag ut glaset fraa soverommet, saag han det laag ein svartfering og rak ute ved Toftøya her. Men dette rakte jo ikkjem han. Men seinare same dagen skulde han ned eit erind i naustet. Daa saag han at den flotte oselvaren hans var ikkje lenger i naustet. Han leigde daa ein mann med motorbaat, og for i mange timer rundt for aa leita etter den fine feringen sin. Han kom at i kveldinga utan aa haa sett nok til baaten. Med same han daa kom opp paa trappa til huset der han budde, saag han at den svarte baaten, - endaa laag paa same staden ved Toftøy og rak. Dette var sopass mistenkjelegt at dei paanytt gjekk i baat, og for burt for aa sjaa nærmare korleis dette eigentlig hang saman. Det viste seg daa at det var Weisen sin nyelakka ~~xxxxxx~~ oselvar, ---- men - men, - den var heilt oversmurt med blakformis eller koltjøra, og var ikkje til aa koma nær. Det var ikkje ein flekk hvarke utanpaa eller inne i baaten, som ikkje var kraftigt innsmurt. Ertil var den ankra med fleire kraftigt tunge steinar, som ikkje var til rikka med handemakt. Det vart til at det maatte skaffast fleire mann for tilslutt aa faa baaten heimatt. Og dei vaske paa han i fleire dagar. Og det gjekk nokk med mykje vaskemidlar i det høve. - Det førte tilslutt til at Weisen, selde sin eigedom her, og kjøpte seg inn paa Nøtterø ved Oslofjorden.

25.

Eg kunde sjølv sagt fortalt ei mengd hendingar etter mi ordførartid. Men dette fører vera ein liten smak. For no etterkvart som det varast i 1945, skjønna alle at dette maatte verta den siste krigsvåren. Og 8 mai braut altsaa "freden" laus.

Eg for min part tok det berre rolegt, me høyrdé i radio om at alle ordførar og liknande skulde faststjast og eventuelt skjotast, eller deporterast til Bjørnøya. Etter eit par dagar ringde eg til heimefront-høvding Jon Solheim, og vilde veta kva tid dat vart arrestasjon for min del. Han opplyste daa at heimefronten i Fjelberg ikkje hadde noko krav om arrestasjon for min del. - Ettersom eg var godven med Jens Eldøy paa Stord, som var nestkomanderande i heimefronten for eit større område i Sunnhordland, ringde eg til han for aa verta betre orientert. Eg fekk daa opplyst at ein Henry Eide fraa Halsnøy ~~hadde~~ hadde ringt til han fleire ganger og kravt at eg maatte verta arrestert, og hadde kvar gong faatt som svar, at dette ikkje kom på tale. Dette var altså den same Eide som var eigar av M.S. "Diamant" som i følge skipper T. Fjelland, i aarevis hadde vore itysk fart omkring Stadt, - og millom anna hadde transportert baade kanoner og ammusjon for "Vermekta". - Han vart seinare paakjørt av ein ~~xxx~~ motorsykkel her paa ~~Halsnøy~~ Halsnøy, og døydde av dette.

Men han hadde nokk ikkje slege seg tilro med dette, for eitpar dagar seinare kom det ei motorskjøye med mykje krigsmakt ombord, og kravde at eg skulde bli med dei. Desse folk var graa Etne.

At eg forklarte dei kva heimefronten rundt hadde sagt, var det ingen hjelp i. Eg hadde berre aa fylgja med. Saman med andre som var ombord fraa før, vart me so førde til Leirvik paa Stord. - Og neste morgen gjekk turen so til Bergen med ein rutebåat.

Me kom dertil ei tid ut paa ettermiddagen. Her var det nokk kungjot paa fyrehand i god tid, at no kom dei til Bergen dei som var skuld okkupasjonen, og alt det som den ~~xxx~~ førte med seg. Det var svart av folk so lagt me kunde sjaa. For at det skulde vera langt vei til raadhuset, vart me sette paa land langt ute mot Bontelabo. So var det sokalla "spissrottgang" heilt til raadhuset. Ein ~~xxxxxx~~ umaaletleg tjukk mann gjekk føre og styrde farten som skulde vera langsom. Og umaaletlegt med skraal og skrik var det.

Etterkvart kom me daa likevel ~~xxxx~~ under tak i raadhuset. Vart innkalla til ein uniformert person, og fekk utlevert eit papir der det stod at me var vara teks-fengsla i 30 dagar, skulda for medlemskap i "S.S.", og for min part for aa ha vore ordførar i Fjelberg i ca, tre aar. Omsider vart me so innkvartert i eit gamalt hus, som eg trurstod oppe paa den sokalla Engen.

For min part var eg litt usikker paa kva dette kom til aa utvikla seg til. Men det var det nokk ikkjem alle som var, for neste dag tok det plutseligt til aa brænna i det gamle trehuset. Me var heile oppe paa loftet i huset, og det tok til i inste enden, og spreidde seg so snart at det var berre sovidt me alle kom oss ned trappa før heile huset var overtent. Det kom jo snart brannfolk, ~~xxx~~ men dei kunde ikkje hindra at huset brann ned til grunnen.

Me vart under dette samla i ein ingjerda hage i nærleiken. Det var tydelegt at dei var noksaa spente paa om nkon av dei arresterte hadde nytt høve og stukke av. Men det hadde altsaa ingen gjort.

Mesteparten kunde sikkert "Stroke sin koss" om dei so hadde vilja. For dei som skulde halda vakt var ikkje fyrebudde paa noko slikt, og det var fullt kaos med same branden starta.

Etter dette vart me teken inn i lastebilar og kjøyrde til tyskerane sin konsentrasjonsleir paa ~~Espeland~~ Espeland i Haus. Der var det alt komme mykje folk fraa før, og var heller trægt om plassen.

-Og so braut "freden" eller rettare salt Helvete laust.

Me nyankomme vart kommanderte til oppstilling langs brakkeveggerne, med ansiktet inn mot veggen. Deretter vart alt som me hadde i ~~xxxx~~ lommerne teke fraa os. Millom anna miste eg der ein gullfyllepenn eg hadde faatt i gaava daa eg sluttta hos Wallundahl i bergen i 1936

So vart det ordre om at me skulde staa heiltci "Givakt", og dersom nokon ikkje lydde fullt og heilt ordre, - ~~xxxxx~~ elles hadde skavankar som gjorde at dei ikkje kunde lyda ordre, ~~het~~ heilt ut, so vart det skote med skarpt rundt føterne deira, so mold og stein rauk.

Vakterne gjekk og rundt og snakte seg imillom, men som alle kunde høyra, kor marge som skulde skytaast for dagen i tida framover. Dette stod paa i vel fire timer denne første dagen.

Me vart etterkavrt ikke varterte i eit heller stort rom. Me var truleg 25 - 26 stk. i det rommet eg kom med i.

- Leiren var jo laga av tyskerane, med piggetraad rundt det heile, og vakttaarn med høvelege millrom. Der det var plasert godt væpna vakter døgeret rundt. Det var strengt forbudt aa sjaa ut glasi, Dersom nokon viste seg der, kom det øyeblikk eit kuleregn der.

- Mat hadde det tilhessar vore mest ikkje av. ~~xxxxxxxxxxxxxx~~ Til kveldsmat fekk me eit brødstykke ca. to tommar langt, og eit smørstykke som skulde vera 20 gramm. Dette skulde me dela i to slik at me ogsaa hadde frukost av dette. Eg tryr likevel alle aat opp alt til kvelds. Om brødet var laga delvis av sagmugg, kann eg ikkje seigja for sikkert, men slik smaka det i allfall.

So noko mat til frukost neste dag vart detz altsaa aldri. Men middag skulde me altsaa få trudde me. Men det gjekk snart opp for oaa at me skulde sveltast, - helst ihel. For middagen me fekk var ikkje folkemat i det heile. Det kunde vera to -tre poteter, so store som valneter. Ofte delvis rotne. So kunde det vera ein fiskebit, av salta fisk, so stor som ein stukkedaase, sjeldan større. Eller det kunde vera ei halv sild, meir eller mindre skjemd.

So kom dei altid med noko dei kalla suppa. Det var noko grønt vatn. Det hadde vore slept oppi litt grønsakpulver, - men ettersom det ~~xis~~ aldri vart opprørt, laag dette igjen paa botnen av spannet, og vart sikkert gjeve til vakterne sine griser, som dei seinare skulde halda fest paa. So om kvelden var det, det vesle brødstykket paanytt.

- Om dagen var me oppdelte i arbeidslag, for arbeidast det skulde ~~xix~~ det sjølvsagt. Ettersom den mater me fekk ~~xxxxxjamgodixxxxx~~ var mest jamgodt med ingenting, braut det etter nokre dagar ut dysenteri. Og paa grunn av at det var forbudt aa gaa paa klosætt etter at det var mørkt, maatte det brukast bøtter inn i det rommet me hadde til soveromm. Ei natt stod det mindst 10,- ti bøtter meir eller mindre fulle med dysenteri -avføring. Dette varte i mange dagar, - kanskje to veker. For min part slutta eg aa drikka det grøne vatnet dei kalla suppa, - daa vart eg god av dysenteriet. Eg har derfor sterkt misstanke om at det var blanda eitkavrt i dette vatnet, for at me skulde ~~xix~~ verta sjuke. - Mange var i allfall svert sjuke, men fekk ikkje doktorhjelp. -

Me som kom fraa Sunnhordland vart likevel ikkje so svert lenge paa Espeland. Eg vil tru ca. ein maanad. - Om det var svenske-soldatar eller heimefrontarar som styrde med denne leiren veit eg ikkje. Men dei dreiv i allfall terror, - etter beste "Bolsjevikoppskrift". Om ein av fangane møtte ein av vakterne ute i leiren, skulde han gjera stram "honnør". Som det kunde vera skjønelegt vart dei dette ikkje altid gjort etter deira oppskrift. Da brukte dei ofte å skjyta med skarpt rundt føterne eller hovudet til vedk.

- Millom deisom var samla paa Espeland var det ein ungdom fraa Mathopen som hadde delteke i krigen paa Finsk og tysk side. Han hadde truleg ikkje gjort skikkelegt "honnør" til ein av vakterne. I allfall fekk han ei kule gjennom redste delen av ryggen, slik at han vart lam nedantil. Han kom no paa sjukehus, Kommeinare att, og gjekk paa to krykkjer. Han var likevel so heldig at han fekk førligheta nokolunde att. Guten heitte Oskar knutsen, og driv no gardsbruk paa Skjersvik i Etne kommune. Det er utanfor all diskusjon at om tyskerane hadde late sine

fangar faa so lite mat som me fekk i dei fyrste 10 vekerne, so kunde ikkje ein einaste ha overlevt og kome att til sine heimland. Det vilde vore fysisk umulig.

So her har Gerhardssens "Demokrati" noksaa sikkert verdsrekord.

- Det var elles terror av alle slag her paa Espeland, Alt sikkert etter tysk og Bolsjevikisk oppskrift, - berre endaa meir utvikla. Om ein vil høyra meir om dette kann ein berre lesa sigerherarne ~~xix~~ sine beretningar, om det dei var ute for. Eg kann kjenna at det mestee. Det "avbrukne geværs" regjering hadde lærvillige disiplar.

Eg hugsar ikkje heilt nøye, men eg trur at me hadde vel vore paa Espeland ein fire fem veker, daa me vart kjøyrde til Ekelund Ands-svake-skule, som het daa heitte. Eg kom daa ilag med Sjurd ~~Tjeldflaat~~ Tjeldflaat fraa Aakra, som eg kjørde fraa mi tid paa veibygget i aakrafjorden. Det var ein "kjermekar" og me vart snart gode venner. Terroren var her om muligt endaa verre. Maten var etter same opp skrifta som paa Espeland, so etter ca. 10 veker hadde eg teke av 11 kg. Og det eg slett ikkje var ~~xix~~ serlegt tjukk paa fyrehand. Det vart ogsaa som paa Espeland skote mot dei som viste ~~xix~~ seg i vindauge, og rundt øyrene paa dei som ikkje gjorde undedanrig honnør, naar dei trafte vakterne ute i leiren.

- Om eg ikkje hugsar feil var det paa Espeland at Gjert Daae, som hadde vore ordførar i Marsfjorden var innkvartert. - Det var ein eldre mann, - medlem av N.S. - Han tolde ikkje terroren og vart sjuk, med høg feber i fleire dagar. Men va-rt nekta doktor.

Han leid mykje vondt før han tilslutt døydde. Det skulde vera difteri. Som hans var ogsaa i leiren. Eitpar dagar etter at han var død, - fekk han ein fin omtale i "Morgenavisen" i Bergen. - Men etter endaa to - tre dagar kom det ein beklagelse over at dette var kome paa trykk. Mannen var "landssvikar". Det stod ingenting om at mannen var torturert til døde i lands-fader Gerhardssens demokrati. Eg har seinare svakka med fleire personar fraa Marsfjorden, som fortel at mannen var av dei best ansedde i bygda, -- Før den "avbrukne geværs" regjering gjorde han til "Landssvikar", med tilbakeverkande kraft.

Etter at me kom til Ekelund gjekk det etterkvart opp for oss alle, at me skulde i allfall gjerast helselause, eller vonlegt heilt daude, av mangel paa næring. Eg og Sjurd Tjeldflaat gjekk derfor stadigt paa jakt etter mat. Det var ei loda der, med eindel griser i. Der var det von om ~~aa~~ finna forsjelligt. Fleire gonger var me ~~med~~ heldige og kom over restar fraa vakterne sitt kjøkker. Det var strengt forbudt i visa seg i loda, og ein risikerte kuler rundt øyrene om ein braut forbode. - Men svolten var sterk, - so me fylgde med kvar vakterne var, og so smette me oss til loda. - Kvar ettermiddag. Ein dag kom me over eit halvt meierispenn med prima risengrynsuppa. Daa vart det storfest. Det var ka og lapskaus eitpar gonger.

Eg tok daa med meg full ein tom fiskebolle-boks. Men dette vart oppdaga av ein av vakterne, og eg maatte levera han boksen.

Eg har sjeldan hatt so stor lyst til aa avliva nokon, som eg daa hadde. - ~~Eg~~ dag kom eg og Sjurden over ein mest full sinkstamp med ~~xix~~ god ertesuppa i grisehuset. Men veret var varmt, og det sa "plupp - plupp" i stampen. Det var gjerding i suppa. Ho var sikkert lagra ei tid med vilje for at "landssvikarane" ikkje skulde kunna eta henne. Eg sette meg daa ei tid paa ein kasse og saag paa ~~xix~~ pluppinga. Etter ei tid tok eg ei tom sardineska som det trulegt hadde vore gjeve mjølk til katten i. Vaska henne under springen fylte henne so med ertersuppa. - Att so eindel av dette og sette meg paa kassen til aa verta paa verkraudan. Var førebudd paa noko av kvart. Men so god ertesuppa har eg aldri smaka, so eg smaka meir og meir paa suppa, ettersom den planlagde magesjuka den meldde seg ikkje. So baade eg og Sjurden aat oss "sprekkmette". Og det gjekk bra. Me gav beskjed til dei andre om den gode suppa, og eg rekna med at alt vart oppete utover dagen.

Ved sida av løveggen stod det også ei avfalstønna. Der vart kasta slikt ~~xxx~~ avfall som dei ikkje vilde risikera å gjøva til griserne.

Dei kunde stryka med. Likevel vart denne daglegt undersøkt.

Ein dag var det kome 10 -12 store pylsere i turna. Dei var ca. 1 alen lange og omlag 3 tommar i tverrmaal. Men dei maatte ver sers gamle, for det var ca. 1 cm utanpå pylserne, som var heilt røte. Etter eindel spekulasjon vart alle pylserne tekne bort til ein liten ~~sunxfaxx~~  
~~xxx~~ bekke som fannst i nærlieiken. Det vart pylserne skrapa med høvelege trepinnar til alt det som saag røte ut var vekke.

Deretter vart dei kraftigt vaska i bekken, og skrubba med kost.

Og deretter vart ~~xx~~ pylserne oppetra, - alle som ein. Og dei smaka godt. Det var nokk vetaust gjort. For om det hadde vore botulisme i pylserne, røko det godt kurde vore, so hadde nokk samtlige av dei der samla "lands-svikarar" stroke med, og dermed hadde "den avbruken" geværs regjering faat sine planar oppfylte, for vaart vedk.

Eg og Sjurden oppdagja at naar me først var komne inn ~~xxx~~ lyda kunde me berre reisa heim om me so vilde. For løda stod heilt inn til den offentlige veien som gjekk like forbi. So det var berre aa sleppa seg ut eit glas og so springa eit kort stykke bort til veien. Sidan me brukte vaare eigne klær var det seinare ingen som kunde finna oss der, om ikkje ein heilt tilfeldigvis skulde sjaa oss akkurat medan me kraup ut vindauge. Vakter var aldri paa denne sida av løda, det me la merke til. Dei helt seg meir i sentrum med si terrorverksem. Det vart daa likevel aldri til at me gjorde noko alvor av slik heimreis.

- Ein kveld kom det rykter om at dei skote etter vakterne paa Ekelund. Politiløytnant Djuvik fraa Bergenspoliti kom daa til Ekelund. Og Alle insette ~~xxx~~ daa komandeerte ut, og oppstilte i geledd. Millom andre også ca. 20 kvinner. Det vart kommandert givakt. Og bevepra vakter kontrollerte at ingen gjorde andre rørsler enn aa blunka. Om nokon leda paa seg vart det skote millom beina so mold og sand rauk. - Det var ikkje so lenge for dei svakaste falt om, besvimte. Baade menn og kvinner. Dette tok til millom kl. 11 og 12, - og det skulde halda fram i 4 timer vart det sagt. Men det vart avslutta etter ca. halve tida, paa grunn av at 2 av vakterne vilde heim og leggja seg vart det sagt. Det var 7-8 av kvinnene, og fleire menn som laag att besvimte. Politiløytnant Djuvik som var sjef for dette er for fleire aar sidan no, "faren ned til sitt opphav". Grunner til at folk besvimte etter heller kort tid, var sjølvsagt ~~xx~~ at dei var mest ihelsvelte. Det var nemlig ikkje alle som hadde tilgang til grisehuset.

- Det var so at vannverket til "aardssvakeskulen" var paa ingen maate berekna paa so mykje kundar, - vakter og bandittar. Det maatte difor daglegt berast vatn i bytter fra eit vatn i nærlieiken. Eg vart oppremndt til "sjef" for 20 av "bandittarne", som hadde som fast jobb aa bera opp dette vatnet. Me fekk utlevert kvar sine to ~~xxx~~ bøtter, pluss to vakter som fylgte oss med ~~skap~~ skarpladde maskinpistolar. Me maatte sjølv gjøva beskjed om naar vakterne skulde innfinna seg. Ved porten stod og to slike vakter, som lukka opp porten for oss naar me kom marsjerande paa militærvis.

Ein dag me stod oppstilte klar for avmarsj, kom det ikkje vakter, endaa eg sjølv var inne i vakhytta og gav beskjed om dette. Etter aa ha venta ei ca. 5 minutt, ~~xxxxxxxx~~ kommanderte eg "fremad marsj", - og gjekk sjølv føre slik eg var van, - med kurs for porten. Vakterne ved porten gjorde og slik dei var van aa gjera, - dei lukka opp porten, -- og dermed var 20 av dei som var skuld i okkupasjonen her i Norge paa frifot. Me marsjerte daa ned til vatnet slik me var van aa gjera. Me diskuterte daa om me skulde reisa heim fraa heile elendigheten, men vart tilslutt einige om at fekk sjaa ei tid til, korteis det vilde utvikla seg. Me var endaa ikkje heilt klaar over at bolsjevismen heilt hadde overteke styringa i gamlelandet. Men det kom etterkvart.

## Okkupasjons-aara.

29.

Ved vatnet var det ei avdeling engelske soldatar. "Reed Deevels" stod det aa lesa paa dei. Det var greide folk, som gav sigarettar til dei ~~xxxxxx~~ som vilde ha slikt. Og daa dei heiv av seg og ba da i vatnet gjorde me det same. Det var helst eit "brøderlegt" samvære. Etter eitpar timar tok mex vatn i bytterne og gjekk opp til leiren. Men daa hadd det vore vaktskifte ved porten, og dei som daa stod der vilde ikkje sleppa oss inn, eftersom me ikkje hadde vakter med oss. - Eg forklarte dei daa at me so absolutt gjerme vilde reisa heim, om me berre kunde faa det skriftlegt. Men det vart det vanskar med. Men det tok ei heilt tid for dei fekk inn i hovudet at so farlege personar verkeleg hadde vore paa frifot i fleire timar. Dei engelkse soldatarne hadde sjølvsagt inga aring om kva ~~siks~~ slags forferdelige personar dei hadde gjeve sigarettar til.

Ein dag kom det inn til Ekelund ein mann fraa Fana som skulde lida av ein svert smittsom og farleg sjukdom. Han fekk eirerom og hadde ~~xxxxx~~ ikkje lov aa gaa ut av rommet. Det var sett opp plakat paa døra med paaskrift "farleg smitte". Og eg vart paalagt aa bera inn mat til mannen til kvart maaltid. Mannen sat paa ein stol og ikkje sa eit ord. Eg sette maten paa bordet og gjekk min vei. Det gjekk to dagar utan av maten vart rørt. Tredje morgonen daa eg kom inn paa rommet hang han etter ei gardinsnør. Stein daud. Det vart sagt at Anna enn vanlegt medlemskap i N.S. var han ikkje skulda for. Plakaten om smittsam sjukdom var temmeleg sikkert berre ein lekk i terroren. Som til denne mannen var under krigen gardsgut hjæla Torbjørn S. Tofte her paa Halsnøy.

Truleg var det paa Espeland at det ein kveld etter at me alle var lagde, kom inn paa sovesalen, ein av vakterne som heitte Sunde. Hav gav seg til aa lesa høgt paa navna til dei som laag i koierne. Om ei lita stund ~~xxxx~~ høyrede me han segja, - "Ibsen", - "ja det var eit fint navn, - om ikkje du hadde skjemt det så ut". Den eldre manne svara at "det kjerner eg ikkje til". - Han vart so kommandert ned paa golvet for aa gjera eindel umulige gymnastikk-øvelser, som eldre og utsvelte personar umulig kunde klara. Han maatte ~~xxxx~~ derfor gaa ut for aa taka springmarsj. Han kom ikkje attende til brakka medan eg var der. Det vart fortalt at han vart teken med til ein kyrkjegard ved Laksevaag, der han vart sett til aa speia opp gamle lik. Daar dette ogsaa gjekk forseint vart han skamsleger, fekk millom Anna slege sundt kjevebeinet. Ibsen var ingeniør av fag, og hadde vore ordførar i Fana. Han vart nokreevaar seinare ~~xxxx~~ overkjørt og drepen ~~xxxx~~ "Hardangerkroken" ved Vestun. Sunde, som sikkert planla og utførte dette var tydelegt paaverka av alkohol.

- Strenge paabod, forbod og forskrifter var det rikelegt av i leiren. Me fekk ikkje hverken senda eller taka mot brev fraa noko hald.

- Besøk naturlegvis ikkje snakk om. Klæspakkar me maatte senda heim for vask ~~xxxxx~~ vart nøye kontrollerte, - baade ut og inn. Noko vask for oss sjølve var ikkje snakk om.

Nokre gonger vart det teke opp i ein lastebil ca. 20 forbrytarar og plaserte paa ~~xxxxxx~~ sidebenker, - tett i tett, og so vart det mill-om desse farlige folk, plasert ein gutonge med skarpladd maskinpistol. Dei skulde til Bergen paa div. opprydningsarbeid.

Dette var i realitetet heilt idiotisk. Desse farlige forbrytarar paa lasteplanet, kunde utar dei mindste vanskar, teke pistolen fraa gutongen og kasta han "overbord", - eller rett og slett kvælt han om det var ynskjelegt. Ikkje eingong sjaufføren vilde ha merke det.

- Men ein laut jo brukta vetet som hadde det. Paa Bolsjeviksida saag det ikkje ut til aa vera stort av det.

Her paa Ekelund vart det likevel berre eit provisorisk opphold paa nokre veker.

Paa vestseite av Nordaasvatnet hadde nemleg tyskerane havt einslags feristad for ubaatmannskap. Den hadde navnet "Knappen" og laag oppa paa ein aas der. Her vart ein 2-3 hundre av dei som var skuld i okkupasjonen plaserte. Her var ordna heilt paa tysk eller Bolsjevik-manner, med høge piggtraagger og høge vakttaar med høvelege millom-rom. To beverna vakter i ~~xxxxxxxxxx~~ kvart taarn, og skjotning og terror paa alle mulige maatar. Og mest ikkje mat. Det gjekk paa same oppskrifta som før fortalt.

- Me fekk her Paa Knappen ein sokalla leirsjef som kalla seg Kersbergen. Han hadde tilknyting til ein røyrførretning i Bergen med same navn. Han hadde vore i tsyk fangerskap til freden "braut laus". Og det var tydeleg at han av denne grunn hadde det meste av æra for den sokalla frigjeringa av Norge. Det var her mange brakker etter tyskerane, og det var ein oper saakall "appelliplass". Der vart me oppstilre rett som det var og fekk høyra om korleis han i sitt fangerskap hadde lurt ~~xxxxxx~~ dei tyske vakterne. Men ~~are~~, sa han er saa dumme at slikt lureri ikkje er snakk om. Og vidare fekk me høyra om kva som vilde henda oss, dersom me ikkje var underdanske. - Røykjing var sjølvsagt heilt forbudt. Dette gjorde jo ikkje meg roko som aldri hadde lært meg til med slikt tull. Men for dei som var avhengige av slikt var det jo til stor plage. Og det var dverre dei fleste.

Eg og sjurd Tjelflaat skjøra no at her vilde me verta bænde lenge og vel. Og la planar om korleis me skulde skaffa oss meir mat, so me ikkje skulde verta heilt øydelagde. Ein dag fekk me veta at det var ~~kome~~ lus i ei av brakkerne. Dette var ogsaa vakterne svert redde. Og dei som fekk lus vart tekne til Bergen for avlusing, paa ein dertil eigna stad overteken etter tyskerane. -- Eg skjøna snart at her var ein utvei til aa koma i forbindel~~M~~ med heimen. Eg skreiv eit brev paa kloset-papir der eg bad dei faa tak i ei stor pappeske med doble sider i. So skulde dei leggja brev til meg, i millom dei doble siderne, og der skulde dei og finna brev fraa meg naar eg sende klær heim for ~~xxxxx~~ vask. Dette kloset-brevet låg midt inn i ein klæspakke som dei skulde senda heim fraa meg. Paa begge sider av pakken skreiv eg med store kraftige bokstavar, at det var mykje lus i klæda, so dei maatte ikkje pakka han opp inne i huset men ute, og vera sers forsiktig so dei ikkje vart smitta av lusa. -

Det viste seg at dette gjekk. Dei var so redde for lusa at dei hadde ikkje opna pakken. Og om ikkje lenge kom det ei slik pappeska til meg. Der fekk eg opplysning om korleis det stod til heime. Eska gjekk seira re mange gonger att og fram, og eg vart som ein postmann for alle eg kjende. Dei skreiv brev med navn og adresse paa, og eg la dei i den doble eska. So sette kona frimerke paa dei og la dei i ~~xxxx~~ poster. Eg vart ein svert populær mann av denne grunn. Eg kann navngi mange som nytta seg av dette.

Eg hadde ein ~~xxxt~~ gamal far heime. Han tok eitpar utsletne tresko, fora dei under med kraftigt tjukke tresolar, sørlegt bak paa helen. og spikra dei godt fast med godt synlege spiker. Men paa innsida var dei heilt uthola, -- og fylte med tobakk. Eg fekk treskone utlevert og tok strakst av tresolarne, og tok vare paa tobakken. Denne bytte me bort mot brød, - med dei som bala med maten, og som altid var oppraadde for røyk. Eg og Sjurden kunde no ei tid eta oss mest mette av og til. - Men det skulde snart laga seg med meir mat. For ein dag vart eg og Sjurden, (me saag noksaa uskyldige og avskremde ut) paalagde aa flytta leirsjefen sine kontormøblar over i eit ~~xxxx~~ rom, i ei arna barakka eit stykke burte fraa der dei var.

- Dette passa oss godt, for me rekna med at det kunde laga seg med aa koma over eitkvart som me kunde byta mot brød.

- Me tok til med aa bera eit og eit møbel over i den andre brakka. Førrebils var det ingen ting aa finna. - Men so stod det att ein heller stor kommode. Der var resste skuffa laast. - Men den maatte ogsaa under kontroll. - Og det var enkelt, me berre drog heilt ut den skuffa som var ovanfor, - og fekk mest "sjokk". - skuffa var nemlig halvfull av

Okkupasjons-aara.

31.

Engelkse sigarettar,- eit hundre i lange esker. -Me vart sers ivrige, og tømde skuffa. Skunda oss aa verta ferdig med ~~fittinng~~ flyttinga av møblarne. So tok me alle sigarettarne og plaserte dei i eit gamalt skap som skulde red i eit stort lagerhus etter tyskerane. Der var det lagra 3-4 hundre treullmadrasser millom anna. Me tok opp eit holrom midt inne i dette lageret, og plaserte ca. halvparten av vakterne sitt sigarett-lager der, godt tildekka. resten plaserte me opp i mønet paa huset, ~~xxx~~ paa ei lita plattform der det tidlegare maatte ha stade ein lyskastar.

- Og so var me spente kva som vilde henda nær dei oppdaga at heile sigarett-lagerett deira var forsvunne. - Men det gjekk to tredagar utan at me høyrdé noko. Dette skjyna me ikkje. Men so ein dag var ein viss marr laus. Det vart ikkje sagt kva det stod om, men alle vart utkommanderte og oppstilte under "giv aAkt" paa den sokalla "appelplassen". So gjekk alle vakter inn paa brakka og endevende absolutt alt, fraa senger og skap til bord og stolar. Dei rekna nokk med at so stort kvantum med sigarettar skulde dei kunna oppdaga med slik framferd. Men resultatet vart lik null. Endaa det var gjøymt litt sigarettar i brakka. Det var nemlig ein snekkarverkstad i leiren. Der hadde me laant oss spiralborar, og bora hol i bordbeina fraa undersida, og plasert nokre sigarettar opp ibeiná, og so jevna over med med vanleg jord. Dette oppdaga dei ikkje. Utrulegt nokk skjøna dei heller ikkje at det var eg og Sjurden som hadde stroke av med sigarettarne deira under flyttinga, for skuffa hadde jo vore laast heile tida! -Det kom seinare rykter om at dei misstenkte at ein av vakter hadde lykkel, og selt heile lageret paa "Børsen".

- I allfall vart det slutt paa den direkte svolten for meg og Sjurden. Me bytte til oss alt det brød me hadde bruk for fraa kjøkkenpersonale. Likevel la me ikkje paa oss i vekt. Det vart nokk noksaa einsformigt. For smør var det so knapt med sjølv paa kjøkkenet, - at det kunde det ikkje skaffast nemnade av.

Millom dei innsette "krigsforbrytararne" paa Knappen var ogsaa ordførar Tvedt fraa Kvinnherad. Vakterne hadde rede paa at han var kunnig i aa slakta grisér. Han vart ein dag paalagt aa slakte to av vakterne sine griser. Dei skulde ha fest. Han forklarte daa at han i denne jobben maatte ha med seg ~~xxxxxx~~ ~~Rjukergxxxxx~~ ordføraren i Fjelberg. Me gjorde sjølvsagt dette med stor glæda, og det var ikkje berre hjaa vakterne det vart fest etter denne slaktinga. Me rekna med at desse terroristarne ikkje hadde det minste aning om kva ein kunde faa av to 70-80 kilos griser. So at det mest ikkje fanst koteletter i desse slakta, høyrdé me aldri eit ord om. Me hadde eindel vamskar med kokkinga, men det gjekk nær kokkarne fekk sin andel.

Omkring midten av august fekk kona mi med seg ei nabokona, og reiste opp til Knappen og bad om aa faa snakka med meg. Ho hadde med seg eindel heimelaga god mat, og nokre smaa billed av dei to smaa jenterne me haadde. Dette var sjølvsagt heilt burtkasta, ho vart noksaa "bryskt" avvist. Krigsforbrytarar skulde ikkje ha besøk. Men matpakken vart motteken av eit kvinnfolk med eit stort Røde-kors bind paa ~~xxxxx~~ armen. Iike-eins dei smaa billedei av jenterne vaare. Men ingen av delerne kom til meg. Alt gjekk nokk til dei griserne eg og Tvedten hadde teke koteletterne fraa. Ho med Røde-korsbindet paa armen skulde heita Berit vart det sagt. Eg kjem her i hug at stortingsrepresentant Hanna Kvammo, vart straffedømt og stempla som "Landssvikar" for at ho hadde vore Røde-Korssøter paa tysk side under krigen.

Slik verkar "smaa menn i store stillingar". Her paa Knappen, var det mange brakker som ikkje var i bruk. Og fyrste veka me kom hertil gjekk eg og Sjurden paa opdagelses -ferd i desse brakkerne. Dei var ikkje laaste. Ein fyremiddag me kom inn i ei slik tom brakke, stod det ein telefon paa eit bord. Eg tok strakst mikrofonen ~~xx~~ og heldt den opp mot øyra. Det høyrdest ut som det var liv i han, so eg ringte paa, og gav opp det nummeret som stod paa apparatet, og bad om aa faa ~~xxxxxxxxxxxxxx~~ budsendt kona mi i Toftevaag. Det gjekk heilt ordinært, dei tok mot bestillinga.

(eg)

Og sette meg spernt til aa venta. - Eg viste jo at det vart stutt vei.

- Men dverre hende den store ulukka, at det heilt tilfeldigt var ein terrorist ~~xxx~~ som hedde lagt merke til at me gjekk inn i denne brakka. Han kom og jaga oss ut der-fraa. - Seinare fortalte kona at dei hadde kome aa gjeve henne beskjeden, - men daa ho strakst møtte fram var det ikkje svar aa faa fraa dei som hadde bestilt henne. - Neste dag var apparatet dverre borte. - Dette var ei tid før kona foskete aa faa besøkja meg.

- Her paa Knappen var det ein heller stor og bra utstyrt snekker-verkstad etter tyskeraane. Det var soleis fleire gode maskinar og bra utstyr elles. Av ein for meg uskjønneleg grunn kjende dei til at eg kunne laga vindauge og dørar. So berre nokre veker før eg rekna med aa verta sendt heim, felleg ordre om aa laga nokre store vindauge som dei skulle ha i dei store vakttaarma som til no stod heilt oppe. Eg fekk med meg ein 7-8 mann på snekkerverkstaden. Var sjølv oppe i vaktarri og tok maal, og sette arbeidet i gang.

Paa snekker-verkstaden var det baade øksar og kwinar, sager og hoggejern, sylar og knapperaaler. So om alle me krigsforbrytarar bevepna oss med dette kunde me sikkert vera farlige for "frigjeringa". Det var derfor plasert ein gutonge med maskinpistol utanfor ingangen til verkstaden. Han stod der og saag helst redd ut. Han skjøna nokk godt at om me vilde, kunne me taka ~~xxxxxxxxxxxxxx~~ mordvaapnet fråa han, - heilt utan værskar.

Ein dag vart det ~~pissalig~~ plutseligt høyrt ei rad skot utanfor døra, og so var det ein som skreik. - Alle sprang til aanskulde sjaa kva soms stod på. Det synte seg daa at gutongen hadde vore uforsiktig med mordvaapnet, - og skote seg sjølv i foten, han blødde, og det var berre aa leggja han paa ei dør, og bera han opp ~~xxxxxxxx~~ til vaktstova. Ein av krigsforbrytarane bar også opp mordvaapnet.

Det var so at me alle fyrste kvelden i Bergen fekk utlevrt eit papir der det stod at me var "vatektsfengsla" i 30 dagar.

Når det var gaatt ei vekes tid over dette, sende eg skriftlegt krav til politimeisteren i Bergen om aa verta sett fri. - Dette gjorde trulegt dei fleste. Et som eg var personlegt uven med den samipolitimeistera på grunn av veispørsmål ~~xx~~ paa Halsnøy, og ubesvarte brev om eit frimerke, viste eg jo at dette ikkje ville verta noko av. Men eg vart nokso snart innkalla til forhøyr.

Det var i tredje eller fjerde etasje i eit hus. Det vart lagt ein revolvar paa bordet framfor den gutongen som foretok forhøyret.

- Det var heilt tydelegt at vedk. som eg ikkje veit varmt på, hadde mest ikkje greida paa nokonting av det han skulle snakka om. For min part slutta eg snart med aa "kasta perler for svir" som det heitte. Eg kann ikkje hugsa om det vart tre eller fire maanader forlengja varetekta. So hadde dei dette i orden. Men det er skraasikert at mesteparten av fangarne sat fengsla utan lov eller dom, som det heiter, ei heil tid etter dei fyrste 30 dagar.

Etter at eg og Sjurden hadde teke hand om heile sigarettlageret til terriristarne paa "Knappen", og ogsaa kunde taka mot brev for vidare sending, paa grunn av ~~xxxxxxxxxxxxxx~~ den doble pappeksa som gjekk at og fram ein gong til veka, vart eg ein populær mann millom fangarne i leiren. - Men ikkje millom vakterne. Ein dag eg passerte ein slik sti paa veien, hadde eg ikkje gjort skikkeleg "honnør" og eg vart stoppa med ordre om aa gaa ti gonger forbi, og kvar gong gjera "honnør!" for han. Dette var midt i leiren, og derfor mange tilskuasar. Eg gjekk daa forbi han og attende, og talde dette for ein gong, medan det eigertlig var to. Men daa me var komme til 8 vart me ueinge, han mente det var ni, - "Daa faar me begjynna paarytt" sa eg. Daa vart ~~han~~ ~~xxxxxxxx~~ han storsinnt og skaut ei salva rundt føterne paa meg, samtidigt som han kom med dei styggaste skjelsord han kjerde til. han stod so nær meg at det skulde vore min mindste kust aa teke mordvaapnet ifraa han. Men som før sagt, - ein fekk bruka vet som hadde det.

-Leirsjef Kersbergen hadde daglige sokalla "appel". Medan alle "krigsforbrytarane" stod i "givakt". Han la daa ut om kor stor mann han var, og om kor ringt det stod til med oss. Det var godt aa skjøna at "dei allierte" var heldige som hadde slike folk paa si sida, for elles hadde dei sikkert tapt krigen. Folk som bar seg slik hadde me eit velkjendt uttrykk for, i tida før okkupasjonen, - det saag slik ut, - --"Drit-sekk".

Naar me hadde vore med paa slikt "idioti", var me litt on senn vorte klar over at det var reine "bolsjevismen" som no vart praktisert. Og me srakka defor ofte om kva me skalde ta oss til, om me kom levande fraa denne kjeltringskapen. Mange vilde "emigrera", - og gjorde det. Ikkje sp radt faa med eige baatar. Soleis den vesle seilbaaten "MiCasa" som i 1947 kom fram til Argentina, - via Spania. Den var berre 30 fot lang. Redningsbaaten "Word" greidde det same og kom til Buenos Aires i 1949. - Fraktefartøyet "Ida 2" kom ogsaa til Buenos Aires i jan. 1950. Den hadde daa med seg fleire familiarer herfraa. Hauster 1948 var ogsaa "Huldra" paa same vei, men vart desverre oppbragt ved Oslofjorden. Like uheldig var ei lita skjøyte ~~xxxxxx~~ i nærleiken av Stadt, - med 7 "krigsforbrytarar" ombord.

Det var fleire og, - men den mest kjende er sjølv sagt "Solbris" som drog fraa Bergen den 3 juli 1947, og kom til La Plata i Argentina den 23 juli 1948. - Denne lange tid, paa grunn av interpering i Brasil etter krav fraa Einar Gerdhardsens "Avbrukne Geværs" regjering, som forlangde dei politiske flyktingane utlevert. Noko som vart einstemmingt avslége av den Brsilianske Högsterett, ettersom politiske flyktringar aldri vert utleverte. Ikkje eingong fraa Norge.

Kor mykje dette kravet kosta for norske skattebetalalar har vorte halde hemmelgt. Men det maatte betalaast for baade marinens vakthold og opphaldet for flyktingaren. Det var nokk ein betydelig summ.

-Hadde eg ikkje haft smaa barn heime hadde eg reist med Solbris til Argentina i 1947. - Turen med "Solbris" vart ~~xxxxxxxx~~ verdskjend paa grunn av "landsfader" gerhardsens mange misslukka "kapringsforsøk". Og boka "Eventyret om Solbris" av R.Astrup Nielsen er komen ut i svere oplag, ogsaa i utlandet.

-Personlegt hadde eg mange sers interessante opplevingar på Knappen. Det var soleis ein sokalla frontkjempar som gav meg opplæring i boksing og annan "forsvartekrakk" saman med nokre andre. Me rekna med at slikt kunde "koma vel med" i framtida, om me greidde aa koma levande fraa dette. Og det har faktisk kome vel med ved eitpar høve. Og so faar ein litt meir ~~xxxxxxxx~~ sjølvtillit - naar ein veit litt om "forsvartekrakk".

Det har elles heile tida undra meg at ingen av desse "grke-kjeltringarne" etter fleire aars opphold paa slike stader som dette, har bestemt seg for aa gjera opp med sine ~~xxxxxx~~ fiendar, paa den einaste maaten slike individar forstaar. Me har faktisk slopp baade snikmord og

34.

herverk, ~~xxxx~~ noko som er radt utrulegt, naar me no har gaa-ande lause meir en 100 tus. kriminelle krigsforbrytarar. Naturlegvis er mange av dei fyrst produkserte komon under torva, men har jo etterkomraran i baade fyrste og andre ~~gx~~ og tredje generasjon. -Dei er nokk svert lite oppglødde for "den "abrukne Geværs" regjering" som sette lands-svik -stempel paa deira fedre eller forfedre, og gav dei skulda for den okkupasjon som dei sjølve hadde fått i stand.

Naar det gjaldt dei terroristarne som dreiv dess leirarne, so hadde dei rett som det var private, sokalla festar. Eg har soleis faatt fortalt at det ein kveld var halden ein slik "spritfest" paa ~~eixx~~ av vakttaarma paa Knappen. Ein av dei som var med gjekk ned stigen og var burte ei stund for aa henta meir brennevin. Naar han daa kom klivande opp-~~aatt~~ i steigen, - hadde dei ~~var~~ der, gløymt ut at det var deira eigen mann. Dei meinte det var ein av desse forfærdelige krigsforbrytarane, som dei endeleg skulde faa ein skikkeleg og lovleg sjargse paa. So skaut dei ei kula fraa hovudet og gjennem heile mannen. Det først sjølvsagt ikkje liv etter det. Dette vart aldri kunngjort i avisene, og for min part har eg berre faatt det fortalt, so mange vil nokk dra dette i tvil. Men det vil nokkinger av oss som var medaa saag liknande ting. Eg kann om slike ting visa til Marta Steinsvik si bok "Frimodige Ytringer". Der er det ført bevis for verre ting enn dette . - Og i massevis.

-Tussekaperen i leiren gjekk elles over alle grenser. ~~xxxxxxxx~~ Øverst i leirromraadet stod det ei sogodtsom nytt fint laga murhus etter tyskerane. Det var tre etasjer, og eg tippar det vart brukt av offiserar. Det var oppdelt i mange rom og det var sentraloppvarming i heile huset. Ein dag vart eg saman med ca. 10 andre ført opp i huset for aa tak ~~xxxx~~ laust, og ned paa veien utanfor, alle sentralvarmeapparati. Ein gutonge med mskinpistol vart som vanlegt plasert utanfor ingangen.

Ettersom me ikkje fekk utlevert redskap av noko slag, vart apparat løyste fraa veggen ved at tre krigsforbrytarar tok godt tak i øverste kanten av apparatet og rykte til av all makt, slik at røyrfeste til apparatet brotna rett av. So var det laust. Derefter velte ~~me~~ apparatet kant over kant bortover golvet, - slik at ogsaa golvet vart stygt skamfare. Vidare vart samtlige apparat velta kant overkant ned alle ~~xxxxxx~~ steintrapperne, - som vart svert fint laga, - med utstikkande skiferhellar som trinn.

Naar alle apparati var nedkomne vaer baade dei fine trapperne og sikkert og alle apparati heilt øydelagde.

Huset var i udmerka stand etter overleringa fraa tyskerane, og kunde og burde vore brukta mange ting i denne husmangelend tid.

Men etter den her nemde ordninga var heile huset øydelagt, og vart sikkert redreve.

Liknande vetløysa vart praktisert i massevis ~~xxx~~, mange stader.

Eg trur det var paa Espeland eg saag ein ~~stordunge~~ med oska etter ting dei hadde brennt fraa ~~tyske~~ lager. Dungen var utruleg stor, og paa grunn av alle slags beslag ein kunde ~~xxxxxxxx~~ finna i dungen, var det lett aa skjønna her vart det brennt op saker og ting for store summar.

Dei som ordna seg paa denne maaten med verdiarne, er nokk godt tilpynta med medaljar og andre utmerkelsar. -Men aa laga verdiar for eks. aa byggja veier det er "lands-svik" og sers straffbart som eg seirare skal fortelja om.

35.

Etter ca 4 maanader opphold i ~~xx~~ fader Gerhardsens terrorist leir, er det nokk mykje meir som burde kome paa trykk. Alle som var der har sikkert si eiga soga aa fortelja, som vilvera noksa lik denne. Men for mater sitt vedk. endaa verre, ettersom eg og Sjurd Tjelflaat klarte aa ordna ikkje radt lite ~~xxxxx~~ ekstra mat, - som tidlegare fortalt. Men det var paa langt nær alle som fekk høve til slikt, og dei leid nokk mykje vondt, ettersom dei også vart kravt at dei skulde arbeida. Rett nokk vart no dette so maatelegt. Men bevepra vakter stod jo over dei og dreiv sin terror, so staa rolegt vart det lite høve til. -Det var reine helvetet for utsvalte personar.

Personlegt hadde eg fengslingskjennelse til 18 sept. 1945. Men daa det leid ei vekkestid ut i denne maanaden vart eg ein dag teken med ned til Bergen og ført inn paa eit kontor der ein Meyer "presiderte".

Han tok daa til aa læsat opp navn paa mange av bygdefolket heime og spurde for kvart navn kva for slags mann dette var, og om eg var i slekt med han. Han hadde ei noksa lang lista, og las eit navn her ~~xx~~ og der. Eg skjøna etter ei stund at det maatte vera ei lista der bygdefolket hadde eitkvart dei vilde fortelja til "Landssvik-politiet". Eg fekk aldri sjaa lista, men fekk av Meyer 10 kr. av mine eigne fraastolre pengar, og beskjed om at eg kunde reisa heim. Det var det listeskrivarane hadde kravt, skjøna eg.

Etter aa ha vore i fire maanader under livsfaarleg terror og svult, var det ein merkjeleg følelse aa kunna gaa ut paa gata og kunna gjera kva ein vilde. Eg tok meg ein tur burt paa fisketorget, for aa treffa kjentfolk. Eretter kjøpte eg meg skikkeleg mat. Og litt "snop" til to smaajenter eg hadde heime. Bermed var 10 kroningen fraa Meyer oppbruikt. Men eg kjende godt skipperen paa H.S.D. baaten som gjekk til Halsnøy, so dette vart ikkje noko problem.

Eg kom heim til Toftevaag i kveldinga, - eg trur det var den 10 sept. Sjølvsagt var eg velkommen der. Me vart jo sitjande oppé langt utover nattet. Forutan at eg fortalte korleis det hadde foregaatt der eg hadde vore, so fekk eg sjølvsagt høyra kva som hadde passert heime. Og det var ikkje mindre intressant.

-Den 7 juni 1945 hadde daa ~~vera~~ lensmann Harald Endresen kome til Halsnøy for aa halda beslag i alt det som eg rekna for min eidegom. Han hadde gaatt rundt for aa faa eirkvan med som vitne som loven kravde. Det synter seg at det var ingen som intressert i denne jobben. Abraham Hvidevoll hadde smøleis bedt han om aa forsvinna etter eigne ord. Men han gjekk daa tvært over veien til søndagskulelærar Georg Lunde. Og han var med, og har skreve sit navn ~~xxxxx~~ under paa at alt som Jøgs. G. Tofte eig er beslaglagt, - likevel kann ein gamal feringsbaat og nokre enkle møbler intividare brukast av familien. Dette er altsaa den same Georgaarda som under heile krigen transporterte sand med skjøyta si til tyske anlegg i Sunnhordland. Utanom beslaget tok dei med seg kr. 2500,- i reide pengar som kona skulde ha aa leva av medan eg var paa "forbedringshus". Hadde ikkje kona hatt 7-800 kr, "i baklomma" so aa segja, - so maatte dei vel ha ~~xxxxxxxx~~ svolte i hel, om det stod til lensmannen og søndagskulæraren. Vidare tok dei med alle papir, med eit einaste unntak, - Det var den søkeraden eg sende til politimeister Cappeler-Dahl, - om jaktløyve. Den var kommen i retur med paa skrift om at det tyske sikkerhets politi nekta meg slikt løyve. Men Direktør Lunde ved Valen sjukehus hadde løyve. -Men so fekk han og kongens fortærstemedaille, -Eg fekk ruin.

Men dette papir var den same lennsmann Endresen ikkje intressert i aarsenda til "Landssvikpoliti" i Bergen,

Men kystskipper-sertifikatet mitt, og fleire andre papir har eg seinare aldri sett noko til. Og dei 2500,- kr. han tok med seg var det oglenge for eg fekk att.

- For min part hadde eg vore til mange sokalla "forhøyr" paa Knappen og andre stader. Likevel vart lensmann Endresen nærmast ein fast jest hjaa meg i vekner framover. Og altid var det dei same spørsmåla. Han hadde originalen til eit brev ein kan hadde sendt til tyskerane, med melding om at ein ravngeven fraktebaat, gjorde seg klar for englandstur. Dette brevet maatte det vera eg som hadde skreve. Og eg sat i timevis og skreiv brevet omatt, og omatt, med alslags perrestillingar. Og eg skreiv med glæda, for alle normale folk kunde paa lang avstand sjaa at meg kunne det ikkje vera som hadde skreve dette. Daa dei etterkvart, omsider, gav opp dette, bad eg om aa faa ~~xxxxxx~~ laana brevet for aa privat, hjelpa dei med aa finna skrivaren. Men dette fekk eg avslag paa. Eg tilbaud daa Meyer over telefonen, aa skriva ein privat forespurnad, til han eg var mest sikker paa var meister for brevet. Eg vilde daa faa ein heilt fin skriftprøve i all "uskjyldighet". Men dette var han ikke intressert i. Eg gav han daa ravnret paa vedk. og bad dei sjølv ordna med ein slik prøve. Eg fekk daa ~~med~~ so aa segja reine ord for, at hadde ikkje eg skreve brevet, var det utan ~~xxxxxxxx~~ interessa..

Sidan hørde eg ikkje meir om dette. - Men mangt og mykje anna.

Reine eventyr. Lærar O.M. Enes i Tofte kritis hadde soleis gjeve skriftleg meding til Endresen, om at eg i dei ca. 2 aar eg gjeikk for Hordaland veivesen med baaten min, hadde ein 3-4 meter lang plakat staaande frå styrehuset og like til mastera. Paa denne stod skreve ei mengd reklame for N.S. styret i Norge. Og før dette maatte eg ha motteke store pengesummar. For det var eigentlig pengar det fyrst og fremst stod om, skjønra eg etterkvart.

Men daa det synter seg at ingen av dei ca. 100 mann som hadde fylgt baaten min daglegt i lange tider, - hadde sett snurten av ein slik plakat, so vart det omsider slutt også med dette. Det var elles eit heller langt brev frå samme Enes. Men dei andre løgnerne fekk eg aldri hverken sjaa eller høyra noko om.

- Men so hadde eg selt salta sild til forsyningsemada i Odda, og tennt syrjelegt mykje pengar. Dei hadde eg med aa leggja paa bordet. Eg hadde og tent skremlekt med pengar paa alle vis, og dei maatte alle "paa bordet". Det var ein heil "sverm" med reine eventyr, som eg ikkje eingong hugsar i dag.

Men serlegt dette med sild heldt han paa med, gong etter gong. ~~Det~~  
Eg vart daa so arg tilslutt, - at ein dag sa eg med han at eg hjelpa deg me dette silde-eventyret ditt. Og so gav eg han navn paa fire stk. av dei beste i bygda, som hadde salta eit heller stort parti vintersild, som dei i allfall delvis hadde selt til den tyske forleggjingga paa Stord. Eitpar av dei hadde enda til sterk tilknyting til dei sokalla "gudelige" paa Halsnøy.

- So vart også dette slutt paa. - Men Endresen gav seg ikkje, han skulde og maatte skaffa fram noko som kunde setjast paa tiltalen mot meg. For den hadde eg nemlig faatt med meg frå Meyer i Bergen, daa eg vart heimsend.

--- Og der stod berre eit einaste punkt, -- At eg hadde vore medlem av N.S. frå hausten 1941, - og til 18 sept 1943. - Daa eg altsaa hadde meldt meg kraftigt ut, sjølv om eg eigentlig aldri hadde vore medlem, - etter vanlige krav.~~eg~~

- So Endresen kom att og kom att, uavladelig. Ein laurdag han kom var eg heime aaleine. Han kom inn som om han eigde heile huset. Sette seg brysk tilrettes, og tok omstendeligt fram den noksaa tjukke eventyr-bonka si. Tok ~~do~~ til med dei same velkjende spørsmåala.

37

Eg svara daa at no faar det ~~minn~~ med dette tullet, Du kann berre  
lesa gjennem den eventyrboka du har lagt paa bordet, der er rikelegt  
med svar paa alle ting.

-Han vart daa storsintt, reiste seg opp sa med kommanderande røyst  
" jeg forlanger at du bruker parlamentariske uttrykk når du  
snakker med ein offentlig terestemann! "

-Men ettersom eg hadde vore storsintt i mange maanader, so forklarte  
eg han at etter det eg hadde erfart fraa slike satans terestemenn  
so var respektet langt, langt under null. - So gjekk eg burt og  
sette døra paa viå vegg, tok eventyrboka hans og stoppa henne  
ned i veska hans, og spurde om han vilde koma seg ut sjølv, eller  
om han trøng hjelp. Han gjekk langsomt ut. Seinare kom han aldri  
meir til meg. - Det vart elles til at han sjølvdauda altfor tidlegt,  
etter vanleg rekning.

-Paa denne tid kom det og opp ei anna sak eg hadde mykje moro av.  
Det var so eitpar dagar etter at "Freder braut laus", fekk eg melding  
om at eitpar namnjene ungdommar skulde maala hakekorsar hjaa meg.

-Ved leggjetid sette eg med derfor i vedaskuret mitt for aa venta  
paa malarane. Eg sat baade lenge og vel, til omkring kl. to, - ~~xxxxx~~  
utan at nokon vistet seg. Eg var daa so trøyt og svært at eg gjekk  
tilsengs, i den tru at malarane hadde gjort det same. --- Men det  
hadde dei likevel ikkje gjort. For om morgonen hadde eg fått to  
heller smaa korsar. Ein paanei tolvtoms ruta i kjøkkenet, og ei  
liknande paa kjellardøra. Men dette var noksaa uskjyldig, so eg  
tok berre ei tvistfulla med litt parafin paa, og turka det vakk paa  
nokre minutt.

- Men neste morgen viste det seg at det hos Johs. Silseth, som var  
vorten svært upopulær i heile bygda grunna hans standpunkt til  
veien Toftevaag - Landa, hjaa han var det om natta kome 10 - 12  
svære hakekorsar. Nokre var millom ein og ~~xxxxxx~~ meter og  
var plaserte høgt oppe i mønet paa løda hans, so alle som gjekk  
paa veien var nøydde til aa sjaa desse. - Som rime legt var vart han  
storsintt for dette, og gjekk til politia-meldelse.

-Strakst etter at eg hadde "gjort det forbi" med lensmann Endresen,  
kom lensmannsbetjent Berge til meg, for-talte om anmeldelsen,  
og spurde om eg kunde tørkja meg kven som hadde laga korsar hjaa  
Silseth. - Det kunde eg nokk ikkje, - men ~~xxxxx~~ navni paa dei to  
som eg viste hadde maala hjaa meg, det gav eg hann. ---

-Og so heide akkurat det som eg rekna med, Berge gjekk til desse  
og misstenkte ded for malarstykke hjaa Silseth.

- Bei hadde nokk store værskar med aa fri seg fraa dette arbeidet.  
Men for min part hadde eg mykje moro av dette. For eg var heilt  
klaar over at det ikkje kunde vera deisom hedde maala hjaa Silseth,  
paa grunn av at serkeg den eine, var paa hans sida ved spatakkelet  
om veien - Toftevaag - Landa.

-Den same Silseth var heller ikkje tenkt aa gjeva seg med dette  
spatakkelet sjølv om veien var kome laft forbi hans eigedom. Han tok  
til med aa skriva i "Sunnhordland" om kor aldeles gale eg hadde bore  
meg aat med alle ting. Eg maatte jo svara paa slike angrep. Og  
radaktør Halvdan Hystad som dverre er død, var ein sers redelig mann  
so eg fekk trykt alle tilsvar, aldeles ordrette. Dette vart ein  
langdryg "føljetong" gjekk i fleire maanader, og Sunnhordland fekk  
etter eige utsagn ikkje so radt ~~faa~~ nye abonnenter, paa grunn av  
dette. Og baade Hordaland veivesen og andre vart drepte inn i  
dette heller store "spatakkelet". Til slutt enda det med at Hystad  
skreiv fylgjande i "Sunnhordland", - "Me vil no avslutta dette  
ordskiftet, -- men ikkje utan aa gjeva vaar gode ven Johs. Silseth,  
ein smekke over firgrane for skrivemaaten hans."

-Etter dette skreiv Silseth aldri meir i avisene, - det eg veit.  
Neko han gjorde av og til før dette heide.

## Okkupasjons-aara.

38.

fra -

Noko av det fyrste eg maatte gjera etter at eg kom heim / landsfader Gerhardssers konsentrasjonsleir, ~~xxxx~~ var aa kontakta Skaanevik privatbank, der eg fekk eit rikelegt stort laan, so eg kunde faa gjera nye-baaten som eg hadde under byggjing ferdig. Denne var jo beslaglagt av Endresen. Men han hadde jo ikkje vett paa baatar, so eg fekk beslaget oppheva, ved aa betala inn til "Ruineringsdirektoratet" 15 tus. kr. Dette var omrent tiendeparten av det han var verdt. (det offiselle navnet var Erstatningsdirektoratet)

- Eg maatte og ha meg ein brukbar skrivemaskin. Dette var total mangelvara, Men ettersom eg kjerde Jørgen S. Fjær, fekk eg av han kjøpa ein brukte "Woodstock" for kr. 930,- (førkrigskroner) Dette var ein ~~aldeles ukristedag~~ ~~Bloodpris~~, men eg maatte ha han.

- Men Silseth gav seg altsaa ikkje. Ettersom han var godven med baade politimeister Cappelen-Dahl, og sorenskrivar Haukaas paa stord, og som begge var mine personlige fiendar, so vart det ikkje ofte vågaa lenge for det vart tillyst rettsmøte paa ~~xxxx~~, der eg skulde dømast for all den ulovlegheta eg hadde gjort meg skuldig i, ved gjenremføringa av Veien - Toftevaag - Landa.

- Cappelen-Dahl kom med ekstra -baat like frå Bergen og la til kai ved Toftevaag. Han skulde daa sitt eit slag for fedrelandet. Johs.G. skulde i allfall kraftig flaa-ast. - Men so viste det at det ~~paa~~ kaien i Toftevaag var ein heller dryg forsamling ~~xxxx~~ av folk. Og dei fylgte den store Cappelen heile veien opp til skulen der retten skulde vera. - Og det som verre var, dei vilde mest "eta han". Hadde han havt folk med seg vilde nokk alle vorte arrestert. - Men "retten" vart no tilslutt "sett", som det heiter, og politimeisteren tok til aa leggja ut om alt det ulovlege eg hadde gjort i høve dette vei-arbeidet. - Nlis Henriksen Sjo var ein av domsmennene. - Men når Cappelen endeleg vart ferdig med anklagen var det min tur. Eg førde daa fram 8 marr som ~~xxxx~~ la eid paa at alt det som politimeister Cappelen - Dahl hadde halde fram, det var rett og slett løgn. - Eg vil streka under alt. Den same Cappelen vart tydelegt overraska og sjokkert over dette. Åa stempla 8 tilaarskomme ~~men~~ som mein -eidrarar, det vaaga han tydeligvis ikkje. Silseth og søndagskulelæraren og dei andre hadde nokk fortælt han usanningar i flengd, og eg tvilar ikkje paa at han iderre stunda angra paa heile ~~tusen~~ til Toftevaag. - Men han tok seg daa saman og forklarte at 250 kr. i mulkt "det skal du ~~xx~~ i allfall ha".

- Og det har eg betalt, heilt utan aa ha gjort det mindste ulovlegt. Det vil i dag etter L.O. sin inflasjonspolitikk tilsvara paalag 10 tus. kr. - Eg har tidlegare fortalt at i dag bur mange av dei gjenstridige grunneigarane sine born ved denne same veien.

- Men spetakkelet om veier Toftevaag - Landa var ikkje slutt med dette. Det var no halde val paa nytt ~~xxxx~~ heradstyre. Eg til ordførar var vald sokneprest Sverre Mørseth. Han var inflyttar, og av denne grunn var avindsykja mot han mindre, enn mot anten Johs. Fjelland eller lærar Lars Gjærde, - som dei burde ha valgt.

Men denne kombinerte ordførar og "Gudsmann" han maatte jo halda seg ~~xx~~ til det sokalla "gudsord", - "at du skal gjera mot nesten det du vil han skal gjera mot deg". Han forklarte ðerfor i heradstyret at eg som ordførar hadde gjort eit større underslag i forbindelse med "Masiveien" Toftevaag - Landa.

- Eg sende han daa eit heller langt brev, som han maatte lese opp i heradstyret, - sjølvsgåt mykje mot sin vilje. Brevet konkluderte med at om ikkje dette vart dementert var eg nøydd å gaa til anmeldelse. Idare oplyste eg han om at dersom han var

intressert i aa leita opp folk som hadde gjort underslag, kunde han berre venna seg til den mann som hadde gjort tenesta som klokkar ved alle dei sokalla "Gudstenerster" han sjølv hadde halde i Eid kyrkja paa Håøy. Denne hadde nemlig i aarevis betalt ~~tilk~~ atende til kommunen maaradvise åvdrag paa det underslag han hadde gjort som soknekasserar før krigen.

-Dette var jo sjølvsagt eit "sjokk" for den kombinerte ordførar og "Gudsmann". -- Han sende derfor eit brev til meg, der eg vart rost "opp i skjyerme" som det heiter. Og det var stempla og underskrive av sokneprest Aarseth som ordførar i Fjelberg. - Det var gull verdt for meg akkurat daa.

-Eg heldt nemlig akkurat daa paa med aa starta opp med den trevarefabrikken eg dreiv i 9-10 aar fraa 1945."Toftevaag Treindustri".

-Eg hadde faatt løyve paa komplett maskineri til denne industri fraa Sjekoslovakia,- og hadde betalt maskinarne kontant.

-Men akkurat når denne brevvekslinga gjekk for seg, med den kombinerte ordførar og "Gudsmann" fekk eg beskjed om, at for aa faa importløyve eller "lisens" som det heitte, maatte eg serda inn noko dei kalla "attest for nasjonalholdning". - Dette kravet fekk eg akkurat dagen før eg fekk "skrytebrevet" fraa Aarseth.

-Eg sende Aarseth sitt brev omgaa-ande til dei som kravde attest for den "nasjonale holdningen". Og maskinarne til trevarefabrikken kom til Toftevaag etter ca. 3 veker. Korleis dette kunde la seg gjea var det ingen som skjøna. Og dei smaa menn i store stillinger murra, og meinte det fråmleides maatte vera "assistar" i toppstillingar her i landet. Og sokneprest Aarseth er desverre kome under torva,- so han vil aldri faa vita at det var han som heilt ~~ikkje~~ uskuldig og uvitande, gjorde meg denne mest ubetalelige tenesta. - Maskinarne var gode dei og er i fullt bruk til denne dag. So ved dette høvet var det full dekning for det gamle ord om at "aldrig so gale er godt for eitkvart".

For min part arbeidde eg for fullt for aa faa i drift min nye fabrikk. Men sjølvsagt fylgda eg godt med i avisene, der det var mykje skriving om det sokalla "ladssvikoppgjøret". Ein del frontkjemparar skulde endaa skjytast. Og ein gutonge fraa Rogaland hadde landsfader Gerhardsen alt nekta beraadning, so han var alt avliva. Haaland var næret paa den som fyrst strauk med, paa grunn av den gode gamle norske blodhevnen.

For min part sende eg rett som det var brev til landssvikpolitiet i Bergen, med krav om at den titale som var reist mot meg maatte koma opp til håndsaming, slik at det kunde verta ei avgjerd.

Men det gjekk urimelegt seirt. Eg skjøna at dei var heilt opprødde for aa finna sopass mange tiltalepunkt at dei i allfall kunde faa meg dømt til sopassa lang straff som dei hadde halde meg i sokalla varatekt.

-Det nyvalde heradstyret hadde etter krav fraa "Bolsjevikresjimet" oppnevnt min personlege fiende direktør Konrad Lunde som formann i ei sokalla "granskereim". Han vart heilt rasande paa meg etter at eg avslørte hans usanne skrifter i høve oreigning av "Kleivaplassen". Men heradstyret sjølv gjorde vedtak om at dei hadde ingen økonomiske krav mot underteikna. -Men etter dette bestemte Lunde at eg i allfall skulle betala tilbake litt over 5. tus. kr. eg hadde faat som ordførar løn. - Og det vart teke "tilfølge".

-Men der tiltale beslutning eg fekk ned meg fraa Meyer, daa eg vart heimsend fraa terroristleiren, der var nokk fraa deira synspunkt svert lite tilfredsstilande. -- Den saag slik ut (fotostat)

*H.O.**Fabrikat*  
(Gjenpart til tiltalte.)**Erklæring om offentlig tiltale.**Politimesteren i Hordaland gjør vitterlig:Johannes Gjertsen Tofte, født den 12/11 - 1910  
(fullt navn)bopel: Toftevåg i Fjellberg

er under tiltale for overtredelse av

strl. pgr. 86, jfr. prov. anordn. av 15/12 - 1944 pgr. 3, jfr. pgr. 2.

**Grunnlaget for tiltalen er:**

at han har vært medlem av N.S. Fra 1/9 - 1941 til 3/3 - 1943.

Hordalandpolitimesterembete, den 7. september 1945.*Johannes Gjertsen*  
p.f.m.**Merknad:**

Denne erkleringen er utferdiget i henhold til § 10 i provisorisk anordning om rettergang i landsavviksaker av 16. februar 1945, jfr. provisorisk anordning av 4. mai 1945 om tiltak for å hindre at landsavvikere avgir stemme ved offentlige valg. Den medfører suspensjon av statsborgerlig stemmerett. Videre medfører den suspensjonen av kommunal stemmerett, jfr. lov om kommunestyrlag av 10. juli 1925 § 1, annet ledd.

Suspensjonen varer inntil erkleringen blir opphevet eller forfølgingen innstilt, eller inntil endelig forelegg eller dom, eller inntil det er avgjort ved det endelige forelegg eller den endelige dom at vedkommende ikke vil tape sin stemmerett.

\* Tiltaket om tiltale er foreløpig.

- No hadde altsaa ein "stab" med sokalla "landssvik"-politi vore i virksomhet i 4c maanader, med mangfoldige "avhøyr" av baude meg og mange andre. Og etter fleire falske anmeldelsar, millom andre fraa underslagaren lærar O.M. Ånes, ~~Hans~~ fraktebaat-eigar Henry eide og lærar Jon Solheim, so hadde ogsaa lensmann Endresen gjort sitt beste. - Likevel hadde dei ikkje klara aa skaffa fram eit eiraste punkt dei kunde brukta paa "tiltalen".

- Eg kann skjøna dei alle var storlegt skuffa.

- Som ein ser gaar tiltalen ut paa medlemskap i "S. fraa 1 sept. 1941 til 3 mars 1943. - Andre tiltalepunkter klara dei aldrig aa skaffa tilveies, - paa grunn av dei ikkje fannst.

Tidspunktet dei paa-staar eg var medlem er altsaa paalag 1,5 aar. Naturlegvis er det radt uraad for meg aa skjøna at medlemskap i eit heilt ut lovlegt parti, kann verta strafbart fordi om ei rømplinge-regjering sit i London, og i dølgsmaal, laga lover med tilbakeverkande kraft, stikk i strid med den norske grunnlov, og som heller aldri vart kunngjort, slik at ein kunde etterleva denne om ein vilde.

- Men like uraad er det aa skjøna at ein mann ~~kommer til å ha vært medlem~~ som aldri har betalt kontingent, aldri delteke paa noko politisk møte, og aldri løyt pengar til slike formaal, kann ha vore ~~medlem~~ noko gagnlegt medlem av partiet.

Eg skjøna det var stor skuffelse i politileiren over at dei ikkje kunde finna at eg hadde løyvt pengar til nokoslags partiverksemde.

Enkelte var nokk og storleg skuffa over at minn "Toftevaag Treindustri" tykktest gaa strykande, - med 5-6 mann i arbeid, og flust med oppdrag.

Men eg vilde framfor alt ha saka mot meg avgjort, og purra meir og meir. Omsider maatte dei gjera noko med dette, og saka vart endeleg "beramma" til den 18 nov. 1946. - Paa Leirvik. (1946)

- Som forsvarar vart opnevndt overrets-sakførar ~~Fr.~~ Fr. Johannessen. Ein snild og gammal utlevd mann, som nokk gjorde sitt beste.

- For min part brydde eg meg ikkje so mykje om kven eg fekk til forsvarar. Eg hadde nemlig sjølv sett meg godt ~~inn~~ inn i dei nye lover med tilbake-verkande kraft, rømplinge-regjeringa, utgaatt av det sjølvalde stortingset fraa 1939, hadde laga seg. Eg hadde vidare faatt tak i eit eks. av den sokalla "lands-svik-anordningen" med undertittel, "prov.anordn. av 15 des. 1944 med tillegg. Og med kommentar av Erik Solem.

Og dette var i særhets utrulegt skremmeleg lesnad. Her vart innført heilt optil dødsstraff med tilbakeverkande kraft, for gjerningar som var straffrie daa dei vart gjorde.

~~At~~ At grunnlovens paragraf 97 sette absolut forbod mot slikt, var til liten bekyring for lovmakerane. - Dei berre paastod at deiras tilbakeverkande ~~lova~~ "forordningar" var ein nedsetjing av fortent straff. Og det maatte dei ha lov til. So frekkhetens naadegaver kjener altsaa ingen grenser hjaa slike skapningar. At norsk lov av 1 april 1876 ogsaa set som eit absolutt krav, at alle lover skal "behørigt" kunngjera, millom anna i "norsk kungjørelsese-tiderende" før dei vart gjeldande. Det hoppar dei enkelt over ved aa fortelja at dette var uraad, under dei ~~bestemmelser~~ gjeldande tilhøve. Og sjølvsagt var det uraad, - ogsaa ~~ekstra~~ slike etterfylgja lovar som ein ikkje viste eksisterte, paa grunn av at dei aldri var kunngjorde.

- Etter dette kann ein godt skjøna at Erik Solem maatte heilt attende til Christian den femtes darske og norske lovboker for aa finna grunnlag for sin kommentar til sin "Landssvikanaordning". Der kann ein lesa paa side 17,-

## Okkupasjons-åra.

42.

"Den skyldige skal have forbrudt ~~are~~, liv og gods," (Salighet ute late) den høye Haand af hanrem levendes avhugges, kroplen parteris og Læggis paa Stægle og Hiul, og hovedet med Haanden sættis paa en Stage".

Dette er altsaa verkelegt trykt i Erik Solem sin kommentar til rømlege-regjeringa sir "landsvik-anordning", - som grunnlag for denne. - --naar den same Solem skreiv denne kommentaren hadde han også sikkert framfor seg retringslinjene Christian den 5 lovboek, der er millom mykje anna også bestemt kor mange gonger den skyldige skal "knibes med glødende tener" paa veien fram til "Rettørstedet", der altsaa den endelige avlivirga skal utførads som ovanfor nevnt.

Det er vel ikkje stor tvil om at "Den avbrukne geværs regjering", saman med Erik Solem og likesinna har synt seg som værdige arvtakarar av den ovanfor refererte lov, og elles blodhevnordninga fraa dei gamle norske heidningarne.

- Eg hadde altsaa sett meg godt inn i tilhøva, og var fullt klaar over kva eg so noko lunde kunde venta meg. - For Sunnhordlands Heradsrett hadde som formann Sorenskrivar Haukaas, (og kora hans var sekretær i retten) ~~xxxxxxxxxxxxxx~~ min fiende som i mi ordførartid, etter krav fraa meg, hadde vorte avslørt med rasjonerte varer som han hadde motteke fraa Johs. Silseth, nær han var hjaa denne som rettsformann ved det no helst berykta skjørnet over veigrunn i Toftevaag. Og den endelige "paastanden" var inspirert av politimeister Cappelen-Dahl, som eg hadde skaffa meg som fiende, - , først ved korrespondansen om eit frimerket som eg har fortalt om tidlegare, og seinare ved rettssaka om veien Toftevaag - Landa, og under okkupasjonen daa eg nekta fylgja stoppeordre fræ politimeisten, slik at arbeidarane kunde gaa overarbeid paa eit tyskvarmelegg ved Hauhesund. - Og kva formannen i "granskemenda" ~~xKxx~~ min fiende Konrad Lunde hadde ha skreve i sin "avhandling" har eg aldri fått høyrt. - So noko optimisme ang. resultatet fraa desse folk, - det hadde eg ikkje. - Men eg var likevel ikkje so veldig "nedstemdt". For det hadde synt seg at dei hadde ikkje klart aa gjera meg "helselaus" med den tortur og terror dei hadde gjeve meg del i. Og min nye fabrikk gjekk bra. Og eg var endaa berre 36 aar, og var slett ikkje tenkt aa lax vaar "landsfader" Gerhardssens sokalla "Demokrati", taka krekken pa meg. - Og no hadde dei faktisk gjort i allfall ein tabbe. Dei hadde oppnemt min personlege ven advokat Auestad fraa Etne som aktors representant i "retten". - At eg og han var godverer var det fyrehils ingen som viste av dei som var "impliserte".

- Men áiverre var det lite eller rettare sagt ingenting han kunde gje, For den endelige paastand var ferdigskreven fraa Bergen, sikkert etter diktat fraa Cappelen-Dahl.

Forutar paastand om ca. 1,5 aars medlemskap i N.S. fram til mars 1943 "dahan meldte sig ut" var det sett fram paastand om indragning av alt det eg hadde tent under arbeidet paa Aakrafjordveien. Alt eg hadde tent med "Toftøy" paa alle områader under heile krigen. Samt etter krav fraa Lunde personlegt ordførarlén med ca. 5000 kr. og ein mindre sum kommunen hadde betalt for sekretær i dei 3 aara eg var ~~xx~~ ordførar. Tilsammen vart dette ca. 32500,- førkrigskronen.

- Etter at rettsformann Haukaas hadde fått svar paa dei ~~xx~~ var lege formelle spørsmåla og nokre til som han sikkert ikkje lika svara paa, vart ordet gjeve til aktor, advokat Auestad fraa Etne.

- Med han var eg svært godt paa følgelengde, paa grunn av at ~~ha~~ hadde ~~xx~~ Auestad som kommunen sin advokat under krigen, og daa serlegt nær det gjaldt veigrunn. - Men han kunde jo berre lesa opp det som kom til han fraa Cappelen-Dahl. - Vidare les han opp den utmelding eg hadde sendt i mars 1943. Den saag slik ut, -

John G. Tofte, Tøftevåg.

Til Nasjonal Samling.

Det har etter kvart gått meir og meir opp for meg at eg ikkje eit demokratiske innstilling for å vera medlem av N.S. Partiet har etter kvart kome med krav og plikter som eg ikkje kann oppfylla eller takke på meg. Sjølv om eg er einig i partiets program, så har det etter kvart kome til ting som eg ikkje er einig med - so som forfyljingi av jedarne og oppfordringi til direkte krigsdeltaking.

Eg er i mot håndgripelag metodar - og tykkjer partiet er altfor krigersk og gjer altfor store inngrep i den personlege frihet - so vist påleggjet om hirdplikt - og meirare kjen det nokk ogso auman plikt. Eg er kommet etter at politikk er noko som kann føra folk delsamt i ulakke. Eg er klar over at det er ein feil at eg er kommet i partiet - og velder meg difor med dette ut av partiet, medlemsk bok i sylgjer vedlagt. Eg reknar meg fram i dag som ikkje tilhøyrande partiet, dette er visjonkallelag. Eg vil heretter også mykje det berre er råd halde meg borte frå all politikk - som eg no har erfaring fordi det skaffer min mann alle slags plager.

Eg skal også gjera mørksum på at eg er noko ekspektisk mot N.S. jordpolitikk. Eg meiner at alle som vil må få seg ein liten jordflekk som dei kann kalla for eigin. Det dei kann byggja deg ein heil men dette har til dessar vore uråd - og trur ikkje N.S. ver alvor noko på dette - men let storbønderne sine imotressor gi føro alle dei heim og jordlause - slik vi eg aldeles ikkje vera med på.

Tøftevåg den 11 ~~sept~~  
<sup>mars</sup> 1943.

John G. Tofte

Han las den langsomt og med trykk paa dei rette staderne, utifraa mitt synspunkt. -Det vart litt stilt i den sokalla "Rettens" etterpaa. -Og personleg er eg heilt overtydd om at ingen av dei som var tilstades hadde vaaga aa sett sitt namn under det papiret i mars 1943.

Forsvararen Fr. Johannessen fekk sja segja det han kunde. -Han gjorde nokk sitt beste, og la ned paestand om full frifirrelse.

-Men so kom altsaa turen til meg sjølv. -Og eg hadde forebuddt meg i lang tid. Av grunnar som før nemdt venta eg meg berre det som vondt og gale var, men var likevel bestemt paa, ~~at~~ at dei skulde maatta høyra mest mulgt av det som eigentlig var so aa segja "tabu" paa den tid/. -Eg viste at dei var noksaa nøydde til aa lata meg segja det eg vidde. Eg brukte trulegt paalag 1,5 time, - og eg kunde sjaa at serlegt Haukas vart meir og meir irritert. Og kona hans som skreiv, som tidlegare hadde skreve flittigt, skreiv mest ikkje ned noko av det eg heldt fram, so det er nokk ikkje aa finna i restprotekollen om nokon i framtida skulde vilja sjaa litt i den.

-Der vart nokk skreve det som paste Haukas og Cappelen-Dhl.

-Men forutan litt om mine erfaringar fraa "landsfader" Gerhardsens # "Demokrati", - maatte dei høyra om den norske kapitalusjonen av 10 juni 1940. Og at konge og regjering etter det rømde til England, slik at heile Norge dermed var okkupert.

-So fekk dei høyra om at Norge for lengst hadde "tiltraatt" den sokalla "Genferkonvensjonen", som utrykkelig slo fast at nær eit landområde var okkupert skulde ein lyda okkupanten, og dei lover han kungjorde.

Eg la ogsaa ut om at rømlinge -regjeringa var utgaat fraa eit storting som i 1939 hadde valgt seg sjølv for eit aar, som dei so hadde brukt til aa sabotera heile det norske forsvaret, endaa til med ein forsvarminister, ~~Messan~~ Monsen, riddar av "Det brukreGevær." Og vidare Nygaardsvold, Koth og likesinna som nekta mobilisering endaa til etter at dei hadde berga opp tyske soldatar utanfor Kristiansand, og desse fortalte at dei skulde til Norge. Og mykje meir.

-So kunde eg sjølvsagt ikkje vera straffskuldig etter ein lov laga i landflyktighet, stikk istrid med grunnlovens paragraf 97 som forbyr lover med tilbakeverkande kraft. Og vidare istrid med lov av 1 april 1876, om kungjiring av alle lover før dei "trer i kraft".

Og ettersom medlemskap i SX N.S. var heilt lovligt før okkupasjonen kann det umulig vera straffbart, etter norsk lov, når slikt aldri har vore kurrgjort i Landet, slik at folk kunde etterleva eit slikt paabod.

-Eg paastod at heile "landssvikanordningene" grunnlovstridig og ulovleg og burde opphevast snarast, akkurat som "Nygaardsvold sin" "sokalla "bigamilov", som dei laga seg i sin landflyktighet, so dei kunde finna seg nye koner, medan andre kriga før dei.

Eg la noksaa mykje ut om dei overfor nemde ting, og det var tydelagt at "rettens" like lite aa maatta høyra paa alt det eg fortalte. Likevel heldt eg fram, refererte soleis professor Jon Skjeie som skreiv at "Vihar aldri i vær historie hatt en saadan rettsløshet".

Eg refererte ogsaa ein artikkel av Mr. Høyesteretts-advokat ~~Holthe~~ Holthe av 6 august 1940 i "Dagsposten" i Trondheim. dei ha skriv at krigen i Norge "oppførte" den 9 juni 1940.

Okkupasjonshistoria.

45.

Holthe var rekna for å vera av dei mest "fremtredende" norske advokater før krigen.

- Eg refererte og eit sokalla "hyrdebetrev" frå Biskop Berggrav, ~~døde~~ i 1940, der han nær det gjaldt N.S. skreiv at kvar og ein folk sjølv avgjera om dei vilde mælda seg inn i partiet.

Vidare viste eg dei eit stort billede av den same biskop, paa framsida av "Samfundsliv" for 7 mars 1946, der biskopen stod på ein stor tysk lastebil, og vart kjørt rundt i Nordmarka i aprildagane 1940, og med ropet oppmoda alle, serlegt ungdomarne som laag der, at dei berre mætte kasta væpna og slutta av heile kriginga, daa det heilt ryttelaust.

- Eg spurde retten kor mykje tilleggsstraff det hadde vorte, om slike fotografie kunde visast av meg? (har avisat endaa) So minnte eg dei kraftigt paa, at Stortinget ved ei prøverøysting syntte eit godt fleirtal for å avsetja både konge og regjering.

Og nær høgste-rett hardsama Nygaardsvolds tilbakeverkande forordningar, var det fire av høgsteretts-domarane som ikkje skjøna at medlemskap i N.S. var straffbart, og dei stemde imot.

- Altsaa er det slik at det som fire av vaare mest rettslærde ikkje forstod, - det skulde me andre baade skjøna og halda oss til.

- Eg bemerka til dette at dersom det hadde vore berre to til av høgsteretts-domarane som hadde vore av same mening som dei fire, so hadde rømplinge-regjeringa sine tilbake-verkande forordningar, ikkje vorte gjeldande lov i Norge, og me hadde vorte sparte for 92000,-lands-svikarar.

Eg minnte dei også paa at me under okkupasjonen hadde det sokalla "Tysk-Norsk Handelskammer, - med over 850 medlemmer. Men medlemslista kunde ingen finna etter at "freden braut laus!"

Eg var også inne paa ein heil del andre mindre viktige ting enn dei ovanfor nemde.

Men midt under min forsvarstale, hende noko som truleg aldri har hørdt i norsk retts-historie.

Aktor, - advokat Auestad fra Etne mætte heim før dager var omme. Han mætte derfor koma med ein baat som gjekk, - før eg var ferdig med det eg hadde aa fortelja. Han reiste seg difor opp og kom burt til meg og tok meg i handi, - takka for i dag, og ymkste meg lukka til. - Og han gjorde det baade høgt og tydelegt.

Ettersom også eg tok ein liten pause, - var det heilt "døds-stilt" i retten". - Og domar Haukaas og kona vart begge noksaa raude rundt øyro.

- Eg forklarte og at det var svært vondt for normale folk å skjøna at det var straffbar "lands-svik" å vera heime og byggja veier i gamle Fjelberg, medan titusenvis ~~av~~ av sokalla "gode" nordmenn bygde flyplasser og kannon-fundament for tyskerane i aarevis. (me hadde ca. 200 tus. tyskerarbeidarar.)

Eg refererte også fleire opprop frå vaare ~~tre~~ politiske parti og vaare leidrarar elles, frå sumaren 1940, - der alle opmoda om samarbeid og lojalitet mot dem som hadde makta.

Heilt tilslutt refererte eg ein utalelse frå fire svenske ~~tre~~ rettslærde av 31 jan. 1946 som lyder slik, - --" at det er en av de grunnleggende prinsipper i den vesterlandsske retts-oppfatning at ingen skal kunne straffes for handlingar som ikke

46.

var straffbare paa det tidspunkt de var begaatt, og ingen skal kunne dømmes til strengere straff enn den som var fastsatt i de lover som var gjeldende paa det tidspunkt handlingen var begaatt".

Eg minste og om at først i april 1940 fekk den norske regjering melding fraa sin sendemann i Berlin om at ein større tysk flåte var paa vei mot Norge. At dei norske minene ved Oslofjorden hadde vore oppotekne til "ettersyn" like sidan september 1939. Forsvarsminister Ljungberg forlangte minene utlagt, og full mobilisering etter hendingane ved Kristiansand. Men Nygaardsvoll og dei andre nekta, og han fekk ordre om at minene ikkje skulde leggjast ut.

Endeleg las eg opp ein artikkkel som bladet "Arbeidet" skreiv i juli 1940, - altsaa medan Russland aa tyskland enno var "godvenner", - der stod millom anna - "det skal dog nagle fast at det er kapitalistklasser, stortingset og regjeringen og de fire store partier, der førte en politikk som drev landet inn i stormakts-krigen. De hyklet nøytralitet, men spilte under dekke med en av parterne i krigene og lot dem faa større og større tak, inntil de gikk i aapen krigsallianse med den."

-Det skulde ikkje undra meg om det ved seinare granskning vil koma for ein dag at det var dette som var sanninga.

Det er og vitterligt at paa forespørse fraa norges industriforbund svara regjningsadvokat Kristen Johansen i ein skrivelse av 27 mai 1940, ---- "at det er uomtvistegatt innen de besatte områader ~~gjennom~~ ~~gaar~~ okkupasjons-myndighetenes bestemmelser foran den ordinære regjningsbestemmelser".

--Og seinare i same brev, --" Herav følger at den heller ikke senere kan gjøre ansvar gjeldende mot norske borgere, fordi disse ikke rettet seg etter denne (regjeringens) forholds-ordre, naar disse var i strid med okkupasjons-myndighetenes bestemmelser".

I ein ny skrivelse av 14 juni 1940, skriver han millom anna, --- "Vidre følgjer av Haagerkonvensjonens art. 43 og 45"at okkupasjonsmakten har all den administrative myndighet som normalt tilkommer landets regjering.

-Konsekvensen er at enhver norsk borgar eller selskap -- er lovmessig berettiget til aa slutte kontrakter med okkupasjonsmyndighetene om ethvert arbeid og enhver prestasjon innen rikets omraade."

Regjningsadvokat Kristen Johansen var ein av landets mest ansedde juristar.

Endeleg forklarte eg "retten" at eg hadde felles eiga med kona, som i allfall aldri kunde skuldast for aa ha vore V.S.-medlem, so ho var i allfall eigar av halvparten av den eiga som var beslaglagt, og taksert til 35 tus. førkrigskroner.

Og ettersom ~~ha~~ ikkje eingong tiltalen kunde skulda meg for V.S.-medlemskap i meir enn i 1,5 aar, fram til mars 1943, so kunde eg ikkje ha vore medlem i det meste av den tida eg var i jobb hjaa Hordaland veivesen i Aakrafjorden, og daa sjølv sagt ikkje etter mars ~~1943~~ 1943 "da han meldte sig ut", som dei måtte skriva.

-So eg hadde eigentlig ikkje vore medlem i den tida ~~1943~~ baaten min verkeleg tente pengar, - hverken i norsk eller tysk fart.

Vidare heldt eg fram at det eg hadde foreteke meg under okkupasjonen paa ingen maate hadde skadd norske interesser, men saa absolutt tværtimot.

- Og heilt tilslutt refererte eg fråa side 11 i biskop Bergravs "bispedommen" o-ver "N.S." - som han vaaga aa kalla "folkedommen over N.S." der ein kann lesa "ved ikke aa melde sig ut, har de selv erkjendt at de staar last og brast med all den skjerdsel som deres "knippe" har veltet over dem selv og over dem alle".

- Men no hadde eg vitterligt meldt meg ut, og teke sterkt avstand fråa forskjelligt, som eg tvilar paa om sjølvaste Bergrav hadde vilja skrive under paa den tid.

Men vidare peika eg og paa som vidare staar paa side 11 i "bispedommen" slik, -- "grunnskjylden var den partimessige avtale om blindt myrdeli av uskjeldige i sammersvergelsens interesse".

- Eg trur dette er den grovaste løgna eg nokongong har lese (og lese har eg gjort mykje) og har sjølvsagt ingenting med N.S. program aa gjera.

Men det er ein udmerka karateristikk av det som Rømplinge-regjeringa med støtte av "Bergrav og Co". og hans andre "prelatar" gjennemførte mot N.S. medlemmerne etter okkupasjonen.

- Eg er roksaa sikker paa at om ~~xxxkxxxxxxxxxx~~ det hadde vore ein rett etter førkrigsmodell, ville eg vore blankt frikjend og tilkjerdt stor erstatning for tortur og terror.

Men med mine direkte fiendar Cappelen-Dahl og Sorenskrivar Haukaas som sjefar, og direktør Lunde som formann i "grarskenemda", kunde resultatet berre verta at dei fylgde paastarden om ca. 32500,- i "erstatning" som det heitte. - Dette var førkrigskroner, daa lønna var toppen kr. 1 pr. time, og vil etter lønna i dag vore 50-60 gonger meir. Altsaa ein stad millom 1,5 og 2 millionar kr.

- Ettersom det var uraad ~~faa~~ ny sakhandsaming i normal rett, vart domen etter ei tid retts-kraftig som det heiter. Og ettersom eg altid har vilja vore skuldfri, reiste eg til Bergen til "Rieneringsdirektoratet" og betalte dei det dei vilde ha kontant, og fekk kvittering som eg hørte vare paa.

- Om ein reknar at mindst 1 million av dei sokalla "gode nordmenn" ~~xxxxxx~~ som for eks. Haukaas og Cappelen-Dahl, hadde betalt til staten ein liknande sum i førkrigskroner, ville dette vorte den koselege summ av 30,- treddeve milliardar førkrigskroner, som ein altsaa i dag ma a gånga med mindst 50.

So det var altsaa noko til "lands-svikar".

- Forseint gjekk det opp for meg at eg paa ingen maate skulde ha betalt, -- for eg vart likevel aldri skuldfri. - Ein blir nemlig aldri skuldfri med ein viss mann.

Bter dei "krigsminner" som her er fortalt, burde eg vel ha grunn for, og lov tilaa leggja til ein litem sluttcommentar. Og vil eg daa segja at eg held biskop Bergrav og hans haandgangne "prelatar" for aa ha ein stor part av skulda for det sokalla norske "retts-oppgjør" som prof. jur. Jon Skjefte og mil.org.sjef major Langeland sette dette stempelet paa, - "saa stor retsløshet har aldri tidligere forekommet i vaar historie".

Og det kann ikkje vera tvil om at dei nemde "prelatar" med Bergrav i spissen her har levt opp til det gamle ord om at "for Dykkar skuld vrt Guds namn spotta millom heidningar", istaden for aa halda seg til ordet om aa gjera mot nesten det du vil han skal gjera mot deg.

Okkupasjons-aara.

48.

Dei har med andre ord gjort akkurat det stikkmosatte av det dei vart betalte for. - Fortan Bærgravs "Folkedommer over U.S." har og saa Prof. teologi, Hallesby også i 1945 gjeve ut eit lite hefte kalla "daa kongen kom". Begge desse skrifter "osar" av inspirasjon frå dei gamle vikingars "blodhevn-aksjorar". Eller frå Holbergs metode "Thi kjendes for rett", - aa "retta bakar for smed".

Og personlegt haapar eg innde riktig at det "helvete" som Hallesby og Bærgrav har skapt i sitt bilde, hørkeleg er aa finna, for isofall vil begge dei nemde "herrar" no vera veletablerte på nemde stad, --i allefall for nokre hundradaar, so dei kann faa tenkja seg om.

Som avslutning paa denne "sorgens karusell" har eg endaa eitpar hendingar som eg vil taka ned.

Det er velkjendt at etter "fredsutbrotet" vart tilhøve millom aust og vest snart svert kritisk. Og vestmakterne maate til med den sokalla luftbrui for aa faa mat og anna fram til sin part av Berlin.

Eg det vart stor frykt for at det kunde koma til open krig. Makthavarane i vaart land fekk difor "Kaldeføter", - for dei hadde nemlig fraadømt titusenvis av norges mest nasjonalsinna vernepliktige stemmerett, og retten til aa delta i "rikets krigsmakt" som det heiter. Millom desse var ogsaa understeikna.

Men no kurde det verta bruk for folk til aa forsvara makthavarane med vaapen. Og ved ein lov av 9 mai 1950, vart det vedteke at dei dømde skulde faa att "Retten" til delta i "rikets krigsmakt".

Eg fekk strakst tilsendt eit sokalla krigsterestekort som skulde returnerast omgaa-ande etter utfylling.

Etter aa ha returnert eit slikt kort to gorger med opplysning om at eg hadde betalt over 30 tus. førkrigs-kroner for aa sleppa aa "delta i Dares neste krig", fekk jeg høytidelige brev frå politiet med ordnering om at eg hadde fått denne retteb attende, og so strengt palegg om aa fylla ut og returnera krigsterestekortet om-gaa-ande. Dette brevet var datert den 6 april 1951.

Alt dagen etter sende eg svarbrev til Hordaland Infateriregiment nr. 9. Det lydde slik som her vedlagte fotostat syner.

Seirare har eg aldri hørt meir frå dette hald.

So den vedlagte fotostat faar vera mittsiste ord om dette svirerjet. Men vil eg likevel leggja til at fokets "rettsfølelse" som det vart vist so mykje til i 1945, den har paa ingen maate godteke den handsaming ~~XXXXXXXXXXXXXX~~ som vart meg og andre tildel i det sokalla "rettsoppgjøret". Soleis vart eg etter dette "oppgjøret" valt til skulestyreformann i gamle fjelberg, og vart den siste av desse, før me vart samanslegne med Kvinnherad, der eg vart med i baade heradstyre og formannskap, og skulstyre og mykje anna.

~~Xxxxxx~~ Vart også formann i Hordaland Fiskarlag i 10 aar, og hadde endaa velkomsttalen for Krutsjov daa han i 1964 vitja Bergen.

-Ja, hadde endaattil ein personleg samtale med han på ~~Fiskarlaget~~ Fløyen, Bergen. Noko som Bergens Arbeiderblad lika lite, for dei skreiv at fiskaralgsformann Tofte snakka so lenge med Krutsjov at ingen andre der fekk snakka med han.

Johs.G.Tofte, Toftevæg.

*Johs. G. Tofte*

49

Toftevåg

## Toftevåg Treindustri

Inneh.: Johs. G. Tofte

Spesialitet:

Dører - Vinduer og Beslagvarer

Toftevåg, den 7 april 1951.  
Telefon 9 b.

Til Hordaland Infanteriregiment nr. 9.

Bergenhus."Ang. Beres brev av 6 april om utfylling av krigstenestekort.

Et er at jeg returnerte det tilsendte krigstenestekort har jeg fått tilsendt den av politiet nevnte melding om at jeg har fått tilbake "retten til å delta i rikets krigsmakt.

I sin almindelighet er følgende å bemerke til dette, - ettersom det utrykkelig er brukt uttrykket "faatt" så må dette da vere en gave som den norske ~~xxxsstat~~ "rettsstat" i sin gavmildhet deler ut. - En gave kann mann i-midlertid nekte å motta - og jeg meddeler herved at jeg ikke mottar denne gave - Jeg har altid villet vere skjyldfri med alle - og jeg vil derfor sone min "skjyld" heilt ut.

Ang. den juridiske siden av saken saa er å bemerke at loven av 28 juli 1949 nr. 25,- det er kort og godt en lov om benådning av et stort antal dømte nordmenn. Det har til dags dato vært gjeldende lov og praksis i Norge at man har sin frie vilje om man vil motta en benådning eller ikke. - Jeg meddeler herved at jeg ikke vil motta noen benådning. Det tilsendte krigstenestekort blir derfor ikke utfylt av mig uten etter øgning etter avgjørelse av en domstol. - Før slik dom er falt tar jeg heller ikke mot ordre fra noen militærmakt.

"vis regimentet ønsker noen mer utførlig begrunnelse for dette standpunkt- såa kann jeg opplyse at jeg ikke har noe i mot at landets militærmaskt blir så sterkt som mulig - noe som jeg nemlig mener er like nødvendigt nu som det var i aarene før krigen da landets makthavere planmessig ødela vaart forsvar - og endog gikk så langt at det som landets forsvarsminister antok en mann ved navn Torp som tidligere var dømt til 5 maneders fengsel for militært opvigleri. - Grunnen til mitt standpunkt er derimot det at jeg er helt klar over at det i følge livets lov vil komme en nemesis til det norske folk - paa grunn av at det i 1945 lot sig forlede av onde og uvetige ledere - til å begå det som etterhvert er blitt beryktet som "rettsoepgjøret" i norge - og som ikke finner sin make i verden. Bygget paa grunlovsstridige og tilbakevirkende anordninger, - og gjennemført av fanatikere med politiske og egoistiske planer. - Jeg er selv således aldeles uten grunn arrestert, terrorisert, og torturert, og holdt ulovlig i varetak - blev tilslutt dømt til saa lang tids fengsel som jeg hadde sittet i varetak - samt blev jeg fradømt retten til å delta i neste krig - samt stemmerett, og saa blev jeg ruinert. - Jeg føler mig forvisset om at jeg besidder adsjillig mer fedrelandskjærlighet enn de menn som gav mig denne behandling og jeg mener også at ha gjort mått land større tjenester en ~~xxxs~~ mange av disse - men være med å forsvare disse menn med vaapen i hand det vil jeg ikke. Jeg holder nemlig en stor del av dem for å vere kjeltringer (for eks. Bergrav) som nemesis bare kann behandle etter fortjeneste. Russene var en fin nasjon blev det fortalt mig i 1945 av "landsvikpolitiet". Jeg holder mig til det intil jeg får full opreisning.

Erbødigst Johs. G. Tofte

Toftestak

og skrakkambers finst det litt mindre som siste sundag

Sunnhordland 3 juli 1964

## Johs. G. Tofte fortalte Krustsjov om norsk fiske

### Akvariet i Bergen fekk russisk stor

Bergen, NTB: Hovudposten største arten kan vega 1400 kg. på statsminister Krustsjov sitt når han blir vaksen, og det gjer program i Bergen onsdag føre- at me må utvide akvariet så middag var vitjingi av Havfor- Rollefse. Krustsjov fylgte så skingsinstituttet og omvising i interessert med i omvisingi.

Akvariet på Nordnes.

Her helsa Krustsjov på direktør Rollefse, fiskeridirektør Sunnanå og medarbeiderane deira. Etter at han først, med stor interesse såg på at selane utanfor vart mata med fisk, fekk han høyra ei utgreiing av formannen i Hordaland Fiskarlag, Johannes G. Tofte, om dei norske fiskarane sine organisasjons- og arbeidstilhøve. Tofte slutta med ynskje om at eit godt mellomfolkeleg samarbeid måtte gjera sitt til å verna om grunnlaget for dei mange som hentar si næring frå havet.

For skuld tidsnaud sløyfa direktør Rollefse si orientering før omvisingi, men takka for ei gave som nett var komi frå den sovjetiske staten. 2 stor, den eine åtte og den andre fire år gammal. Eg har høyrt at den

L. Godlens og våre døhovede gode stid, å er fullvurder

Prinsen vart flasken Arsaki vin og priskri

## 433 eigedomar selde i Si ste halvåret 1964 – for

Første halvåret 1964 vart det i Sunnhordland selt 433 eigedomar med skyldmark 133,26 til ein samla verdi av kr. 5.179.200. Dei tilsvarende tali for første halvåret i fjor var 459 eigedomar med skyldmark 94,66 til ein verdi av 4.129.500 kroner. Omsetnaden ligg såleis over 1 mill. høgare i år, og over 1,5 mill. høgare enn i 1962.

Eigedomar  
det ym  
land  
frå 196  
I reki  
mark  
Kvinni  
Fjelber

Ølen  
Etne  
Skånev  
Sveio

## Nye elevar ved Skåne- vik komm. realskule

Dessse elevane er følgje